



Plan for vern av kulturminner i Aurland kommune

Del 1

Materielle kulturminner



Forside
Layout: H.Alvheim
Trykk: Sogne-Prent
Foto: H.Alvheim

Forord

Etter tilråding frå kultursjefen i Aurland vedtok kulturstyret i 1988 at det skulle lagast ein plan for kulturminnevern og lokalhistoriearbeid i Aurland kommune. Ønsket var å få ein plan som omfatta alle sider av kulturminnevernet i kommunen, og som trakk opp retningslinjer for vidare arbeid. Tidsramma for planen som nå ligg føre har avgrensa planen til i hovudsak å omfatte materielle kulturminne. Hovudvekta er lagt på faste kulturminne. Denne prioriteringa vart gjort fordi ein vurderte dette arbeidet til å haste mest.

Planen er delt i tre bolkar. Kap. 1-3 omhandlar kulturminnevern generelt og formelle verkemiddel i vernearbeidet. I kap. 4-5 har ein prøvd å gje ein karakteristikk av kulturminnearven i Aurland og eit oversyn over kva som er gjort av vernearbeid. Kap. 6-8 omfattar sjølve planforslaget, med ei oppsummering og forslag til handlingsprogram i kap. 9.

Kulturminneplanen er handsama av kulturstyret, som tek sikte på at han går inn som ein del av kommuneplanen. Ved sidan av å vere ein plan for kulturminnevernet, er eit av hovudmåla at den skal vere med å danne grunnlag for arealplanlegging og handsaming av byggje- og rivingssaker i kommunen.

I tillegg har ein prøvd å gje planen ei form som kan gjere den tilgjengeleg for alle som er interessert i Aurland si historie, med vekt på bygningshistoria.

Planen må ikkje bli oppfatta slik at dei kulturminna som ikkje er med her ikkje er verneverdige. For det første vil ei vurdering av kulturminne aldri kunne bli objektiv, og for det andre manglar ein grunnlagsmateriale for ein del av kulturminna. Verken fornminneregistreringane eller registreringane av nyare kulturminne er fullført, og dei siste dekkjer heller ikkje alle typar kulturminne. Kulturminneplanen bør derfor bli rullert med jamne mellomrom.

Arbeidet med planen er blitt utført i løpet av ein periode på sju månader. Det har vore nedsett ei styringsgruppe for planarbeidet ved Universitetet i Bergen som har godkjent planen som nå ligg føre. Styringsgruppa har vore samansett av førsteamanuensis Svein Indrelid ved Historisk Museum, førsteantikvar Hans Emil Lidén ved Distriktsantikvaren for Vestlandet og professor Per Jonas Nordhagen ved Kunsthistorisk Institutt.

I Aurland har det vore nedsett ei referansegruppe med Magne Bjørnstad, Torfinn Breines, Steve Elgåen, Torill Lien Nilsen, Anders J. Ohnstad, Nora Osland Roti og Torbjørn Skaim som medlemmer.

Sjølve arbeidet med planen er blitt utført av underteikna.

Bergen, mai 1990.

Mona Nielsen

Innhald

1. Vern av kulturminne	9
Kva er eit kulturminne?	9
Kvifor skal vi verne kulturminna?	9
Bruk av kulturminne	11
Siktemålet med kulturminneplanen	11
2. Formelle føresetnader og verkemiddel i vernearbeidet	13
Juridiske verkemiddel	13
Plan- og bygningslova	13
Lov om kulturminner	14
Lov om naturvern	16
Økonomiske verkemiddel	16
Statlege låne- og tilskotsordningar	17
Fylkeskommunale tilskotsordningar	18
Kommunale tilskotsordningar	18
Administrative og politiske verkemiddel	19
Det statlege plan	19
Fylkeskommunalt plan	20
Kommunalt plan	22
3. Uløyste oppgåver og forslag til tiltak	24
Informasjon og haldningsskapande arbeid	24
Juridiske verkemiddel	26
Økonomiske verkemiddel	26
Administrative verkemiddel	26
4. Karakteristiske trekk ved kulturminnearven i Aurland	28
Frå forhistorisk tid og mellomalderen	28
Frå reformasjonen og fram til i dag	33
Byggjeskikk	39
5. Kulturminnevernet i Aurland. Eit statusoversyn	49
6. Grunnlagsmateriale for planen	54
7. Kriterium for bevaring og klassifisering av objekt	55
8. Kulturminne i Aurland. Forslag til verneplan	58
Faste fornminne	58
Faste kulturminne frå nyare tid	76
Kulturlandskapet	76
Større miljø	79
Mindre miljø som gards- og stølsanlegg	92
Enkeltbygningar	106
Anlegg/tekniske kulturminne	112
Registrering og dokumentasjon	118
Lause fornminne	121

Lause kulturminne frå nyare tid	122
Museum og samlingar	123
Minnesmerke	125
Andre kulturminne	125
9. Forslag til handlingsprogram	127
Appendix	131
Definisjonar	131
Litteraturliste	132
Oversikt over utførte registreringar	135
Andre kjelder	137
Lover, praktiske brosjyrar og aktuelle kontaktorgan	137
Periodeinndeling i forhistorisk tid	140
Stilhistorisk forklaring	141
Kartbilag	142
Indeks	148

1. Vern av kulturminne

Kva er eit kulturminne?

Vernetanken har lange tradisjonar. Den vart vekt under erkjenninga av kulturminna sin identitetsskapande verdi og behovet for nasjonale symbol i samband med nasjonalismen og statsdanninga rundt 1814. I 1844 vart vernearbeidet institusjonalisert gjennom Foreningen for norske fortidsminnemerkeres bevaring.

Synet på kva som er eit kulturminne har endra seg opp gjennom tidene. Verneinteressene var lenge konsentrert om minne frå vikingtida, stavkyrkjer og andre minne frå mellomalderen. Etter kvart er merksemda blitt retta mot stadig fleire spor etter menneskeleg aktivitet frå eldre tider. Eit resultat av dette er at omgrepet kulturminne nå i prinsippet omfattar alle materielle spor etter menneskeleg verksemd. Omgrepet kulturminne inneber dermed ikkje ein vurdering av kvalitet. Ein så omfattande definisjon fører til at ordet kulturminne ikkje tyder det same som at noko er verneverdig. Dette skal vi komme attende til i kapittel 7.

Det er naudsynt å avklare fleire omgrep som blir nytta i samband med kulturminne. Vi skil m.a. mellom faste og lause kulturminne. Dei siste er lett flyttbare og blir til vanleg omtala som gjenstandar. Også fartøy høyrer til denne kategorien. Til faste kulturminne høyrer gravhaugar, hus, vegar, bruer, steingardar o.l.

Eit anna viktig skilje er fornminne og kulturminne frå nyare tid. Med fornminne meiner vi kulturminne frå oldtid og mellomalder. Det vil seie kulturminne frå før reformasjonen i 1537. Desse er freda etter Lov om kulturminne. Med kulturminne frå nyare tid meiner vi spor etter menneskeleg verksemd frå reformasjonen og fram til vår tid. Av kulturminne frå nyare tid er alle kyrkjer eldre enn 90 år, samiske kulturminne eldre enn 100 år og skipsfunn automatisk freda. Alle faste kulturminne kan likevel bli freda ved særskilt vedtak. På Riksantikvaren si fredingsliste er det i dag ført opp om lag 2 000 bygningar.

I våre dagar har merksemda også blitt fokusert på heilskapen, d.v.s. samspelet mellom ulike kulturminne og landskapet. Dette har ført til aukande interesse for vern av heile miljø og område - kulturlandskapet. Ein viser her til kapittel 8.

Kvifor skal vi verne kulturminna?

Kulturminna, både dei eldre og dei yngre, har verdier som dekkjer ulike behov hjå ulike menneske. Kulturminna har m.a. ein viktig kunnskapsberande funksjon og viser fortida på ein konkret og synleg måte. Forhistoriske kulturminne kan kaste lys over ukjende delar av historia vår, og eldre byggjeskikk fortel mykje om handverkstradisjonar, ressursutnytting og løysingar på estetiske og teknologiske problem i eldre tider.

Eit aspekt som blir stadig meir påakta er at kulturminna gir menneska kjensle av identitet, tilhøyrse og kontinuitet i lokalsamfunnet. Dette er verdier som blir meir og meir verdsette under den raske tekniske og økonomiske utviklinga i vår tid, ikkje minst fordi utviklinga ofte fører til store endringar i det fysiske miljøet.



Aurlandsvagen om lag 1915. Etter reguleringsplanen frå 1958 skulle det meste av dei gamle husa rivast. Foto: O.A.Svanøe. Historisk Museum, Bergen.

Det er vanskeleg å måle desse verdiane ved kulturminna. Dermed er det også vanskeleg å argumentere for dei. Det er likevel semje om at eldre miljø og enkeltminne er trivsel- og miljøskapande element på dei stadene ein har klart å bevare dei.

Kulturminna er med på å gi ein stad eigenart. Dette gjeld både på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Dette er særskilt viktig i ei tid der samfunnsutviklinga er prega av auka einsretting og utjamning mellom regionar. Ein kommune som tar vare på eit mangfald av ulike kulturminne vil dermed ta vare på ein stadig viktigare ressurs, nemleg sin eigenart.

Det er viktig å hugse på at kulturminna er ein avgrensa ressurs som ikkje kan fornyast. Verken samtid eller framtid kan erstatte eit tapt kulturminne.

Ei god formidling av historia må ha som mål å gi eit balansert og representativt bilete av fortida. Den må vise både det typiske og det særskilde. I kulturminnevernet kan ein oppnå dette ved at kulturminna samla gir eit realistisk bilete av dei sosiale, kulturelle og historiske variasjonane i eit samfunn. Ved å ta vare på objekt som er typiske for sin funksjon, type, tid og stil vil ein kunne sikre det representative. For å sikre det særskilde er det like viktig å ta vare på så vel fabrikkar som fjøs, og like viktig å ta vare på jugend- og sveitserhus som empirebygningar.

Bruk av kulturminne

Vern av kulturminne reiser ein del problem som det ikkje alltid er like lett å finne løysingar på. Bruk av bygningar er kanskje det dømte ein treffer oftast på. Som med andre kulturminne kan ein til vanleg si at bruk av bygningar ofte er den beste føresetnaden for vern. Problemet er at mange verneverdige hus står tomme og unytta. Fleire av bustadhusa kan utan tvil bli sette i stand og tatt i bruk ved t.d. utleige. Dette gjeld også stølshus, naust o.l.

Røynslar viser at det som regel er meir rimeleg å sette i stand eit gammalt bustadhus enn å byggje nytt. Naust og stølsbygningar er også fleire stader blitt sette i stand og nytta til utleigeformål.

Til driftsbygningar, utlør o.l. knyter det seg større problem. Slike hus har ofte høg grad av autentisitet og gir i stor grad uttrykk for lokal byggjeskikk. I tillegg har dei ofte stor miljøskapande verdi. Men her er det vanskeleg å finne fram til alternative bruksformer.

Dei som arbeider innan kulturminnevernet opplever ofte motstridande interesser mellom vern og økonomisk nytte. Ein må kontinuerleg vurdere bevaring og vern mot nybygg og riving. T.d. kan ein gard med eldre og umoderne våningshus og driftsbygningar vere tungdriven og lite økonomisk. Men dersom eigaren set opp ein ny og dominerande driftsbygning kan heile karakteren til gardstunet bli endra.

Innan kulturminnevernet er det ofte snakk om kompromiss mellom ulike omsyn. Den beste føresetnaden for vern er at lokale styresmakter og lokalbefolkninga i fellesskap ser dette som eit felles mål. Svært mange er interessert i å ta vare på eldre ting i lokalmiljøet og på garden, men ofte stiller mangel på informasjon om lover, økonomiske stønader og tilskott, fagleg rettleiing o.l., og avstand til regionale og sentrale styresmakter hindringar i vegen. Ein måte å bøte på dette er å styrke kulturadministrasjonen i kommunane. Dermed kan kommunane drive eit meir aktivt informasjons- og rettleiingsarbeid, og skape kommunikasjon mellom den enkelte eigar og styresmaktene. Dette skal vi gå nærare inn på i kapittel 3.

Siktemålet med kulturminneplanen

Behovet for eit aktivt kulturminnevern aukar i takt med utviklinga i samfunnet. Moderne teknologi og utviklingsmønster har ført til raskare og større endringar i arealutnytting og bruk av eksisterande bygningsmassar enn tidlegare. Nye tiltak har ofte ein storleik og karakter som kan gi kulturarven vår uopprettelege skader. Til nå har kulturvernet ofte vore handsama i etterhand i samband med byggjesaker og fysisk planlegging. Når spørsmål om vern av kulturminne kjem inn på eit seint tidspunkt i planarbeidet, representerer dei ofte ei negativ avgrensing. Dette er eit lite tilfredsstillande utgangspunkt for framtida.

Kulturminnevernet er etter Plan- og bygningslova likeverdige i planarbeidet på linje med t.d. jordvern, kommunalteknikk o.a. Kulturvernet er ikkje lenger berre eit spørsmål om å frede eller flytte arkitektoniske perler, men må med i saks-

handsaminga på linje med andre omsyn. Dersom planarbeidet parallelt med andre tiltak klargjer kva for kulturminne ein bør ta vare på, kan det i staden bli eit positivt grunnlag å byggje vidare på.

Det er med andre ord viktig at kulturvernet blir ein integrert og positiv del av planlegginga. Det er naudsynt med ei haldningsendring slik at kulturminna blir vurderte som positive ressursar og ikkje som hindringar.

Siktemålet med kulturminneplanen er å gi kommunen eit grunnlagsmateriale i arbeidet med å integrere kulturminnevernet i den kommunale planlegginga. Planen skal m.a. gi eit oversyn over og vurdering av verneobjekt, og gi signal om kvar verneinteressene ligg når det blir utarbeidd areal- og reguleringsplanar, og ved handsaming av byggje- og rivingssaker. Samstundes skal den fremme konkrete tiltak og høvelege verkemiddel. Planen er ikkje meint å vere noko direktiv, men eit hjelpemiddel i plan- og vernearbeidet.

2. Formelle føresetnader og verkemiddel i vernearbeidet

Juridiske verkemiddel

Det juridiske grunnlaget for kulturminnevernet er delt mellom fleire ulike lover. Dei viktigaste lovene er:

- Plan og bygningslova av 20. juni 1986.
- Lov om kulturminner av 9. juni 1978.
- Lov om naturvern av 19. juni 1970.
- Lov om kirker og kirkegarde av 3. august 1897.
- Vegloven av 21. juni 1963 nr. 23.
- Jordloven av 18. mars 1955 nr. 2.
- Oreigningslova av 23. oktober 1959.

Av desse bør Plan- og bygningslova, Lov om kulturminner og Lov om naturvern nemnast spesielt.

Plan- og bygningslova

Plan og bygningslova gir heimel og retningslinjer for den generelle oversiktsplanlegginga på region-, fylkes- og kommunenivå. Lova gir også heimel for fysisk detaljplanlegging og handsaming av byggjesaker. Kommunane er pålagde å ha eit bygningsråd med plikt til å utarbeide reguleringsplanar for alle areal i kommunen. Desse oppgåvene vil blant fleire sektorar også gjelde kulturminnevernet.

I høve til Bygningslova frå 1965 har Plan- og bygningslova frå 1986 ført til ein del endringar som har konsekvensar for kulturminnevernet. Kommuneplanen er tillagt større vekt enn den tidlegare generalplanen ved at arealdelen har direkte rettsverknader. Dette inneber at det ikkje skal setjast i gang tiltak som er til hinder for gjennomføringa av planen. For å unngå at planen blir uaktuell skal planlegginga vere rullerande. Kommunestyret skal handsame planen minst ein gong kvar valperiode. Dermed kan det også gjerast endringar i planen ut frå omsyn til vern av kulturminne.

Etter Lov om kulturminner, Lov om naturvern eller etter § 25.6 i Plan- og bygningslova kan område få status som verneverdige. Arealdelen av kommuneplanen skal gi oversyn over slike område. Dette bandlegg området på kort sikt, men vedtaket opphøyrer dersom fredinga eller bevaringsplanen ikkje er vedteken innan 4 år.

§ 25.6 i Plan- og bygningslova gir kommunane høve til regulering av spesialområde for bevaring dersom dei inneheld bygningar og anlegg som "på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi søkes bevart". Dette kan omfatte alt frå større tettbygde område eller kulturlandskap og ned til ein enkelt bygning. Bygningane i eit bevaringsområde kan ikkje rivast. Det skal dessutan

bli utarbeidd nærare føresegner om vedlikehald og eventuelle nybygg som går lenger enn vanleg når det gjeld krav til materialar, fargar og tilpassing.

§ 25.6 er det viktigaste verkemidlet for å gi større grupper av kulturminne eit formelt vern. Den gir omsynet til vern reell påverknad på utforminga av omgjevnadene våre. Slike føresegner gi bygningsråda ein god reiskap til vern av anlegg og vegetasjon, og til tilpassing av eventuelt nye bygningar innan spesialområdet. Det har vore auka bruk av denne heimelen dei seinare åra.

Bygningslova gir også føresegner om byggjesakshandsaming. M.a. er bygningsrådet etter § 92.3.2 pålagt å sikre at "historiske, arkitektoniske eller annan kulturell verdi som knytter seg til en bygning ytre så vidt mulig blir bevart." Denne føresegna er det særleg aktuelt å bruke på bygningar som ikkje er freda eller regulert til spesialområde.

§ 74.2 er ein lite brukt paragraf som i større grad kunne vore nytta i samband med vern. Denne gir bygningsrådet i oppgåve å sikre at eit byggjetiltak "tilfredsstiller rimelige skjønnetshensyn både i seg selv og i forhold til omgivelsene." Kommunal- og arbeidsdepartementet har i eit rundskriv frå 15. januar 1989 prøvd å stimulere til betre bruk av føresegnene.

Etter § 81 skal oppføring av nye driftsbygningar i landbruket og endring av eksisterande driftsbygningar meldast til bygningsrådet.

§ 93 omhandlar riving av eksisterande bygningar, som krev byggjemelding. Riving kan likevel berre bli hindra ved at bygningsrådet legg ned førebels byggje- og delingsforbod ved å regulere bygningen til spesialområde for bevaring.

Samla gir føresegnene i Plan- og bygningslova eit sett av verkemiddel i vernearbeidet. Med unntak av føresegnene som pålegg eigaren å melde alle nye bygningar, tilbygg og påbygg til bygningsrådet, er dei fleste føresegnene i lova passive ved at kommunen må vise vilje og evne til å bruke dei om dei ha nokon verknad i vernearbeidet. Såleis er lova meir ein reiskap for kommunen enn Lov om kulturminner, som verkar i kraft av forbod og restriksjonar.

Lov om kulturminner

Lov om kulturminner har som formål å verne og ta vare på kulturminne og er ei av dei viktigaste lovene i kulturminnevernet. Den inneheld føresegner om vern av faste og lause fornminne frå oldtid og mellomalder, samiske fornminne som er eldre enn 100 år og kulturminne frå nyare tid.

Lova inneber at alle fornminne frå før 1537 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk er freda. Det er forbod mot å sette i verk tiltak som kan skade freda kulturminne. Ved planlegging av større tiltak har det ansvarlege forvaltningsorganet plikt til å undersøkje eller melde frå til ansvarlege antikvariske styresmakter for å få undersøkt om tiltaket vil påverke fornminnet. I utgangspunktet skal utbyggjaren dekkje kostnadene ved slike undersøkingar. I tillegg til eit kapittel om lause fornminne og skipsfunn inneheld lova også eit kapittel om kulturminne frå nyare tid. Etter dette er det mogleg å førebels eller permanent frede byggverk eller anlegg med særskild eller kulturhistorisk



Vangen kyrkje.

Foto: O. Espevoll. Historisk Museum, Bergen.

verdi. Departementet kan også frede eit område rundt slike fornminne og kulturminne. Eigarar av freda bygningar kan ikkje rive, flytte eller byggje på desse utan godkjenning av rette styresmakter. Antikvariske styresmakter kan la freda anlegg bli reparerte eller haldne ved like på eigaren si rekning dersom kulturminnet forfell.

§§ 22 og 25 definerer ansvaret som kviler på styresmaktene lokalt. Under handsaming av tiltak som kjem inn under Lov om kulturminner har statlege, fylkeskommunale eller kommunale organ plikt til å varsle antikvariske styresmakter om dette. Ved utarbeiding av oversikts- eller reguleringsplanar skal planleggingsorganet "i nødvendig utstrekning søke samarbeid med antikvariske myndigheter."

Til gjengjeld skal vedtak etter Lov om kulturminner vere tufta på stadfesta oversiktsplanar, og ikkje vere i strid med stadfesta reguleringsplanar som er vedtekne sidan lova vart sett i kraft. Dette krev at kommunen tidleg i arealplanlegginga vurderer dei bevaringsinteressene som ligg innan dei enkelte

planområda, slik at ein unngår konflikhtar etter denne paragrafen. Fredingsvedtak kan heller ikkje bli fatta i strid med reguleringsvedtak vedtekne innan 1978.

Freding er det sterkaste juridiske verkemidlet i arbeidet med vern av kulturminne. Medan ein bevaringsplan berre vernar eksteriøret til ein bygning, vernar freding til vanleg både eksteriør og interiør.

Lov om naturvern

I Lov om naturvern er det særleg § 5 som gjeld kulturminnevernet. Etter denne paragrafen kan særmerkte eller vakre natur- og/eller kulturlandskap få eit formelt vern ved å bli lagt ut til landskapsvernområde. Særmerkte kulturlandskap er her definert som:

"naturenger, havnehager, setervoller og annet gammelt jordbrukslandskap og landskap rikt på fornminner. Men det kan også omfatte kulturlandskap som er i bruk og har bebyggelse. Forutsetningen er at det hele faller naturlig inn i det landskapet en vil ta vare på. Kulturlandskapet og landskapet omkring må sammen legges ut til landskapsvernområde."

Landskapsvernområde er ofte relativt store, og føresegner fastsette for områda kan derfor ikkje bli for restriktive. Berre tiltak som endrar landskapet sin karakter i vesentleg grad, d.v.s. større tiltak, vil kunne bli avviste innanfor eit landskapsvernområde. Dette omfattar oppføring av nye bygningar, anlegg av vegar, masseuttak, flathogst, framføring av luftspenn o.a. Det kan likevel bli utarbeidd føresegner for tilsyn og bruk.

Kulturminna er vesentlege element i kulturlandskapet. Innanfor landskapsvernområda har dei likevel svake vernereglar. I tilsyn av bygningar er detaljar som t.d. vindaugstype, ytterkledning og taktekkingsmateriale vesentlege, men føresegner om dette kan vanskeleg bli knytt til landskapsvernområdet. Ønskjer ein eit noko sterkare vern enn det ein får ved å ta kulturminna med i eit landbruks, natur, og friluftsområde, kan ein nytte kombinert bruk av dei ulike lovene. Heilskapen i kulturlandskapet kan bli tatt vare på som landskapsvernområde med reglar om tilsyn. Innanfor området kan dei mest verdifulle kulturminna og eit avgrensa areal rundt bli freda etter Lov om kulturminner. Kulturlandskap og bygningar kan vidare bli sikra ved verneplan etter § 25.6 i Plan- og bygningslova.

Økonomiske verkemiddel

Det har etter kvart blitt utarbeidd ein del stønads- og låneordningar som kan brukast i vernearbeidet. Enkelte av dei har vern og tilsyn av kulturminne som direkte mål. Andre er oppretta for å støtte planarbeid, rehabilitering av bygningar, forbetring av bustadmiljø og til støtte av kulturarbeid generelt. Ein vil her gi eit stutt oversyn over dei viktigaste finansieringskjeldene. For meir utfyllande informasjon viser ein til appendixet bak i planen.

Statlege låne- og tilskotsordningar

Riksantikvaren

Riksantikvaren kan gi tilskot til vedlikehald og istandsetjing av freda eller særskilt verneverdige hus. Behovet for desse tilskota er likevel langt større enn dei årlege løyvingane. Som regel kjem det inn så mange søknader at berre ein liten del av søkjarane kan få stønad. Riksantikvaren har i dei siste åra derfor måtte prioritere tilskot til freda bygningar og anlegg som står i fare for å bli skadde p.g.a. manglande vedlikehald. Berre i liten grad har det blitt gitt stønad til vedlikehald og istandsetjing av verneverdige bygningar.

Norsk kulturfond

Norsk kulturfond blir disponert av Norsk Kulturråd og har som oppgåve å stimulere og gjere kunst og kulturverdiar tilgjengelege. Tilskot til kulturminnevern kan t.d. bli gitt til istandsetjing og restaurering av eldre bygningar til felles bruk i lokalmiljøet, eller til særskilt verneverdige hus generelt. Berre unntaksvis vil stønaden kunne dekkje alle utgifter.

Einskildpersonar, grupper, organisasjonar eller offentlege etatar kan søkje om stønad. Ein føresetnad er at andre finansieringskjelder er utnytta.

Kulturminnefondet

I 1980 vart det under Miljøverndepartementet sitt budsjett oppretta eit fond til krisetiltak for kulturminnevernssaker som ikkje kan løysast ved ordinære finansieringsordningar. Ein føresetnad er at det blir lagt fram ein gjennomførings- og finansieringsplan for det aktuelle prosjektet.

Fondet har små ressursar og ein kan berre rekne med å få stønad til oppgåver som ikkje går inn under andre stønadstiltak.

I tillegg kan Miljøverndepartementet gi stønad til planlegging av nærmiljø. Sjølv om ordninga skal dekkje mange formål, er det også mogleg å få stønad til eit bevaringsområde. Søknaden skal sendast gjennom fylkeskommunen.

Den norske stats husbank og Statens landbruksbank

Husbanken og Landbruksbanken har ei rekkje låne- og stønadsordningar som kan vere aktuelle ved utbetring og istandsetjing av eldre hus. Under følgjer eit oversyn over dei føresegnene i Husbanken sine forskrifter som gir heimel for lån og tilskot. Landbruksbanken har tilsvarande føresegner for landbruksbygningar.

Husbanken gir m.a. lån til utbetring av bustader som har antikvarisk eller kulturhistorisk verdi. Eit vilkår for å få eit slikt lån er normalt at huset er bygd før 1900, og at det har eit arkitektonisk særpreg og antikvariske eller miljømessige kvalitetar. Banken kan også gi stønad til hus som ikkje fyller desse krava, men som har særskilt historisk eller kulturhistorisk interesse, t.d. knytt til

kjende personar, hendingar m.v. Søknader om stønad til utbetring på dette grunnlaget må bli godkjende av Fylkeskonservatoren. Husbanken yter gratis hjelp til planlegging av utbetningsarbeida.

Utbetningslån på sosialt grunnlag kan bli gitt til huseigarar eller husstandar med særskilde sosiale behov, med funksjonshemming eller med husstandsmedlemmer som er over 60 år.

Husbanken kan også yte miljølån til utbetring av eldre bustader som skal brukast til t.d. barnehagar eller felleslokal.

Skattereglar for freda bustader/våningshus

Etter Skatteloven av 1911 kan prosentlikning fråvikast for bustadhus som er freda etter Lov om kulturminner, dersom den skattepliktige krev det. Dette tyder at faktiske utgifter til bustaden kan trekkjast frå skattbar inntekt.

Fylkeskommunale tilskotsordningar

Fylkeskulturutvalget har høve til å gi tilskot til kulturformål som er av regional interesse.

I vernesamanheng kan ein nemne at fylkeskommunen gir tilskot til materielt kulturvern og bygningsvern. Kommunar og enkeltpersonar kan søkje. Fylkeskonservatoren gir ei fagleg vurdering av det enkelte objektet, og arbeidet må bli utført i tråd med denne.

Kommunale tilskotsordningar

Aurland kommunen har ulike tilskotsordningar til vedlikehald og istandsetjing av bygningar. Den viktigaste i denne samanhengen er "Tilskot til verneverdige hus." Ordninga er meint å verke som ein stimulans til privat omsorg for å ta vare på ulike typar hus og bygningar som har kultur- eller miljøhistorisk verdi. Ein føresetnad for å få tilskot er at restaurering og reparasjon ikkje skiplar opphavleg utsjånad eller bygningsdetaljar som vindauge, listverk eller dekor. Det er kulturstyret som handsamar søknadene og fordeler tilskotet.

Av andre kommunale tilskotsordningar kan ein nemne tilskot til forsamlingshus og aktivitetsanlegg, kommunalt etableringslån og -tilskot og tilskot til reparasjon av eldre hus. Dette siste blir primært gitt til hus der det ikkje bur folk, og det er eit vilkår at eigaren forpliktar seg til å leige ut huset i minst fem år framover.

Administrative og politiske verkemiddel

Innsatsen innan kulturminnevernet har i stor grad vore styrt av aktivitetar innan andre sektorar og av ulike utbyggingstiltak, og i liten grad av kulturminnevernet sine eigne prioriteringar. Vernearbeidet har i stor grad vore prega av aksjonar for å redde trua kulturminne. Freda faste kulturminne har jamt over vore dårleg haldne ved like. I tillegg har registrering av og kunnskap om dei ulike kulturminna vore mangelfull, noko som har gjort det vanskeleg å føre ein heilskapleg vernepolitikk.

Dette var bakgrunnen for at Miljøverndepartementet i 1979 nedsette eit utval som fekk i oppdrag å komme med forslag til ny organisasjonsstruktur for kulturminnevernet. Utvalet avla innstillinga si i NOU 1982:36 Kulturminnevernet, og innstillinga vart seinare følgt opp av St. meld. nr. 39/1986-87 Bygnings- og fornminnevernet. Denne vart handsama i Stortinget 17. mars 1988.

Siktemålet med omorganiseringa har vore å styrke vernearbeidet gjennom desentralisering, samstundes som ein vil sikre sentrale vernepolitiske målsetjingar. Forvaltningsansvaret er derfor med enkelte unntak lagt til den enkelte fylkeskommunen. Riksantikvaren er overordna direktorat med ansvar for det samla kulturminnevernet.

Det statlege plan

Miljøverndepartementet

Miljøverndepartementet har som det øvste forvaltningsorganet først og fremst ansvar for oppgåver av overordna karakter, som t.d. omfanget av og verkemiddel i vernepolitikken. Dette gjeld m.a. lovendringar, lovtolkingar, forskrifter og overordna retningslinjer, budsjettarbeid, klagesaker og enkeltsaker av prinsipiell karakter.

Riksantikvaren

Omorganiseringa av kulturminnevernet har ført til at Riksantikvaren har eit fagleg og administrativt direktoratansvar for samtlege felt innan kulturminnevernet. Iverksetjande og koordinerande funksjonar er overførte frå Miljøverndepartementet. Riksantikvaren vil vere Miljøverndepartementet sin faglege rådgjevar, og førebu saker innan kulturminnevernet for departementet.

Riksantikvaren har overteke mange av departementet sine oppgåver innan sakshandsaming. M.a. kan Riksantikvaren fatte vedtak om freding etter Lov om kulturminner. Samstundes er fleire av Riksantikvaren sine tidlegare oppgåver delegert til fylkeskommunane.

Sekretariatet for registrering av faste kulturminner (SEFRAK)

Den landsomfattande registreringa av faste kulturminne frå etter-reformatorisk tid vart sett i gang i 1971, og omfattar for det meste kulturminne frå før 1900. Arbeidet blir utført kommunevis med Fylkeskonservatoren som fagleg leiar. Registreringa har vore tilknytt planavdelinga i Miljøverndepartementet, men er i samband med omorganiseringa bli underlagt Riksantikvaren.

Landsdelsmusea

I samband med omorganiseringa er forvaltningsansvaret for fornminne overført frå dei arkeologiske landsdelsmusea til fylkeskommunane. Landsdelsmusea sine viktigaste oppgåver er nå knytt til forskning og formidling, men framleis er det berre landsdelsmusea som kan framleis frigi automatisk freda fornminne. Vidare har musea ansvaret for gjennomføringa av arkeologiske utgravingar. Historisk Museum i Bergen er landsdelsmuseum for Hordaland, Sogn og Fjordane og Sunnmøre.

Statens kulturminneråd

Statens kulturminneråd vart oppnemnt i 1979. Rådet skal etter Lov om kulturminner arbeide for å fremme kulturminnevernet, og vere eit rådgjevande organ for Miljøverndepartementet. Rådet skal halde seg orientert om kulturminnevernet rundt om i landet. I samband med omorganiseringa vil Miljøverndepartementet vurdere rådet sine oppgåver nærare.

Kultur- og vitskapsdepartementet

Kulturavdelinga i Kultur- og vitskapsdepartementet er det øvste administrative organet for staten sin kulturpolitikk. Avdelinga har m.a. det administrative ansvaret for museumsvesenet, immaterielt kulturvern og andre kulturvernsaker.

Norsk kulturråd

Norsk Kulturråd er rådgjevande organ for Kultur- og vitskapsdepartementet, og har til oppgåve å fremme arbeidet for kunst og kulturvern. Rådet disponerer midlar over Norsk kulturfond. Stortinget har utarbeidd retningslinjer for bruken av midla, og gir årlege løyvingar.

Statens museumsråd

Statens museumsråd er eit sakkunnig råd for Kultur- og vitskapsdepartementet, hovudsakleg i museumsspørsmål.

Fylkeskommunalt plan


Fylkeskommunen har etter omorganiseringa fått hovudansvaret for kulturminnevernet på distriktsnivå. Dei viktigaste unntaka er forvaltning av mellomalderbygningar, som framleis er underlagt Riksantikvaren, og utgravingar og frigiving av faste fornminne, som ligg under landsdelsmusea.

REGISTRERING AV FASTE KULTURMINNE I NOREG
REGISTRERING AV HUS

OBJEKT: **Bustadhus, Torsvik**
 EIGAR (firm, navn, postadresse): **Bonde Odd Holmås, 5190 Risnes**
 BILKART (firm, navn, postadresse):



1. KORTKART-NUMMER: Kommunenummer **72616**, Reguleringsplans nummer **087**, Hus leptonummer **076**
 2. FOTOARKY-NUMMER: Filtnummer **082**, Bladnummer, tegelase **024**, Boksnummer, tegelase **07**
 3. ØKONOMISKE KARTVERK BLAD-NEMNING: Sone **A**, Aust-vest i sone **F**, Nord-syd **017**, Målestokk **5**, Bladnummer **4**
 4. KOORDINATAR (skal ikke fylles ut)
 5. KOMMUNE: Kommune navn **Mastfjorden**, Topogr. nemning, navn og nummer
 6. TOPOGR. NEMNING
 7. MATRIKUL NEMNING: Gårdsnummer **084**, Brakkesnummer **092**, Hus **001**, Uppføringsnummer (leier m.m.) **001**
 8. BYGNINGSNUMMER (skal ikke fylles ut)
 9. NAMNET PÅ EIGEDOMEN: Dialektform **Torsvikia**, Ordet som **v. Torsvik**
 10. DIALEKT/OFISIELT
 11. VEG/GATE/ADRESSE TIL EIGEDOMEN: Vei/rpatriknummer og bokstave **117**, Utpåre **1**
 12. OPPRYLLEGG FUNKSJON (FORMÅL): Lokalt nemning på huset **Lenmannsgården**, Målestokk **1:100**, Målestokk **1:100**, Målestokk **1:100**, Målestokk **1:100**
 13. HOVRENDRE FUNKSJON (FORMÅL)
 14. OPPRYLLEGG SOSIAL MILJØSAMMENHENG: 1. Embetsverk , 2. Hverings , 3. Tenestestasjon Målestokk
 15. FORMØDET TIL ANDRE HUS: 1. Samtidig hus 2. Det er pålegg 3. Bygd Målestokk
 16. FYSISK MILJØSAMMENHENG: 1. Særlig betydn. 2. Mindre betydn. 3. Gårdsbetegn. Målestokk
 4. Særartede 5. Andre 6. Entenhus



44. VERNEVERDI:
 EIGENVERDI: Hög Mide Låg Ingen
 SOM DEL AV MILJØ: Hög Mide Låg Ingen
 Vurderte utv. av: **30/6-76 Arne Amundsen**
 Dato: **30/6-76**
 Underskrift: **Arne Amundsen**

17. KONSTRUSJON AV UNDERBYGNING: 1. Grunnmur 2. Platte betongene 3. Betong Målestokk **1:20**
 18. UTNYTTING M.M. AV ARELLAR/INDEKSTAGE: 1. Coppel 2. Gjengjett 3. Angerom 4. Gjør Målestokk **1:20**
 19. KONSTRUSJON AV TTERVEGGEN: 1. 4. Mur 2. 5. Mur 3. 6. Mur Målestokk **1:20**
 20. FASADKLEDDING: 1. Inger 2. 3. 4. 5. 6. 7. 8. 9. 10. Målestokk
 21. TAKFORM: 1. 2. 3. 4. 5. 6. 7. 8. 9. 10. Målestokk **1:20**
 22. TAKTEKNISKE MATERIALE: 1. 2. 3. 4. 5. 6. 7. 8. 9. 10. Målestokk **1:20**
 23. ETASJER: 1. 2. 3. 4. 5. 6. 7. 8. 9. 10. Målestokk
 24. HOVDOMAL PLAN: Lengd **1210**, cm, Breid **815**, cm, Hög **2**, m, Målestokk **1:20**
 25. TAL PÅ SKONSTENAR: **1210** cm, **815** cm, **2** m, Målestokk **1:20**
 26. PLANTOR (skal ikke fylles ut)
 27. STAMP: (skal ikke fylles ut)
 28. TØFESTING BYGGEGAR: 1. 2. 3. 4. 5. 6. 7. 8. 9. 10. Målestokk **1:20**
 29. TILBYGGING/OMBYGGING: 1. 2. 3. 4. 5. 6. 7. 8. 9. 10. Målestokk **1:20**
 30. FLYTTING: 1. 2. 3. 4. 5. 6. 7. 8. 9. 10. Målestokk
 31. RIVE/RENT/FAKTE/FRUH: 1. 2. 3. 4. 5. 6. 7. 8. 9. 10. Målestokk
 32. VEDLEIHALDS SITUASJON: 1. God stand 2. Ring betalt 3. Langt borte 4. Ruv Målestokk
 33. OFFENTL. TILTAK SOM KAN KOMMA HUSET VED: 1. Inger 2. Samer 3. Regul. 4. Veg. 5. Byggesk. 6. Byggesk. 7. Vass. 8. Ann. Målestokk
 34. EIGARE INFORMASJON: 1. Bygging 2. Bygging 3. Bygging 4. Bygging 5. Bygging 6. Bygging 7. Bygging 8. Bygging 9. Bygging 10. Bygging Målestokk
 35. FREDNING/SKRING: 1. Inger 2. Inger 3. Inger 4. Inger 5. Inger 6. Inger 7. Inger 8. Inger 9. Inger 10. Inger Målestokk

26. V. KARTFEST PÅ ØKONOMISKE KARTVERK: Målestokk
 27. V. REGISTRERT/OPPHALT FOR: Målestokk
 28. V. ELDERE FOTOGRAF/TEKNINGAR: Målestokk
 29. V. Eigar har foto frå før endringar i 1937
 30. V. BRANNTRYGGELEG: **v. Lindat-Mastfjorden branntryggedelag**
 31. V. TINKSRIFFER/DEKOR M.M.
 32. V. BYGGHERRER
 33. V. BYGGEMESTER/ARKTEKT
 34. V. ANDRE OPPLYSNINGAR: 1. 2. 3. 4. 5. 6. 7. 8. 9. 10. Målestokk
 35. V. 17.) Muren var opprinneleg utan bindemiddel, idag er haa fuga. Tilbygget har stoggt gullmure.
 18.) Det er kjellar under tilbygget.
 21.) Konkavt halvvalma tak. Tilbygget, arkar og kullag har varleg saltak.
 22.) På 1700-talet var andre stova tilbygd.
 På 1800-talet var huset påbygd i brick.
 I 1937 var taket endra, ark og vindfang i stov var tilbygd i 1910-åra.
 Yngste stova er flytta frå Lindat.
 DENNE REGISTRERINGA ER UTFORT: **Risnes 30/6-76 Arne Amundsen**
 REGISTRERINGA ER REVIDERT/SUPPLERT/AJOURFØRT:

Døme på utfylt SEFRAC-skjema.

Hovudoppgåva for fylkeskommunen er i første rekkje knytt til det konkrete arbeidet med pleie og vern, og sikring av dei samla verneinteressene i plan- og utbyggingssaker.

Ved omorganiseringa har Miljøverndepartementet i særleg grad lagt vekt på fylkeskommunane sine oppgåver innan arealplanlegging, på koplinga til det allmenne kulturarbeidet i lokalsamfunna, og på at vernearbeidet vil få ei politisk tilknytning. For å styrke bemanninga i fylkeskommunane vil departementet overføre midlar til oppretting av naudsynte stillingar. I Sogn og Fjordane er det i tillegg til Fylkeskonservatoren oppretta ei stilling som kulturvernkonsulent og ei stilling som arkeolog.

Dei politiske organa i fylkeskommunen kan overprøve fagadministrasjonen sine vurderingar. For å kunne føre ein overordna og samordna vernepolitikk er det fastsett visse sakshandsamingsrutinar som skal sikre at nasjonale verdier ikkje blir skadelidande. M.a. skal konflikhtar som gjeld nasjonale verneinteresser, t.d. freda kulturminne, bli lagt fram for Riksantikvaren.

Kommunalt plan

Dei færraste kommunane har eigen sektoradministrasjon for kulturminnevernet. I tillegg til dette har mangelen på klare retningslinjer frå statleg hald ofte ført til uklare ansvarstilhøve. Verken bygningsråd eller kulturstyre har kjent hovudansvar for denne sektoren, og i mange kommunar er det ei utprega oppfatning at dette er eit statleg og/eller fylkeskommunalt ansvar. Få kommunar har derfor klart å integrere kulturminnevernet i plansamanheng, og etablere faste rutinar for handsaming av kulturminnesaker.

I St. meld. nr. 39/1986-87 Bygnings- og fornminnevernet blir det understreka kor viktig det er at kommunen kjenner ansvar for kulturminnevernet i samband med den fysiske utforminga av areala i kommunen. Men Miljøverndepartementet går framleis inn for at det bør vere opp til kommunane sjølve å avgjere kvar ansvaret for kulturminnevernet skal liggje. Departementet uttaler likevel at ein kan vurdere å delegerare ansvar og fullmakter til kommunane når røynslene frå den nye organisasjonsstrukturen er blitt større.

Kulturstyre

Arbeidsrådet og verksemda til Kulturstyret har ingen lovheimel, men retningslinjer for arbeidet er formulert i ei rekkje Stortingsmeldingar om kultursektoren. Det vart oppretta kulturstyre i fleire kommunar da Kyrkje- og undervisningsdepartementet som føresetnad for å gi tilskot til kulturformål stilte krav om eit slikt organ. Men mange kommunar har framleis liten eller ingen kulturadministrasjon.

Kulturstyret i Aurland har desse ansvarsområda:

- Bibliotek
- Park og friluftsområde
- Idrettsarbeid

- Fritidsklubbverksemd
- Barne- og ungdomsarbeid
- Vaksenopplæring
- Kulturvern
- Grendehus
- Biletkunst, kunsthåndverk
- Song og musikk
- Frivillige organisasjonar.

Bygningsrådet

Bygningsrådet med tilhøyrande administrasjon har heimel i Plan- og bygningslova, der også fullmakter og arbeidsområde er fastlagt. Det er formannskap og kommunestyre som definerer retningslinjer for bygningsrådet sitt arbeid, og som har det politiske ansvaret for bygningsrådet sine avgjerder.

Bygningsrådet sine oppgåver er:

- Utarbeiding og ajourføring av arealplanane i kommunen
- Handsaming av søknader om nybygg, ombygging og tilbygg
- Handsaming av søknader om riving.

Ut frå arbeidsområdet sitt, og med heimel i Plan- og bygningslova, har bygningsrådet høve til å fungere som eit effektivt organ i arbeidet med kulturminne. Det er gjennom arealplanar og ved handsaming av byggje- og rivingsaker at eit aktivt kulturminnevern kan drivast.

Etter Plan- og bygningslova har bygningsrådet samarbeidsplikt med andre offentlege styresmakter som har interesser innan rådet sitt verkefelt. Tilsvarande samarbeidsplikt er også nemnt i Lov om kulturminner.

Fylkeskonservatoren er bygningsrådet sin næraste rådgjevar, og samarbeidspartner i alle saker som gjeld kulturminne.

Frivillige organisasjonar

Frivillige organisasjonar og museum har spela og spelar ei viktig rolle i kulturvernarbeidet, både når det gjeld faste kulturminne og immaterielt kulturminnevern. Den eldste og kanskje viktigaste av dei frivillige kulturvernorganisasjonane, Foreninga til norske fortidsminnemerkeres bevaring, vart skipa alt i 1844. Foreninga har hovudstyre og sekretariat i Oslo, i tillegg til sjølvstendige fylkesvise avdelingar.

Foreninga fungerer som eit landsomfattande fagleg forum for antikvariske spørsmål gjennom ekspertise, fagtidsskrift og faglege konferansar.

I arbeidet med kulturminnevernet i kommunen er det derfor naturleg å samarbeide med Fortidsminneforeninga. Det bør bli lagt stor vekt på foreninga sitt syn i konkrete saker.

3. Uløyste oppgåver og forslag til tiltak

Informasjon og haldningsskapande arbeid

Manglande forståing for og kunnskap om kulturvern har gitt seg ulike utslag. Det mest synlege er dei mange døma på uheldige fasadeendringar og utbetringsarbeid som er utført. I tillegg står fleire verneverdige bygningar til nedfall, og mange er blitt rivne. Grunnen er ofte at kostnadene med å gjere eit gammalt hus funksjonelt ikkje er vurdert mot kostnadene med å byggje nytt.

Ei sentral oppgåve for kommunen er derfor å gi generell informasjon om kulturminnevern. Det daglege kulturvernarbeidet er i fremste rekkje tufta på den enkelte eigaren si haldning til kulturminnet, og evna og høvet til å ta hand om det. Informasjon og haldningsskapande arbeid er derfor nøkkelord i alt kulturminnevern. Dette kan gjerast på ulike måtar.

Kommunal informasjon

Det er viktig å nå eigarar og brukarar av kulturminne med informasjon om kulturminnevern. Teknisk etat og kulturkontoret kan her gå saman om å utarbeide eigne informasjonsbrosjyrar eller annonsar i lokalavisa. Desse kan t.d. gi informasjon om dei viktigaste føresegnene i Lov om kulturminner og Plan- og bygningslova, om låne- og tilskotsordningar, og om at kommunen og fylkeskommunen kan gi faglege råd i spørsmål av arkitektonisk, kulturhistorisk og antikvarisk art.

Rettleiingsteneste

Bygningsvesenet i kommunen bør opprette ei rettleiingsteneste som kan yte eller formidle fagleg hjelp ved utbetring, fasadeutforming, tilpassing av påbygg, informasjon om låne- og tilskotsordningar o.l. Som ei overgangsordning kan kommunen betale eller gi stønad til ei privat rettleiingsteneste.

Anna informasjonsverksemd og haldningsskapande arbeid

Andre verkemiddel som utstillingar, foredrag og bruk av dagspresse kan på sikt vere med på å endre haldningar og å skape forståing for kulturminnevern. Frivillige organisasjonar som t.d. Fortidsminneforeningen kan med fordel ta del i dette arbeidet.

Tilhøva kan også bli lagt til rette slik at skulane i undervisninga kan nytte den informasjonen kulturminna gir om lokalsamfunnet. Stikkord kan her vere undervisningsopplegg med utgangspunkt i kulturminneplanen, kulturminneekskursjonar, samarbeid med Sogn Folkemuseum o.s.v.

Bibliotek og lokalhistorisk samling

Den lokalhistoriske samlinga på biblioteket bør bli bygd ut til bruk for historielag, skular, forskingsinstitusjonar og andre interesserte. Samlinga bør innehalde fagbøker, lokalhistorisk litteratur, registreringsrapportar og kopiar av det som ligg føre av ulikt registreringsmateriale frå Aurland (SEFRAK, fotoregistrering, fornminneregistreringar m.v.).

Skilting og turistbrosjyrar

Turismen har vore ei viktig attåtning i Aurland kommune, og vil bli vidare utbygd i samband med stamvegen. Naturen og miljøet elles har vore og vil framleis vere ein viktig ressurs for denne næringa. Dei faste kulturminna er ein viktig del i dette biletet.

Dersom kulturminna blir betre kjende både for folk i kommunen og for turistane, vil dette ha positive verknader for synet på kulturminnevern. Merking av interessante kulturminne i Aurland kan bli betra. Kulturkontoret og reiselivsnæringa kan saman med turistforeininga og vegkontoret finne fram til tenlege løysingar m.o.t. utforming og standardisering.

Merking kan bli kombinert med informasjonbrosjyrar, enten for heile kommunen og/eller for delområde. I enkelte område er t.d. kulturminna lokaliserte så nær kvarandre at det kan vere aktuelt å utarbeide oppslagshefte for natur- og kulturhistoriske vandreløyper.



*Dyregrav frå fangstanlegget ved Vargebotn/Svartavatn.
Foto: Chr. Prescott. Historisk Museum, Bergen.*

Juridiske verkemiddel

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova inneheld viktige verkemiddel i kulturminnevernet som kommunen kan ta i bruk. Ein del paragrafar knytte til byggjesakshandsaminga er likevel noko uklare, og treng nærare presiseringar. Her kan kommunen utarbeide rettleiande vedtekter for si eiga praktisering av lova. I særleg grad vil det vere behov for vedtekter til §§ 74.2, 81 og 92.3.2.

Økonomiske verkemiddel

Tilskot til verneverdige hus

Som inspirasjon og motivasjon til å restaurere hus på ein forsvarleg måte har kommunen oppretta eit tilskot til verneverdige hus. Ordninga bør halde fram. I tillegg bør ein vurdere å opprette ei særskilt tilskottsordning for verneverdige bygningar i område som er (eller vil bli) regulert til spesialområde for bevaring etter Plan- og bygningslova. T.d. kan ein yte eit fast utbetringstilskot pr. kvadratmeter.

Kulturvernpris

Ein kulturvernpris til enkeltpersonar og organisasjonar som har utført restaureringsarbeid på ein arkitektonisk forsvarleg måte kan vere eit godt verkemiddel i vernearbeidet.

Administrative verkemiddel

Samarbeidsrutinar

Eit klart siktemål med kulturminnevernarbeidet i kommunen må vere å komme fram til høvelege samarbeidsrutinar. Kommunestyret kan vedta nærare retningslinjer for den interne sakshandsaminga i kommunen, der særlovgivinga ikkje er til hinder for dette.

Rutinane må bli utforma slik at ein får ei forsvarleg sakshandsaming, samstundes som dei er enkle og ikkje sinkar sakshandsaminga i særleg grad. Nedanfor kjem døme på rutinar som skulle oppfylle desse krava.

Reguleringsplanar

Den enkelte sakshandsamar ved teknisk etat skal så tidleg som mogleg i planarbeidet kontakte kulturadministrasjonen. Kulturadministrasjonen fremmar så sine synspunkt, skriftleg eller muntleg.

Etter første handsamingsrunde skal saka sendast til kulturadministrasjonen som eventuelt legg saka fram for kulturstyret.

Rivingssaker

Teknisk sjef hentar inn merknader frå kulturadministrasjonen før saka blir lagt fram for bygningsrådet.

Byggjesaker

Det vil som oftast ikkje vere naudsynt med hjelp frå andre etatar i handsaminga av nybygg, men i visse tilfelle bør kulturadministrasjonen bli kontakta. Dette gjeld t.d. ved nybygg i eldre bygningsmiljø, og påbygg, tilbygg eller andre fasadeendringar som utskifting av vindauge på hus bygde før 1945.

Sekretariatet for registrering av faste kulturminner i Norge (SEFRAK)

Rask tilgang på naudsynte data vil gjere det enklare å få til ei rask sakshandsaming. SEFRAK-materialet kan her vere eit hjelpemiddel. Registreringa i kommunen bør derfor bli slutført, og kommunen bør kople seg til SEFRAK-databasen. Denne er knytte til GAB-registeret i kommunen slik at ein til kvar tid er a jour med heimelsinnehavar. Til nå er berre Fylkeskonservatoren og Riksantikvaren kopla til dette registeret for Sogn og Fjordane, men Kommunedata Vestlandet vil etter kvart komme med tilbod til dei enkelte kommunane i fylket.

Oppretting av stillingar

Kulturminnevernet kan best bli tatt vare på ved at etatane som har å gjere med dette arbeidet styrkar kompetansen sin. Forutan fagsjefar for musikkskule, bibliotek og ungdoms- og idrettsarbeid har kulturkontoret i dag to faste stillingar: kultursjef og kontorfullmektig. Arbeidsområdet er svært omfattande, og kulturminnevernet utgjer berre ein liten del av dette. Ein vil derfor foreslå at det blir oppretta ei eiga stilling med særskilt ansvar for kulturminnevern ved kulturkontoret.

Ved teknisk etat kan ein gi personalet større fagleg breidde ved å tilsetje ein arkitekt i ei eller fleire av stillingane. Arkitekten vil kunne vere ein naturleg samarbeidspartner for kulturetaten.

4. Karakteristiske trekk ved kulturminnearven i Aurland

Eit av formåla med kulturminnevern er som nemnt å gi oss kunnskap om fortida vår. Eit overordna mål for kulturminnevernet bør derfor vere å ta vare på kulturminne som femner over så mange sider av historia og menneskelege aktivitetar som mogleg. Dette kapitlet vil prøve å gi ein karakteristikk av kulturminnearven i Aurland ved å sette kulturminna inn i ein historisk samanheng.

Frå forhistorisk tid og mellomalderen

Jakt, fangst og fiske


Heilt sidan dei første menneska busette seg i Norge har jakta på storvilt som rein og elg vore viktige økonomiske aktivitetar. Jakt og fangstmetodane har skifta opp gjennom tidene, men over heile landet har jakt med pil og boge vore drive frå eldste steinalder og heilt opp mot nyare tid. Minne frå denne jakta er dei pilspissane vi ofte finn på buplassar, i graver eller som bortskotne piler.

Ofte gir denne jakta seg dårleg tilkjenne i form av faste kulturminne, men bogastiller - halvsirkelforma murar lagt opp av steinblokker som skjul for jegeren - er påvist fleire stader i fjellet, t.d. ved Gravhalsen.

Ei anna jaktform som også går attende til eldste steinalder er drivjakta. Dyra vart drivne utfor ein bergvegg eller skrent - dyrestup - ofte med bruk av leiegjerde i stein. Dette finn vi m.a. i fangstanlegget ved Klovefjell.

Den vanlegaste gruppa kulturminne knytt til fangst av storvilt er dyregravene. Den mest vanlege typen på Vestlandet er rektangulære fangstgraver bygd med steinvegger i tørrmur. Ut frå kvar av endane på gravene går det ofte leiegjerde ut i rusform. Slike finn vi fleire av i fjellområda i Aurland, enten enkeltvis som t.d. på Fossane, eller fleire samla, som. t.d. ved Vargebotn og på Gravhalsen. Anlegget ved Vargebotn er svært stort, og inneheld fire dyregraver og om lag 120 meter ledegjerde.

Det er vanskeleg å datere fornminne som bogastiller og dyregraver. Det er hevda at dei vestlegaste fjellområda i Norge ikkje vart utnytta av jegerar i steinalderen, og det er heller ikkje mange sikre spor etter



*Skiferpilspiss funne mellom Flåm og Haugastøl.
Foto: L.E. Historisk Museum, Bergen.*

desse i dei fjellområda som er undersøkt. Truleg høyrer bogastillene og dyregravene i Aurland heime frå tida omkring Kristi fødsel og fram mot det attande hundreåret. Dette er i så fall i samsvar med dateringar andre stader i Sør-Norge.

Det er også registrert fleire holer og hellerar i høgfjellet. Desse har vore tolka som overnattingsstader under jakt, gjeting og ferdsel i fjellet. Dei ligg ofte i nærleiken av gode fangststader. Det som gjer holer og hellerar verdfulle som kulturminne er at dei som oftast har bevart organisk materiale, t.d. bein, som kan fortelje mykje om jakt, kosthald o.l. Vi kjenner til fleire slike holer og hellerar i fjellområda i Aurland, men det er ikkje gjort sikre dateringar.

Jordbruksbusetnad

Jordbruk i form av husdyrhald vart innført i mange delar av landet i yngre steinalder, ofte berre som eit tillegg til det gamle fangstlivet. Korn dyrkinga vann også utbreiing, men mange stader først i bronsealderen. Dette gav grunnlag for ein meir permanent busetnad og kanskje også til etablering av gardar.

Som elles i indre strøk av Vestlandet er det gjort svært få funn frå steinalderen i Aurland. Dette har si forklaring i at steinaldermenneska, som livnærte seg av fangst og samling, helst heldt til ytst ved kysten, der det var best tilgang til ressursar.

Heller ikkje frå bronsealderen er det gjort særleg mange funn, men frå yngre jernalder kan gravhaugane og gravrøysene gi eit viktig bidrag til busetnads-historia. Det vanlegaste var at kvar gard hadde sitt eige gravfelt, eit gardsgravfelt. Gardar og gardsgrenser har halde seg svært stabile, og i dei fleste høva synest det derfor forsvarleg å knytte gravfelt og gravminne til dei gardane som eksisterer i dag. Der ein finn slike kan ein derfor seie at garden har eksistert sidan forhistorisk tid. I Aurland er det t.d. registrert gravminne på m.a. Bakka, Brekke, Dalsbotn, Dyrdal, Flåm, Fretheim, Gudvangen, Hemri, Høydal, Indrelid, Kvam, Loven, Ohnstad, Otternes, Prestegarden, Skaim, Skjerpi, Styvi, Tero, Veum og Vinjum.

Gjenstandar frå gravhaugar kan ofte fortelje om alderen til grava, om kjønn, sosiale posisjon, økonomiske tilhøve, kontaktar med andre distrikt m.v. T.d. viser rike gravgods og store haugar at Prestegarden har vore ein storgard. Det er også ein teori om at denne, saman med Ohnstad og Vinjum, kan ha vore kjernen i godset eller gardane til Aurlandsætta.

Vi kjenner ingen sikre forhistoriske tufter frå låglandet i Aurland. Husa har vore bygde av tre, noko som er ei av årsakene til at det er så vanskeleg å finne spor etter gardsanlegg. Det er derfor berre der husveggene var laga av stein eller torv at ein ser tuftene i dag. Den intensive drifta av dei avgrensa jordbruksareala over mange hundre år har nok også øydelagt mykje.

Frå mellomalderen kan skriftlege kjelder fortelje ein del om gardane i kommunen. Holmsen (1937) har på grunnlag av desse rekna ut at det før Svartedauden budde om lag 1300 menneske fordelt på 55 gardar i Aurland. Det er

tydeleg at det har vore trongt om plassen, og at ressursane var utnytta så langt råd var.

Utmarksressursane

Vi veit lite om bruken av fjellbeita i forhistorisk tid. Gammalnorske lovtekstar og sagatekstar syner at stølsdrift må ha vore nokså vanleg i Vest-Norge i vikingtida, men truleg er den langt eldre. I Gudmedalen er det registrert ei rekkje tufte frå eldre og yngre jernalder som ein meiner kan ha vore stølstufte til ein av gardane i Flåm. Dette kan tyde på at stølsbruken i Flåmsdalen kan vere like gammal som den faste gardsbusetnaden.


I støls- og jaktområda er det også registrert fleire kolgroper med skjørbrent stein. Gropene er til vanleg om lag ein meter i diameter og 15-30 cm djupe. Fleire av kolgropene er datert til eldre jernalder, men det er usikkert kva for funksjon dei har hatt. Det er nærliggjande å tru at dei har vore nytta til anretning av kjøtt eller fisk, eller til vidareforedling av fangst eller stølsprodukt. Kolgropene i Gudmedalen kan ha vore knytt til hustuftene og jernvinneanlegget.

Skålgropene er ein annan type fornminne som vi ofte treffer på i beiteområda. Dette er enkle skålforma groper, helst nokså grunne og 5-10 cm i tverrmål. Slike groper finst ofte i helleristningsfelt saman med figurar, men dei opptre også åleine, ofte på store, jordfaste steinar. I Aurland kjenner vi til slike helleristningsfelt på Flåm, Fretheim, Fotland, Upsete, Vidme, Veum og Øyestølen. Kva desse gropene symboliserte veit vi ikkje, men ein teori er at dei har vore nytta som offergroper. Det er grunn til å tru at dei fleste av skålgropene stammar frå bronsealderen eller eldre jernalder.

Råstoffutvinning

Utvinning av jern frå myrmalm er kjent i Norge frå om lag 200 år f.Kr. Karakteristiske spor etter jernvinnene er slagghaugar eller slaggrestar. I Aurland er det hittil registrert fire område med spor etter jernutvinning: på Ryggvedlhaug, Seltuftøyri, Upsete og i Gudmedalen. Jernvinneanlegget på Seltuft er datert til om lag 200 år f. Kr., og er dermed det hittil eldste registrerte i Norge.

Forskinga omkring jernutvinninga er berre i startfasen, og det er usemje om kven det var som dreiv jernvinnene i fjellet. Enkelte har hevda at det frå først av var jegerar og fangstfolk som dreiv jernvinnene. Andre har sett fast gardsbusetnad som bakgrunn for verksemda. Det er likevel klart at jernet var ein viktig føresetnad for den ekspansjonen i busetnaden som fann stad i yngre jernalder og tidleg mellomalder i Norge. Jernet gjorde det mogleg å lage betre reiskapar til landbruk, båtbygging og ikkje minst til gode våpen.



Delar av vikingtidsfunn i flatmarksgrav på Brekke: stridsøks, sverd, arbeidsøkser/hakker og jaktpiler.

Spannforma leirkar frå vikingtida funne på Skaim.

Beltespinner og brystspenne i bronse funne i ein båtgrav på Vinjum. Smykkene er irske og fortel om vikingtidens kontakt med utlandet.

Foto: Historisk Museum, Bergen.

Ferdsel og handel

Aurland har truleg alltid hatt god kontakt både austover og vestover, og vi kjenner til fleire gamle ferdselsveggar mellom Aust- og Vestlandet som gjekk gjennom Aurland. M.a. gjekk den gamle vegen frå Bergen til Oslo om Voss, Mjølfjell, Vassete, Flåm, Aurland, Lærdal, Borgund og Valdres. Det har også vore godt samband mellom Aurland og Hol. Her gjekk ein kløvveg gjennom Aurlandsdalen over Østerbø, og ved Geiteryggen møttest denne med ein annan frå Stundalen.

Fleire vegar skal ha ført til Hallingskeid. Etter muntleg tradisjon var det her ein marknad i eldre tid, kanskje attende til mellomalderen. Staden ligg lagleg til som møteplass for folk frå Hallingdal, Hardanger, Voss og Sogn, som kom hit for å byte varer. Ved Øvre Grøndalsvatn, tre til fire kilometer frå Hallingskeid, ligg ei tuft som etter tradisjonen skal ha vore ei marknadsbu, men det er ikkje blitt utført dateringar her.

Også kontakten med utlandet må ha vore nokså god. Egilsoga fortel om Aurland sitt samkvem med Irland i vikingtida, og vi har fleire funn som stammar derifrå. Det mest spesielle er kanskje båtgrava på Vinjum. Her låg ei eldre kvinne iført typisk smykkeutstyr frå vikingtida. Smykka er svært forseggjorde, og den gravlagde har truleg vore ei rik og mektig kvinne.

Tradisjonen fortel at Aurlandsvngen i mellomalderen skal ha vore laste- og handelsstad for skottar og engelskmenn som kom hit for å drive handel. Handelen var ikkje berre med folk i bygda og nabobygdene, men også med folk frå Hallingdal og Hardanger (Ohnstad 1960, s. 166).

Religiøs verksemd

I jernalderen var det som nemnt vanleg at kvar gard hadde sin familiegravstad. Desse ligg ofte på dominerande stader i landskapet : på høgdedrag, på nes, midt i tunet m.v. På den måten framstår dei som svært markerte trekk i kulturlandskapet.

Gravstadene er ofte samansette av fleire typar graver. Vi har flatmarksgravene som ikkje er synlege på overflata, og vi har dei karakteristiske gravhaugane og gravrøysene.

Ved utgravingar er det funne døme på ulike typar gravskikkar. Den mest utbreidde gravskikken på Vestlandet i yngste romartid og folkevandringstida var hellekistene. Dette er utbrente graver i store, mannslange kister bygd av steinheller eller kampesteinar dekte av svære takheller. Som regel finn vi desse kistene inne i gravhaugar eller røyser. Slike kister er registrert fleire stader i Aurland m.a. framfor kyrkja på Aurlandsvngen, på Prestegarden, Skaim og Fretheim. I fleire av dei er det funne smykke, reiskap og våpen.

Frå vikingtida har vi enkelte døme på båtgraver av same type som Oseberg og Gokstad. Det er funne restar etter fire slike graver i Aurland: på Veim, Dyrdal og to på Vinjum.

På Prestegarden er det funne døme på ein tredje type gravskikk. I den såkalla våpenbranngrava har våpen vore med på likbålet, og seinare blitt lagde ned i grava. Dette er stort sett ein austnorsk tradisjon, men det finst enkelte døme i vestnorske bygder som har hatt samband austover.

Gravfelta varierer i storleik, og i enkelte felt har det vore ein kombinasjon av gravhaugar eller røyser, flatmarksgraver og bautasteinar. Biskop Neumann fortel t.d. i ei reiseskildring frå 1840-åra at det på garden Flåm var ei rekkje gravhaugar, røyser og 17 store bautasteinar. Slike minnesteinar var ikkje så uvanlege i jernalderen og vikingtida, men på Vestlandet er det sjeldan ein finn så mange samla. Dette feltet er i dag øydelagt, men sju av steinane er oppbevarte på Lunden.

Med innføringa av kristendommen forsvann den heidenske gravskikken med det rike og varierte gjenstandsmaterialet. I staden får vi fleire skriftlege dokument. Skriftlege kjelder fortel at det før Svartedauden var kyrkje på Flåm og kapell på Fretheim. Fram til om lag 1570 stod det ei stavkyrkje på Rygg. Ut frå stadnamn er det også teoriar om at det har vore kapell på gardane Veum, Kvam og Loven (Ohnstad 1962, s.150).

I Aurland står det att to kyrkjer som er bygde før reformasjonen. Den eldste er truleg Undredalskyrkja eller St. Nicolas kapell, som ho tidlegare vart kalla. Dette er ei ombygd stavkyrkje, og ei av dei minste i landet. Kyrkja er nemnt i skriftlege kjelder frå første delen av 1300-talet, men kan vere eldre.

Den gotiske steinkyrkja på Aurlandsvangen er truleg bygd på 1200-talet, og er ei av dei største mellomalderkyrkjene i Sogn. Det kan vere nærliggjande å tru at den rike og mektige Aurlandsætta stod som byggherre. Etter tradisjonen vart kyrkja bygd på grunn av mykje handel og ferdsel på Aurlandsvangen. Det heiter også at engelskmenn skal ha vore med å byggje kyrkja (Ohnstad 1962, s. 148).

Frå reformasjonen og fram til i dag

Jordbruksbusetnaden

Folketalet gjekk sterkt ned i Aurland under Svartedauden, men i tida etter reformasjonen får ein på ny ein auke i folketalet. Likevel er det først i det attande hundreåret at folketalet er oppe på same nivået som før Svartedauden.

Fram mot midten av 1800-talet held veksten i folketalet fram. Folketalet nådde ein topp i 1845 med over 2800 innbuarar. Ressursane vart nå nytta til det ytste. Nye gardar vart rydda og eksisterande gardar vart delte opp slik at dei skulle kunne danne næringsgrunnlag for fleire. Jorda vart broten lenger og lenger opp i dalen og høgare og høgare til fjells. Resultatet av dette systemet vart ei lite produktiv innmark og ei tilsvarande satsing på utmark og fjell. Stølsdrifta



Parti frå Styve.

Foto: Knud Knudsen. Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen.

ekspanderte kraftig på denne tida.

Innmarka kunne på langt nær skaffe nok for, og mesteparten av foret måtte bli henta frå utmarka. Slåtteteigane låg ofte langt til fjells. I tillegg til gras var også lauv, mose og ris viktige foremne. Utløer i utmarka og løypestrengfeste fortel framleis om denne drifta.

Stølsdrifta var ein viktig del av utmarksdrifta, og var truleg mest intensiv rundt midten av 1800-talet. Produksjonen var for ein stor del lagt opp til sjølvberging. Folk hadde likevel bruk for kontantar, og desse fekk dei m.a. ved sal av kjøt og stølsprodukt. Mot denne bakgrunnen kan ein seie at stølsdrifta var sjølve livsgrunnlaget for bygda, og at ein gard utan god støl var lite verd.

Utanom jakt og fiske var driftehandelen ei viktig attåtning for mange. Driftekarane kjøpte opp kyr på Vestlandet om våren og førte dei opp på fjellet for å

beite. Om hausten drifta dei nedover mot marknadene på Austlandet eller dei selde dyr på gardane dei for framom.

På 1840-talet byrja utflyttinga til Amerika. Mest ingen stad i landet hadde så stor utflytting i høve til folketalet som Aurland. Grensa for kor mykje folk bygda kunne makte med den rådande næringsstrukturen var nådd. Samstundes skipla utflyttinga til den næringsstrukturen som var bygd opp og basert på rikeleg med arbeidshjelp. For det var nett desse folka som reiste: lausfolk, husmenn og sjølveigande bønder på små bruk. Ein finn mange ruinar etter nedlagde husmannsplassar.

Stølsdrifta vart lagt om ved at ein freista å klare seg med færre stølar. Ein finn såleis mange tufter etter nedlagde stølar. På slutten av 1800-talet førte margarinen til at fjellsmøret fall i pris, og resultatet vart ei sterkare satsing på geitehald. Satsinga på geiter løyste mange av dei problema som rådde. Ein kunne klare seg med færre stølar fordi geitene fann føde der storfeet ikkje kom til.

Også når det gjaldt innmarka fann det stad store endringar i siste halvdel av 1800-talet. Medan ein tidlegare med enkel teknologi og uspesialisert drift henta ein stor del av fortenesta frå utmarka gjennom beitebruk, forsanking, fangst, jakt og fiske, vart innmarka etter kvart trekt sterkare inn. Desse endringane ser ein først og fremst i låglandet. Kva for konsekvensar dette fekk for det fysiske gardsmiljøet skal vi sjå seinare.

Tettstader og kommunikasjonar

Tettstadene i kommunen begynte først å vekse fram rundt siste hundreårsskiftet, noko som m.a. har samanheng med utviklinga av kommunikasjonane. I 1870-åra vart det bygd dampskipskai på Aurlandsvangen og bru over elva. Aurlandsvangen overtok nå dei sentrumsfunksjonane som tidlegare var lokaliserte på Ohnstad. Tettstadene Gudvangen, Fretheim og delvis Undredal voks fram som eit resultat av jernbaneutbygging, dampskipssamband og auka turistferdsel.

Aurland har frå langt attende hatt godt samband med t.d. Bergen sjøvegen, og i 1858 byrja Fylkesbaatane med rutefart. I byrjinga rodde ein ut til båtane for å hente varer og reisande, men i 1880-åra hadde det kome kai både på Aurlandsvangen, Fretheim, Gudvangen og Undredal.

Lenge skjedde det meste av transporten sjøvegen. Postvegen langs Nærøyfjorden vart bygd alt på 1700-talet, men elles fanst det nesten ikkje køyreveggar før på midten av 1800-talet. Ein kan nemne at vegen mellom Bakka og Gudvangen vart bygd i 1856, og i 1894 vart det bygd veg frå Gudvangen til fylkesgrensa. Vegen til Vassbygda vart bygd i 1919 og vegen mellom Aurlandsvangen og Fretheim i 1920.

Opninga av Vossebanen i 1883 og Bergensbanen i 1909 førte til eit gjennombrøt når det gjaldt kommunikasjonar. Skysstrafikken byrja å gå livleg mellom



*Nedre Fretheim tok i mot engelske sportsfiskarar alt frå 1860-åra. Om lag 1880 vart det bygd ein eigen hotellbygning i sveitserstil, den såkalla "engelskvillaen". I 1926 vart denne bygd saman med hovudhuset på garden.
Foto: O.A. Svanøe. Historisk Museum i Bergen.*

Gudvangen og Voss og mellom Fretheim og Myrdal. Både turismen og handelsverksemda opplevde ein vekst etter dette. Med opninga av Flåmsbanen i 1944 fekk Aurland etter si tid eit lett samband både med Oslo og Bergen.

Turisme

Før gjestgjevarstadene kom var det presten og enkelte bønder som måtte huse ferdafolk. Alt i 1720-åra var det gjestgjevarstad kombinert med handelsverksemd på Aurlandsvangen, men dei første privilegerte gjestgjevarstadene i Aurland, Arnehus i Dyrdal og Ohnstad, vart først oppretta i 1737. Gjestgjevarstaden på Arnehus vart likevel snart ein avkrok i høve til Gudvangen, men gjestgjevarstaden på Ohnstad var i drift til om lag 1870-80 åra. Da vart handels- og gjestgjevarverksemda flytta over til Aurlandsvangen.

Dei første turistane kom til bygda alt i 1850-åra. Det var i hovudsak velstående engelskmenn og skottar som kom for å drive jakt og fiske. Turismen som næring fekk likevel ikkje så mykje å seie før kommunikasjonane vart betre utbygd rundt hundreårsskiftet. Hotella i sveitserstil på Gudvangen og Fretheim er minne frå denne tida.



Kvernhus på garden Tufte ved Nærøyfjorden.

Foto: Knud Knudsen. Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen.

Vasskrafta

Aurland er i dag ein av dei største kraftkommunane i landet, men vasskrafta vart nytta også i eldre tider. På dei fleste gardane der det var høve til å nytte ein bekk eller deler av elva var det sett opp kvernhus. Fleire stader, t.d. på Tero og Fossheim, var det også stampar knytt til kvernhuset. Desse vart brukte til å få vadmålskleda sterkare.

Kvernhusa er i dag ein bygningstype som er i ferd med å forsvinne. Dette har m.a. samband med at dei kom ut av bruk da korndyrkinga tok slutt i mellomkrigstida. Det er registrert kvernhus på Dalsbotn, Loven, Melhus, Skaim, Tero og Tunshelle, men dei fleste av desse er svært forfalne.

Det har vore fleire sagbruk i Aurland. Oppgangssaga kom i bruk på 1500 og 1600-talet, og fleire av gardane fekk etter kvart egne sager. Det er ikkje registrert noko sagbruk i Aurland, men vi kjenner til at det har vore sagbruk i Dyrdal, Skirdal og Norheimsdalen.

Rundt hundreårsskiftet byrja ein å nytte vasskrafta til elektrisk straum. Elektrisitetsverket på Kjøfossen vart bygd i 1899 i samband med bygginga av Bergensbana. På 1920-talet vart det bygd små gardskraftverk på Bell, Skjerdal, Dyrdal, Undredal og på Heimdal i Flåm. I 1932 vart så det halvt kommunale kraftverket i Leinafossen i Flåmselva bygd, og på 1970-talet kom den store kraftutbygginga til Oslo Lysverker.

Handverk og småindustri

Det gamle jordbruksamfunnet var i stor grad basert på sjølvforsyning, og det var få som hadde handverk som hovudnæring. I 1801 var det 25 registrerte handverkarar i kommunen. Dette var i hovudsak bygningshandverkarar, skomakarar, smedar og skreddarar. Ein kan også nemne rosemålarar frå Hallingdal som livnærte seg ved å dekorere kister, skrin, klokkekasser og skåp rundt om på gardane.

Seinare kjenner vi til tobakksproduksjon, båtproduksjon og slakteriverksemd, men skoproduksjonen er utan tvil den industrigreina som har gjort Aurland mest kjent. Den faste skoproduksjonen i Aurland tok til i 1880-åra, men Aurlandskoen slik vi kjenner den i dag vart utforma av skomakar Nils Tverranger i 1930-åra. I 1950 var 80 personar i 16 ulike verksemdar sysselsette i skoproduksjon. I dag er alle bortsett frå ei lagt ned, og handverket er i ferd med å bli gløymt.

Religiøs og offentleg verksemd

I tida etter reformasjonen vart det bygd to nye kyrkjer i Aurland: kyrkja på Flåm og kyrkja på Bakka. Flåm har som tidlegare nemnt vore ein heilag stad langt attende i forhistorisk tid, og det var ofte vanleg å byggje dei første kyrkjeane i nærleiken av dei gamle hovplassane. Det finst tilvisingar til ei kyrkje på Flåm alt på 1300-talet, men den noverande kyrkja er bygd i 1667. Bakka kyrkje stod ferdig i 1859. Bakka høyrde tidlegare til Undredal sokn, og grendafolket måtte ro over fjorden for å komme seg til kyrkje.

I 1850-åra vart det rydda kyrkjegard på Østerbø. Folk i Aurlandsdalen hadde vanskar, især vinterstid, med å frakte lika ned til kyrkjegarden på Aurlandsvangen. Den vesle kyrkjegarden var i bruk fram til 1911. I 1953 vart det reist ein bautastein med namna på dei 27 personane ein kjenner til er gravlagde her.

I siste halvdel av 1800-talet vart det bygd fleire skular rundt om i kommunen. Tidlegare var skulegangen basert på omgangsskule i heimane, men med skolelova i 1860 vart det påbode å dele kommunane inn i skulekrinsar med eit skulebygg i kvar krins. Den fyrste skulen etter den nye lova vart bygd i Flåm i 1862. Seinare fekk Undredal, Dalen, Nærøy, Berekvam, Dyrdal, Bakka, Vassbygda og Myrdal eigne skulehus. Desse skulehusa har ein nokså lik arkitektur, med skulestove i den eine enden og rom til læraren i den andre.

På slutten av 1800-talet vart det danna fleire lag som fråhaldslag, misjonslag og ungdomslag. Desse heldt lenge møte i prestegarden, skulestovene eller i private heimar, men i byrjinga av dette hundreåret fekk fleire eigne forsamlingshus. Ungdomshuset i Flåm vart bygd i 1906, bedehuset og ungdomshuset på Aurlandsvangen i 1912-14, og i 1920-åra vart det bygd ungdomshus i Undredal, Vassbygda og Gudvangen. Alle desse husa, som delvis vart bygde med offentlege midlar, har ein nokså nøktern stil.

Byggjeskikk

Det ligg føre lite materiale om byggjeskikken i Indre Sogn generelt. Ein vil derfor prøve å skissere nokre hovudlinjer.

Tunskipnaden og bygningstypane

Som nemnt før vart gardane etter kvart delt opp i fleire større eller mindre bruk. Kvart bruk fekk innmarka stykka opp i mange åkrar og engteigar. Husa stod samla i eit felles tun, og her kunne opp til 8-10 brukarar ha sine hus. Det mest vanlege på Vestlandet er at husa står tett saman i ei klyngje, men t.d. på Voss har det vore vanleg å plassere husa på kvar side av ei tungate. I Aurland finn ein ofte ein mellomting mellom klyngjetunet og rekkjetunet.

Før midten av 1800-talet var det vanleg med svært mange hus på garden. Ein gard av vanleg storleik i Aurland kunne ha frå 5-6 til 10-12 hus. I tillegg kom løer i utmark, naust, og sel og fjøs på heime- og fjellstølen.

Med utskiftinga i siste halvdel av 1800-talet fekk kvart bruk fekk sitt eige tun. I samband med utflyttinga frå klyngjetunet vart gjerne husa vølte og fornya på ymse vis, men fleire hus var i så dårleg stand at dei ikkje let seg flytte. Det vart derfor bygd ei rekkje nye hus i tidsbolken mellom 1870 og 1900. I Aurland er endringane i samband med utskiftinga mest merkbare i låglandet.

Byggjeteknikk og materialbruk

Lafta hus var det mest vanlege i Aurland som i resten av Indre Sogn. Dette gjaldt ikkje berre bustadhusa, men også dei fleste uthusa. Fleire av gardane åtte furuskog, men ofte måtte tømmeret bli frakta over lange strekningar. Vi veit t.d. at Flåm kyrkje og våningshusa på Sinjarheim, Flåm og Vidme vart bygde av tømmer frå Norheimsdalen.

Mange av husa er sett på høge grunnmurar av tørrmur, men enkelte av bygningane på garden som smie, korntørke og eldhus vart ofte bygde i stein på grunn av brannfaren. Stein som bygningsmateriell vart også nytta til ein del stølshus og i uthusbygningar på gardar der tilgangen på trevyrke var vanskeleg.

Torv var det mest vanlege taktekkingsmaterialet på 1600 og 1700-talet. Torv vart nytta både på innhus og til dels uthus, men husa kunne også vere tekte med markaheller som var henta på garden, såkalla "villtekkning". Vi har også døme på at spon har vore brukt som taktekkingsmateriale, både på innhus og uthus. Det er først kring midten av 1800-talet at tak med hogne heller blir vanlege.



Lemstover med treromsplan på Nedbergo.



Lemstove med midtgang på Melhus.

Bustadhusa

Årestova med ljøre i taket er den eldste stovetypen vi kjenner. På Vestlandet vart denne stovetypen skifta ut med røykomnstova eller røykstova på 1600 og 1700-talet, og på Austlandet med peisen. Eldstaden vart nå flytta til det eine hjørnet av stova, og det vart lagt tregolv.

På Vestlandet vart røykomnen stort sett avløyst av peis med mura skorstein tidleg på 1800-talet. Det er likevel hevda at i Indre Sogn kom røykomnen og peisen samstundes. "Undredalstova" på Sogn Folkemuseum, med samanbygd skorstein og røykomn, kan tyde på dette. Det er likevel uråd å sette eit skilje ved opphav og slutt for dei ulike eldstadene. Så seint som på byrjinga av 1800-talet fanst det t.d. årestover i Sogn. (Midttun 1987, s. 207 og Vold 1985, s. 10).

Når røyken kom ut av stova, byrja folk å leggje lem i stovene sine. Det var mest vanleg å leggje lem over heile stova, men på t.d. Tero, Otternes, Ohnstad, Ty, Høydal, Flåm og Vidme finn vi døme på såkalla halvlemstover. Her går lemmen over halve stova, og ein stige fører opp til lemmen. I andre halvdel av stova er det ope opp til taksperrene. I større stover kan det vere to slike hemsar. Typologisk er halvlemstovene ein eldre bygningstype enn heillemstovene, og syner påverknad frå Hallingdal, Numedal og Gudbrandsdalen.

På ein del av dei større gardane i Aurland, som t.d. Ohnstad, Høydal, Skjerdal, Bakka og Styvi, vart det alt på slutten av 1700-talet bygd større våningshus i to fulle høgder, men det mest vanlege var våningshus i ei og ei halv høgde med stove, kammers og kove i første høgda. Stova og kammerset er alltid lafta, medan koven ofte vart bygd i reisverk. I tillegg har husa ofte ei vedskykkje i reisverk bygd til eine langsida. Slike lemstover med treromsplan ser ut til å ha blitt det vanlegaste bustadhuset på gardane frå om lag 1830-40 og den heldt seg lenge. Sjølv på slutten av 1800-talet vart det bygd hus med dette grunnplanet. Dette gjeld særleg kårhus og husmannstover.

Frå om lag 1830-1840 vart det vanleg å byggje på husa i lengda, og ein får nå lemstover med midtgang. Lemstova av midtgangstypen kunne enten vere eit naturleg framhald av treromshuset ved at det vart bygd på ei ny stove i andre enden, eller huset kunne vore sett opp som eit eige nytt hus. Hustypen er påverka av den symmetriske byggjeskikken i byane under empiren, og blir ofte kalla bygdeempire.

Frå 1880-åra vart dei fleste bustadhusa bygde i sveitserstil. I eksteriøret merkar sveitserstilen seg først og fremst ut gjennom eit stort utoverhengande tak med profilerte sperrer og åsendar, og utskjeringar i listverket rundt dører og vindauge. Men husa vart også breiare enn før og ofte sett på ein høg grunnmur med trapp opp til altanen. Sveitserstilen vart framfor nokon utskiftingsstilen på Vestlandet, men sette ikkje berre preg på nye hus. Også eldre våningshus kunne bli modernisert med nytt tak, ark eller altan, og nye vindauge med utskorne listverk. Men innvendig var det framleis den gamle lemstova.



Bustadhus i sveitserstil på Voni.



Bustadhus på Brekke frå mellomkrigstida.

I 1920-åra kom det ein reaksjon på sveitserstilen. Den vart sett på som unasjonal, og det vart nå henta fram førebilete frå eldre norsk byggjeskikk. Ein stil som etter kvart avløyste sveitserstilen og førte vidare det kvadratiske grunnplanet er det ein kan kalle nyklassisismen på bygdene: eit hus på ei og ei halv høgd med ark på framsida og sving på takskjegget.

I mellomkrigstida kom så funksjonalismen inn i villarkitekturen. Karakteristisk er den kvadratiske bygningskroppen med heilvalma flatt tak og hjørnevindaug. Husa vart nå forma etter funksjon og behov, og det er på denne bakgrunnen ein må sjå typehusa som kom på marknaden i 1950-åra.

Svært mange av bustadhusa i Aurland er ombygde og påbygde. Ein del hus er også svært forfalne fordi de ikkje er i bruk. Dette gjeld særleg hus som har vore nytta som husmannstover.

Stabbur

Eit anna viktig hus på garden var stabburet. På fleire bruk er det to stabbur, eit for sjølve folket og eit mindre kårstabbur. Det finst fleire typar stabbur: 1. Eit tømra rom med inngangsdør i gavlen, 2. Stabbur der inste rommet var av lafta tømmer og med skot i reisverk, og 3. To tømra rom med inngangsdør i brystveggen. 4. To tømra rom med ein inngang i gavlveggen og ein i brystveggen. På enkelte gardar, t.d. Loven, Tero og Otternes, har det vore fjøs under stabburet. Dette finn vi også fleire andre stader i Indre Sogn.

Stabburet er ein bygningstype som det framleis finst mange att av, men mangel på bruk har gjort at mange er i nokså dårleg stand.

Eldhus

Eldhuset var grovkjøkkenet på garden. Her var det bryggja, bakt og laga mat. Før var det eldhus på dei fleste gardane i Aurland. Eldhuset var som oftast ein eigen bygning, men kunne også vere bygd til eit anna hus. På nokre gardar var også smia i eldhuset. På grunn av brannfaren vart eldhusa ofte bygd i naturstein og plassert i utkanten av tunet. Husa har berre eit rom, med inngangen i den eine gavlveggen, og med skorstein og grue midt på den andre gavlveggen.

Løe, fjøs og stall

Tidlegare var det vanleg med eigne hus til for og ulike husdyrslag. Den eldste typen løer vi kjenner hadde tredelt grunnplan: kornbrot, høybrot og låve mellom brota. Tufta følgde alltid terrenget, d.v.s. at i skrått lende låg det eine brotet høgare enn det andre. Løene i Aurland var nesten utan unntak lafta. Løa låg som regel i nærleiken av fjøset. Enkelte stader, som t.d. på Vikesland og på Frambøgarden på Loven, ser vi også at dei to bygningane var bygd saman. Sau og kyr kunne enten ha kvart sitt fjøs, som t.d. på Skjerdal, eller dei kunne vere samla i eit felles fjøs. På bruk nr. 3 på garden Flåm er det t.d. registrert eit lafta fjøs med plass til kyr, sau og hest.



Stabbur på Belle, Vassbygda.



Eldhus på Berekvam.

Dei få stallane som står att er stort sett små lafta hus med inngang i gavlen, og høyløe over. Slike hus er registrert m.a. på Li, Otternes, Kvam, Ås og Nedre Bjørgo. På Otternes inneheld stallen også rom for geiter.

Etter kvart vart det meir og meir vanleg å samle forrom og husdyrrom under eitt og same tak, og slike eldre bygningstypar som er nemnde ovanfor er derfor nokså sjeldne. Når endringa fann stad er ikkje tidfesta, men ein trur at i Indre Sogn skjedde det på byrjinga av 1800-talet. I Aurland er det ikkje registrert slike løer eller driftsbygningar som er eldre enn om lag 1850.

Den vanlegaste typen driftsbygning er ein lafta konstruksjon i to høgder med ei underhøgda i stein og ei overhøgda i tre. Overhøgda hadde som oftast ein tredelt grunnplan: kornbrot, høybrot og låve mellom brota. I underhøgda var fjøset med plass til kyr og eventuelt også geit, sau, gris og hest. Bygningane er mest alltid lagt i ein bakke, slik at ein får ein naturleg inngang til både høgdena. Storleiken varierer svært frå 40 til 150 kvadratmeter i grunnplanet.

Andre bygningar

Andre vanlege bygningar på garden var smie, korntørke og utløe. Ein del av gardane hadde også nausta. Alle desse bygningstypane er nå i ferd med å forsvinne på grunn av manglande bruk.

Smia og korntørka vart ofte bygd i naturstein, men kan også vere lafta. I likskap med eldhuset har dei eit rom med inngang i gavlen. På grunn av brannfaren vart dei ofte plasserte i utkanten av tunet.

Utløer fanst det gjerne fleire av på gardane, både i utkanten av innmarka eller på eigne slåtteteigar. Dei eldre utløene er som regel lafta eller bygde i ein grindkonstruksjon, medan nyare løer helst er bygde i bindingsverk. På enkelte gardar har det også vore eigne lauvskjul.

Nausta vart enten bygde med sidevangar i mura gråstein og med takkonstruksjon i treverk, men dei kunne også vere lafta. Det kan virke som om nausta i mur gjennomgåande er eldst. Ofte er nausta til fleire gardar samla i klyngjer nede ved sjøen. Det var ikkje uvanleg at nausta hadde lem med plass til høy over sjølve båtnaustet.

Stølsdrifta og bygningsmiljøet.

Dei fleste gardane hadde to eller fleire stølar, og kunne dermed utnytte beiteområda etter kvart som dei vart produktive. Vårstølen låg gjerne rett over kanten av fjellplatået. Den vart nytta i to til tre veker i juni/juli, og likeins i august/september. Gangavstanden var gjerne ein til tre timar. Fjellstølen kunne liggje åtte til ti timars gange frå garden, og vart nytta i juli og august.

Dei ulike bruka på kvar gard hadde som oftast støl på same staden, men i enkelte tilfelle var det fleire gardar på same stølen. Det mest vanlege var



Løe på Bakka.



Utløe i Stundalen.

stølsgrender med tre til fire brukarar, men dei kunne også vere større. På Grimsete var det heile sju brukarar og atten hus.

Det er i hovudsak tre typar hus ein finn på stølane: sel, fjøs og løe. Den sentrale bygningen var selet. Det hadde som regel ein todelt grunnplan med sel og skot. Selet er det rommet budeia budde og der ho lagra produkta, medan skotet hadde grue og vart nytta til koking.

Vi har døme på treromssel med skot, innsel og mjølkebu, men den vanlegaste typen var toromssel. Inngangen var som oftast i gavlveggen i skotet, medan den motsette gavlveggen hadde vindaug. Byggjemåten varierer, og sela kan enten vere bygd heilt i tre, heilt i stein eller med skotet i stein og lafta innsel. Truleg har tilgangen på byggjematerialar vore avgjerande.

På enkelte stolar finn vi også eigne fjøs, men dei fleste er svært forfalne. Mykje tyder på at det var meir vanleg med eigne fjøs før omlegginga frå kyr til geiter ved hundreårsskiftet. Dei fjøsa ein i dag finn som eigne bygningar har stor likskap med fjøsa heime på garden. Det er rektangulære bygningar med inngang i gavlen og båsar på kvar side av ein midtgang. Materialbruken har veksla mellom tre og stein.

Fleire stader er det sel og fjøs i same bygningen. I t.d. Norheimsdalen var sel og fjøs bygde saman, medan sela i t.d. Undredal har fjøs i underhøgda. Fjøset går inn under heile innselet og halve skotet. På Voss vart denne typen kombinert sel og fjøs vanleg om lag 1850. Før det var det vanleg å ha sel og fjøs kvar for seg (Tyssen 1985, s. 23).

På ein del stolar, særleg vårstølane, har ein også hatt eigne små løer til høyet. Dei eldste er lafta eittroms hus med luftige vegger. Stølshøyet vart da lagra på stølen og ført heim til garden om vinteren.

Dei mange stølane i kommunen fortel om kor viktig det har vore å utnytte beiteressursane i fjellet. Med omleggingane i jordbruket er stølshusa komne meir ut av bruk. Berre eit fåtal av eigarane ser seg i stand til å ta vare på husa, og resultatet er at dei fleste stølshusa er nokså forfalne. Enkelte av husa blir nytta til fritidsformål og er i god stand, men få heilskaplege stølsgrender er tekne vare på. Dermed er ein viktig del av kulturlandskapet i fjellet i ferd med å bli borte.



Spor etter utmarksdrifta: løypestrengsfeste.



Sel, Kvammdalen.

5. Kulturminnevernet i Aurland

Eit statusoversyn

Ein vil her gje eit oversyn over kva for kulturminne som er verna i kommunen. Vern blir her tolka i ei vid meining av ordet og dekkjer alt frå kulturminne som er automatisk freda etter Lov om kulturminner til kulturminne som er sette i stand med hjelp av økonomiske tilskot frå kommunen. Kulturminna blir presentert etter kva for vernestatus dei har. For meir informasjon om dei enkelte kulturminna viser ein til kapittel 8.

Faste fornminne freda etter § 4 i Lov om kulturminner

Alle faste fornminne, inkludert kyrkjer og kyrkjegardar frå mellomalderen, er automatisk freda etter Lov om kulturminner. Fornminna er freda enten dei er registrert og/eller grove ut eller ikkje. Dette inneber at det ikkje er lov å gjennomføre tiltak som kan skade, dekkje til, skjule eller på annan måte skjemme eit fast fornminne eller det næraste området rundt fornminnet.

Fornminnebestanden i Aurland er likevel blitt svært redusert berre dei siste tiåra. Særleg gjeld dette i låglandet, der utbygging av bustadfelt og dyrking av innmarka på gardane har ført til at t.d. gravfelt er blitt raserte. Dette medfører m.a. at det einaste kjeldematerialet vi har frå forhistoria er i ferd med å gå tapt.

Kulturminne frå nyare tid som er freda etter § 15 i Lov om kulturminner

Åbelheim (g.nr. 9, b.nr. 1)

Den tidlegare prestebustaden Åbelheim på Aurlandsvangen, er det einaste nyare kulturminnet i Aurland kommune som er freda etter Lov om kulturminner. Huset vart bygd som bustad for soknepresten Aabel i 1830-åra, men delvis med materialar etter kapteinsbustaden som stod på tomta før. Aabelheim vart freda i 1941, og har sidan 1943 blitt nytta som pensjonat.

Kulturminne underlagt særskilt vern etter Lov om kirker og kirkegarde

Alle kyrkjer og kyrkjegardar frå tida etter reformasjonen som er eldre enn 90-100 år, er underlagt særskilt vern etter Lov om kirker og kirkegarde. Dette inneber restriksjonar når det gjeld ombygging, riving, ny busetnad i nærleiken av kulturminne m.v. Dei kulturminna dette gjeld er:

- Flåm kyrkje (1667)
- Bakka kyrkje (1859)
- Kyrkjegarden på Østerbø (1850-åra).



Åbelheim. Freda etter Lov om kulturminner.



Høydal. Regulert til spesialområde for bevaring etter Plan- og bygningslova.

Område regulert til spesialområde for bevaring etter § 25.6 i Plan- og bygningslova

Først dei seinare åra har kulturminnevernet blitt direkte innlemma i arealplanleggingsarbeidet ved at område er regulert til spesialområde for bevaring etter bygningslova. Dette inneber som kjent at bygningsrådet kan nekte riving av verneverdige bygningar, og at eventuelle nybygg eller tilbygg blir tilpassa den eksisterande busetnaden. Alle bygningssaker i slike område skal bli lagt fram for kulturstyret og/eller Fylkeskonservatoren.

Aurlandsvangen

Reguleringsplanen for Aurlandsvangen vart stadfesta 25. juni 1987. Den var eit resultat av ein langvarig prosess, der ein måtte vise omsyn til ei rekkje ulike interesser. Medan reguleringsplanen frå 1958 ville føre til at store delar av den gamle og særmerkte busetnaden vart reven, var eit av hovudmåla i den nye planen å ta vare på dei antikvariske og miljømessige kvalitetane på Aurlandsvangen. Store delar av Aurlandsvangen vart derfor regulerte til spesialområde for bevaring.

Bevaringsområda omfattar m.a. bygningane på nordsida av torget, som er av dei eldste og mest intakte på Aurlandsvangen, og kvartalet ved kyrkja. Nybygg og endringar skal skje på nedsida og sørsida av torget. I området sør for kyrkja er det planlagt nytt rådhus.

Undredal sentrum

Hovudmålet med reguleringsplanen for Undredal sentrum, som vart stadfesta 20. oktober 1986, var å leggje til rette for utbygging av nye arbeidsplassar, samstundes som ein fekk verna det særprega miljøet og karakteren til staden. Av 52 registrerte bygningar er om lag 30 vurdert som verneverdige. Ein har i vurderinga av verneverdi brukt alder som kriterium, og dei verneverdige bygningane omfattar alle som er bygde før eller rett etter 1900. I tillegg er det også fatta vedtak om at andre faste kulturminne som gamle vegar, bryggjer, elveførebygging m.v. skal vernast. Spesialområdet omfattar grovt sett kvartalet mellom vegen på øvre sida av kyrkja og "gata" som går opp frå ferjekaia.

Høydal (g.nr. 3, b.nr. 2)

Våningshusa på garden Høydalen ligg i dag midt inne i eit nytt bustadfelt. Det gamle gardstunet og hagen nedanfor bustadhusa er øydelagde, men sjølv husa er bevart og regulert til spesialområde for bevaring. Reguleringsplanen for Høydalen bustadfelt vart stadfesta 26. oktober 1984.

Område regulert til landskapsvernområde etter § 5 i Lov om naturvern

Postvegen Bleiklindi - Styvi

Direktoratet for naturforvaltning vedtok 7. juli 1989 å mellombels verne området mellom Skalmenes til Knukaneset i Nærøyfjorden som landskapsvernområde etter Lov om naturvern. Eit av måla har vore å verna den gamle postvegen mellom Bleiklindi og garden Styvi.

Bygningar som har motteke økonomisk tilskot til rehabilitering

Otternes (g.nr. 33, b.nr. 1 - 4)

Den høgast prioriterte verneoppgåva for kommunen dei siste åra har vore istandsetjinga av bygningane på garden Otternes. Planen er at tunet skal ha ein museal funksjon. Sjølve restaureringsarbeidet byrja alt i 1973, men først i 1983 kom arbeidet i gang for fullt. I dag er sju av husa sette i stand, hovudsakleg med kommunale midlar, men også med støtte frå fylkeskommunen.

Skulehuset Folkvang i Flåm (g.nr. 36, b.nr. 7)

Skulehuset vart bygd i 1862, og er den eldste attverande skulebygningen i Aurland. Huset vart brukt som skule fram til 1914, og seinare både som kontor i samband med bygginga av Flåmsbana og som bustad. I 1977 kjøpte kommunen skulestova og sette ho i stand. Huset blir i dag nytta som vevstove.

Gamle aldersheimen i Aurland

Den første aldersheimen i Aurland vart bygd i 1913-14 med Nils Frønningen som byggmeister. I 1987 kjøpte kommunen huset, og det blir nå arbeidd med å rehabilitere det. Huset skal brukast som ein kulturverkstad der ein kan samle husflid og andre aktivitetar.

Sinjarheim (g.nr. 21, b.nr. 1)

Sinjarheim er den mest intakte av høgdegardane i Aurlandsdalen. Arbeidet med å berge gardsmiljøet tok til sommaren 1988 etter initiativ frå Fortidsminneforeningen, og er blitt utført ved hjelp av dugnadsarbeid frå m.a. medlemmer av Fortidsminneforeningen og Den norske turistforening. Prosjektet er i hovudsak finansiert av fylke og kommune.

Stovehus i Almen (g.nr. 20, b.nr. 1)

Garden Almen i Aurlandsdalen var ei tid husmannsplass under Sinjarheim. Det lafta eittroms stovehuset ligg under ein svær stein, den einaste staden ein var trygg for snø- og steinras. Stovehuset vart sett i stand ved hjelp av kommunale løyvingar i byrjinga av 1970-talet.

Fjøs i Stundalen (g.nr. 27, b.nr. 5)

Fjøs/geitfjøs i stein ved Stundalen Turisthytte frå om lag 1900. I 1986 fekk eigaren eit mindre tilskot av kommunen til rehabilitering. Fjøset er i dag eit kombinert stølsmuseum og forsamlingslokale.

Bustadhus på Aurlandsvangen (g.nr. 8, b.nr. 36)

Våningshus frå 1932, truleg byggmeisterhus. Syner påverknad både frå jugendstilen og nyklassisismen, og er eit typisk døme på ein villa frå si tid. Eigaren fekk i 1986 eit mindre tilskot av kommunen til rehabilitering.

Bustadhus i Skaimshagen (g.nr. 8, b.nr. 13)

Våningshuset, opphavleg brukt som kårhus, er truleg bygd i 1860-åra. Huset vart flytta frå Skaim i 1890-åra, og har vore ein del av eit gardsanlegg. Dei andre husa på garden vart rivne om lag 1970. Eigaren fekk i 1986 eit mindre tilskot til rehabilitering av kommunen.

Vangen Motell (g.nr.9,b.nr.2)

Sjølve hotellbygningen vart restaurert i 1970-åra, men i 1986 fekk eigaren eit mindre tilskot av kommunen til utbetring av husa på øvre sida av hotellet. Bygningsrekkja består av stabbur, utedo/duerhus, telegrafstasjon, og eldhus /bakeri/stall. Den er truleg sett opp om lag 1860.

6. Grunnlagsmateriale for planen

Det finst ulike kunnskapskjelder om kulturminna i Aurland: arkivmateriale, registreringsmateriale og trykte kjelder som bygdebøker m.v. Ei viktig kjelde i arbeidet med denne kulturminneplanen har vore materiale frå ulike kulturminneregistreringar. Ein vil derfor gi eit oversyn over dei viktigaste av desse registreringane. For eit meir fullstendig oversyn over kva som finst av kjelder om kulturminna i kommunen viser ein til appendixet bak i planen.

Landsomfattende registrering av faste kulturminner i Norge fra etterreformatorisk tid (SEFRAK)

Registreringa av faste kulturminne i Aurland vart sett i gang i 1983, og omfattar bygningar og restar etter bygningar bygd før 1900. Hittil er seks av dei ti grunnkrinsane ferdig registrert: Vangen, Utbygda, Dalen, Flåm, Berekvam og Myrdal. I grunnkrinsane Ohnstad og Undredal har registreringane byrja, og i tillegg står det att å registrere Nærøy og Vassbygda. Til saman er det registrert om lag 830 objekt.

Landsomfattende registrering av fornminner for Det økonomiske kartverket

I samband med utarbeidinga av det økonomiske kartverket, utførte Historisk Museum i Bergen i 1976-77 registreringar av faste fornminne i kommunen. Desse registreringane omfattar synlege, faste fornminne i område med busetnad under 600 m.o.h. og utgjer i alt 27 samlingar av fornminne.

Vassdragsregistreringar

I samband med kraftutbygginga vart det utført arkeologiske registreringar og utgravingar langs Aurlandsvassdraget i 1966-67 og 1971. I same område skal det også ha blitt utført etnologiske registreringar, men ein har ikkje klart å få fatt i registreringsmaterialet.

I 1978-79 vart det i samband med Verneplan for vassdrag - 10 års verna vassdrag utført kulturminneregistreringar langs Flåmsvassdraget, Undredalsvassdraga og Vossovassdraget. Registreringane omfattar både faste fornminne og nyare faste kulturminne.

Andre registreringar

Historisk Museum utførte i 1944-46 registreringar av fornminne i Aurland. Desse vart i 1954 publisert i "Førhistoriske minne i Sogn. Aurland prestegjeld" av Per Fett.

Av seinare registreringar utført av Historisk Museum kan ein nemne: registreringar i Flåmsvassdraget i 1981-83, registreringar langs kraftlinjetraseen Aurland - Hol i 1987 og registreringar i fjellområda Skjerdal - Vestredalen i 1988.

7. Kriterium for bevaring og klassifisering av objekt

Kriterium for bevaring

Alle kulturminne frå før 1537 er som nemnt freda etter Lov om kulturminner. Når det gjeld kulturminne frå nyare tid er det naudsynt å gjere eit utval. Med den breie definisjonen vi har av kulturminne er det klart at det verken er naudsynt eller mogleg å bevare alt. Det er vanskeleg å finne fram til eksakte, objektive kriterium for kva som bør bli verna. Ei vurdering av verneverdien til eit objekt vil variere ut frå personen som ser, kva slags bakgrunn han har, og ut frå det fagsynspunktet han nærmar seg problemet. Samfunnet si haldning til bevaring blir også endra over tid. Ein kulturminneplan kan derfor ikkje skrivast ein gong for alle, men må bli oppdatert med jamne mellomrom.

I Plan- og bygningslova og Lov om kulturminner blir det nytta fem omgrep som det skal bli lagt vekt på ved vurdering av verneverdien til eit objekt. Det er historisk verdi, antikvarisk verdi, kulturell verdi, arkitektonisk verdi og kulturhistorisk verdi. Dette er samleomgrep, og i lovverket blir det ikkje gitt definisjonar av dei. Omgrepa er derfor lite brukande som kriterium for bevaring.

Lista nedanfor inneheld kriterium eller delverdiar som er meir praktisk retta, men som dekkjer innhaldet i samleomgrepa. Verneverdien til eit kulturminne er ei samla vurdering av fleire ulike aspekt eller delverdiar. Delverdiane er i stor grad avhengige av kvarandre og nokon glir over i kvarandre utan skarpe skilje.

Informasjonsverdi og historisk verdi

Evna eit kulturminne har til å fungere som kjelde eller som kunnskapsberar om livet til menneska i eldre tider avgjer den historiske verdien. Faste kulturminne er primærkjelder, og er ofte dei einaste minna etter samfunnsgrupper og sider ved livet som ikkje har nedfelt seg i skriftlege kjelder. At objektet er lett tilgjengeleg aukar også verneverdien.

Det typiske

Verneverdien til eit objekt aukar dersom det er eit typisk døme på ei gruppe objekt innan eit geografisk område og frå ein viss tidsbolk.

Det sjeldne

Kulturminne som det finst få att av. Dette kan både dreie seg om objekt som har vore vanlege, eller objekt som er eit framandelement i høve til lokal byggjeskikk og lokale sosiale og økonomiske tilhøve.

Det opphavlege

Verneverdien aukar dersom eit objekt har den opphavlege utsjånaden.

Historisk utvikling

Eit objekt kan også ha verdi dersom det syner endringar som objektet har gjennomgått over lengre tid. Dersom desse endringane er typiske og tydelege aukar verneverdien.

Arkitektonisk verdi

Kulturminne som tilfredsstillar estetiske, kunstnarlege og praktiske behov frå sin tidsbolk.

Symbolverdi

Med symbolverdi meiner ein at objektet er eit nasjonalt, regionalt eller etnisk symbol. I særleg grad er dette knytt til kjende personar eller kulturelle og historiske hendingar. Symbolverdien vil variere for ulike grupper.

Identitetsverdi

Med identitetsverdi meiner ein at objektet gir menneska lokal, sosial, ideologisk eller teknisk identitet og tilhøyrse. Det er eit element i nærmiljøet som vi kjenner og som vi er vande med.

Teknisk tilstand

Ved vurdering av verneverdien blir det lagt vekt på om objektet er godt bevart og om det er mogleg å ta vare på det i framtida.

Bruksverdi

Teknisk tilstand og funksjonsverdi (objektet si tilpassing til ulike funksjonar) påverkar objektet sin bruksverdi.

Miljøverdi

Her vurderer ein verdien til objektet som ein del av ein større samanheng, t.d. eit gardstun, stølsmiljø, tettstad m.v. Det enkelte objekt treng ikkje vere verneverdig i seg sjølv.

Alder

Alder er neppe nokon verdi i seg sjølv, men er avhengig av andre delverdiar. Ofte er høg alder kombinert med det sjeldne. Generelt kan ein derfor seie at alle kulturminne frå før 1750 er bevaringsverdige. Det same gjeld kulturminne frå før 1850 som har sin opphavlege utsjånad.

Klassifisering av kulturminne etter verneverdi

Som ein arbeidsreiskap har ein valt å gradere dei verneverdige kulturminna som blir presenterte i planen i tre grupper:

- Gruppe A: Kulturminne med nasjonal eller svært stor lokal interesse. Kulturminne av ein slik kvalitet at det kan vere aktuelt å reise fredingssak.
- Gruppe B: Kulturminne med lokal interesse som bør bevarast. Kulturminne som har så høg verneverdi at dei bør sikrast ved særskilt tiltak, t.d. gjennom spesialregulering etter Plan og bygningslova.
- Gruppe C: Andre bevaringsverdige kulturminne. Spørsmål om endringar eller riving skal tillatast må her bli vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Ein må understreke at planen berre omfattar eit utval av dei verneverdige kulturminna som finst i Aurland. Planen må derfor ikkje bli oppfatta slik at dei kulturminna som ikkje er tatt med her er utelate fordi dei ikkje er verneverdige. Dette gjeld særleg kulturminne som kan bli vurderte i kategori C. Eit fleirtal av dei verneverdige kulturminna i kommunen vil tilhøyre denne kategorien, og dei C-objekta som blir presenterte i planen må derfor bli sett på som døme.

8. Kulturminne i Aurland. Forslag til verneplan

Faste fornminne


Kommunen har saman med fylkeskommunen ei viktig oppgåve når det gjeld å ta vare på fornminne. Tilrettelegging, skilting og annan informasjon om faste fornminne kan vere med på å gi folk i kommunen auka kunnskap om eigen bakgrunn og identitet, og opplevingsverdien på staden der fornminna ligg vil bli større. Samstundes vil auka kunnskap og ikkje minst publisitet vere med på å forme og styrke inntrykket av Aurland som ei gammal bygd med store kulturverdiar.

Dei faste fornminna i Aurland som blir presenterte her, er fornminne som ein meiner bør bli lagt til rette for publikum. Ved sidan av kriterium som det representative, det sjeldsynte, bevaringstilstand og informasjonsverdi, har ein derfor lagt stor vekt på lokalisering og lett tilgjenge.

Fornminne i låglandet

Gravrøyser på Aurland prestegard (g.nr.12, b.nr.1)


På Prestegarden, nå Sogn Jord og Hagebruksskule, har det ein gong vore fleire store gravfelt. Per Fett kunne i 1954 rekonstruere om lag 21 haugar og røyser fordelt på fire gravfelt, men i dag står berre fem av haugane att.



Tidlegare Aurland Prestegard.
Utsnitt av Økonomisk kartverk. Målestokk 1:5 000.



*Aurlandsvangen med mellomalderkyrkja sett frå Rygg.
Foto: Bente Myhre, Historisk Museum, Bergen.*



*Ryggjakyrkjaområdet.
Utsnitt av Økonomisk kartverk. Målestokk 1:5 000.*

Den største gravhaugen ligg i den nordlege delen av tunet. Haugen er heile 36 meter i diameter og tre til fem meter høg. Han er bygd av stein med eit tjukt torvlag over. På toppen står ein bautastein, men denne skal visstnok ikkje vere opphavleg.

På den flate, dyrka marka nedanfor Hatlebergurdi ligg to andre haugar. Begge er 25 m i diameter og to og ein halv og tre meter høge. Det er sagt at det er sølv i den eine haugen, for det er sett blått lys over han.

Dei to siste haugane ligg i den nordlege delen av garden, om lag 250 meter aust for tunet. Den såkalla "Kaffihaugen" er 30 meter i diameter og tre meter høg, medan "Ospehaugen" er 20 m i diameter og to og ein halv meter høg. "Kaffihaugen" vart delvis graven ut under leiing av biskop Neumann i 1830, og på botnen vart det funne ei hellekiste. Det er enno spor etter gravinga i den eine delen av haugen.

Gravhaugane på prestegarden er av dei største i heile fylket, og må slik bli karakteriserte som sjeldne. Haugar av tilsvarende storleik finn ein elles berre i rike jordbruksbygder. Det er tydeleg at garden har vore sete for ei rik slekt. Dette syner også dei rike funna som er gjort i området.

Med ei viss tilrettelegging vil fornminna på Prestegarden kunne bli eit område med stor opplevingsverdi og stor pedagogisk verdi. Området blir mykje brukt til ulike aktivitetar, men ligg også sentralt til i høve til Aurlandsvengen. For å auke opplevingsverdien bør ein del av vegetasjonen på og kring gravhaugane bli fjerna, slik at dei kjem betre til syne. Kraftlina som går over den eine av gravene, bør også om mogleg bli fjerna.

Kyrkjetuft og gravplass på Rygg (Ryggjakyrkja)

Ryggjakyrkja er første gong nemnt i skriftlege kjelder i 1322, men ein trur at kyrkja kan vere bygd før kyrkja på Aurlandsvengen, d.v.s. på 1100-talet. Kyrkja vart truleg reven i 1570-åra, men gravplassen skal ha vore brukt fram til 1806, da Vangen kyrkje fekk eigen gravplass. Biskop Neumann fortel i si reiseskildring at ein tydeleg kunne sjå restane av grunnmurane med tre av hjørnesteinane. Han meinte koret hadde vore om lag 4,3 x 5 meter, og skipet om lag 4,7 x 6,5 meter. I sør og vest kunne ein sjå restane av kyrkjegarden.

I dag er det få spor etter kyrkja og kyrkjegarden. Ein kan likevel sjå ein av hjørnesteinane etter kyrkja, og enkelte spor etter kyrkjegarden. I området ligg også noko ein trur kan vere ei likhelle og den såkalla "Bønesteinen". Eit segn fortel at sju overlevande frå Svartedauden skal ha samla seg kring denne steinen i bøn.

Ryggjakyrkjaområdet fungerer i dag som friområde til bustadfeltet på Rygg. Det er utført ei finplanering og opparbeiding av grasvoll på kyrkjegarden, men det er ikkje gjort noko med sjølve kyrkjetufta. Opplevingsverdien av området ville blitt mykje større dersom tufta vart stukken opp. Ein vil også foreslå at bautasteinen frå Ty, som i seinare tid er sett opp for å markere kyrkjetufta, blir fjerna.

Gravhaugar på Ohnstad (g.nr.30, b.nr.1-2)

Mykje tyder på at garden Ohnstad var ein av dei store og sentrale gardane i Aurland i vikingtida. Det er registrert fleire gravhaugar på garden, og det er gjort fleire funn, m.a. plyndringsgods frå vikingtida. Fleire av gravhaugane er blitt fjerna i løpet av dei seinare åra.


Ein av gravhaugane som ligg att, er den såkalla "Tinghaugen". Haugen ligg ved gardsvegen rett andsynes "Lensmannsstova". Haugen måler 22 meter i tverrmål og er tre meter høg, d.v.s. ein nokså stor haug. Den er dekt av tjukk grastorv, og langs haugkanten går ei kjede av stein som nå er dekt av jord. Namnet tyder på at haugen kan ha vore nytta som tinghaug. Flata vest for haugen heiter "Leikarvollen".

Om lag 15 meter sør-sørvest for "Tinghaugen" ligg ein annan gravhaug. Denne er 15 meter i tverrmål og om lag ein meter høg. Haugen er sterkt skadd i midten.

Gravhaugane på Ohnstad ligg sentralt til i høve til vitjing i "Lensmannsstova", men haugane treng restaurering. På "Tinghaugen" bør ein fjerne bed og busker, slik at forma kjem betre fram. Fotkjeda bør gravast opp. Ein bør også vurdere å restaurere og eventuelt grave ut den andre gravhaugen, fjerne vegetasjon m.v., slik at den blir lettare å sjå frå vegen.



"Tinghaugen" på Ohnstad.



Ohnstad.
Utsnitt av Økonomisk kartverk. Målestokk 1:5 000.

Gravrøyser på Fronnes


På Fronnes, på vestsida av fjorden i utmarka til Ohnstad, ligg det ni gravrøysar. Dei ligg etter kvarandre på sørvestsida av elva, ytst på kanten av ein terrasse, og med godt utsyn innover mot Fretheim, utover fjorden og tvers over mot Otternes. Ein teori er at staden har vore gravplass for garden Otternes.

Røysene er alle mura opp av stein og fleire har store søkk i midten, noko som kan skuldast at det har vore organisk materiale inne i røysene. Tverrmålet varierer frå om lag tre og ein halv til 12 meter, og høgda frå ein halv til halvannen meter. Det har ikkje utført utgravingar i røysene.

På nordsida av elva om lag ti meter frå skråninga ned mot sjøen er det også registrert ei gravrøys, og ei hustuft. Røysa er om lag seks meter i diameter og ein halv meter høg. Tufta ligg om lag 30 meter nordvest for røysa. Ho viser seg som eit svakt søkk i marka, men dei rette veggkantane er godt synlege. Ein veit ikkje kor gammal tufta er.

Formminnefeltet på Fronnes har stor opplevingsverdi, og er det feltet i kommunen der ein finn flest gravrøysar samla. Med litt tilrettelegging kunne området blitt eit populært båtutfartsområde. Her er vakker natur, rik vegetasjon og fint for soling og bading. Frå området går det også stig opp til fjellet.

I første omgang burde ein fjerne ein del av vegetasjonen kring gravrøysene, slik at det blir lettare å sjå dei. For å sikre området rundt formminnefeltet bør ein regulere Fronnes til spesialområde for bevaring etter Plan- og bygningslova.



*Fronnes.
Utsnitt av Økonomisk kartverk. Målestokk 1:5 000*

Gropasteinar, steingard og hustuft på Veum

Gropasteinar og steingard på Kvaolahaugen

På garden Veum i Vassbygda er det registrert fleire fornminnesamlingar. Det mest spesielle funnet ligg på Kvaolahaugen, om lag 950 meter nord for tunet, på øvre sida av vegen som går opp forbi Midje. På toppen av haugen, med fin utsikt ned i dalen, ligg det tre store fylittblokker med til saman 98 skålgroper. Gropene er spreidde utover toppen av steinane i eit tilsynelatande tilfeldig mønster. Alle står likevel slik på berget at dei vil kunne halde på væske. Under kanten på eine steinen er det også eit markert overheng som formar ei hule på om lag halvannen meter, og inst i denne er det eit mindre rektangulært hol. Dei tre gropasteinane blir delvis bundne saman av ei steinrekkje som ligg kring toppen av haugen.

Truleg har dette ein gong har vore ein heilag plass. Namnet Veum tyder heilagdom, og slike gropasteinar som ein finn her, trur ein kan ha samanheng med ofring. Plasseringa av steinane kan også underbyggje denne teorien. Heilage stader ligg som oftast på frittliggjande stader med god utsikt. Fornminnesamlinga er svært sjeldan. Det er ikkje registrert noko liknande andre stader i landet. Fornminna på Kvaolahaugen har stor opplevingsverdi, er lett tilgjengelege og bør bli lagt til rette for publikum. Området bør bli rydda for ein del vegetasjon, og ein bør også vurdere å fjerne noko av mosen på steinane slik at skålgropene kjem betre fram. Det bør vidare bli sett opp eit informasjonsskilt ved vegen med kart der gropasteinane er merka av. Ein bør også vurdere å sette i stand ein eller fleire av dei karakteristiske utløene i området.


Hustuft på Kvaoledn

Om lag 50 meter sør for Kvaolahaugen ligg ei hustuft, fleire rydningsrøyser og nokre tydelege åkerreiner. Tufta måler innvendig om lag 9 x 3 meter, og veggene er steinblanda jordvoll utan synleg muring. Det er mogleg at det finst fleire tufter i området, men denne er den einaste som er lett synleg.

Kvaoledn er omtala i samband med eit epitafium i Aurlandskyrkja til minne om ein bergenskjøpmann som drukna i Vassbygdvatnet i 1613. I følge bygdetradisjonen vart han myrda av folk frå Vassbygda, og ein slektning av enkja dukka seinare opp på eit ting i Aurland for å spørje om nokon hadde greie på eigedomen Kvålen (Gunnarson 1929).

Kvaoledn var etter tradisjonen ein gard i gammal tid, men i og med at staden i 1613 vart omtala som teig, må øydegarden vere eldre enn frå det 17. hundreåret. Dette blir også underbygd av byggjemåten i tufta. Kvaoledn kan derfor vere det einaste kjende øydegardsanlegget i Aurland.

Hustufta bør bli skilta, eller eventuelt bli avmerkt på kartet saman med fornminna på Kvaolahaugen.



*Kvaoledn, Veum.
Utsnitt av Økonomisk kartverk. Målestokk 1:5 000.*



*Kvaolahaugen.
Oversiktsbilete.
Foto: Svein Indrelid.
Historisk Museum,
Bergen.*



*Den sentrale gropasteinen på Kvaolahaugen.
Foto: Svein Indrelid. Historisk Museum, Bergen.*


Fornminnefelt i Lunden

Hellekiste på Fretheim (rekonstruert)

Hellekista ligg i bustadområdet i Lunden, og er bygd opp av to rekkjer med kantstilte heller. Kista som er om lag 2,5 x 0,6 meter, var opphavleg dekt av ei stor og to mindre heller. Ho er nå rekonstruert, men berre den store dekkhella ligg over. Kista er datert til folkevandringstida.

I følge tradisjonen vart kista funnen kring siste hundreårsskiftet ved at ein av drengene på Fretheim, Sjur Lunden, sette ploegen fast under eine dekkhella. Det vart vidare funne våpen og bruksting som nå er komne bort. Seinare vart staden liggjande som ei "øy" ute i åkeren.

Da åkeren vart lagt ut til byggjefelt på 1970-talet, tok den kommunale Kultur- og miljøvernemnda opp spørsmålet om utgraving og restaurering med Historisk Museum. Kista vart da granska og så rekonstruert nokre meter frå den opphavlege funnstaden. Det er nå laga ein liten park kring kista, og Historisk Museum har sett opp eit informasjonsskilt.



Lunden, Fretheim.
Utsnitt av Økonomisk kartverk.
Målestokk 1:5 000.


Bautasteinar på Fretheim

Like i nærleiken av hellegrava ligg eit fornminnefelt som opphavleg inneheldt fleire gravhaugar og bautasteinar. Feltet er nemnt av Biskop Neumann som ei mengd låge gravhaugar på ei stor lyngslette. Det er gjort enkelte funn i gravhaugane, men det meste er kome bort. I dag står berre ein av bautasteinane att, men det ligg truleg att fleire flatmarksgraver innan feltet. Kommunen bør vere varsam med utbygging i Lunden.

På 1970-talet vart sju av dei opphavleg 17 bautasteinane som stod på Framigarden på Flåm førebels plassert i Lunden. Dei ligg nå nede som benker, men Historisk Museum arbeider med spørsmålet om å få reist bautasteinane. Museet har sett opp informasjonsskilt ved området, men ein bør vurdere å sette opp eit skilt også på Fretheim.

Gravrøyser på Dalsbotn

På garden Dalsbotn er det registret til saman åtte gravrøyser. Seks av røysene ligg på ein knatt kalla "Kistehaugadn", på øvre side av vegen om lag 400 meter nord for tunet. Gravrøysene er fem til åtte meter i diameter og ein



Dalsbotn.

Utsnitt av Økonomisk kartverk. Målestokk 1:5 000.


halv til ein meter høge. I fleire av gravene kan ein sjå restar av hellekister. Ein kjenner ikkje til noko funn frå røysene.

Fornminnefeltet ligg sentralt til for fotturistar i Flåmsdalen, og kan slik ha allmenn interesse. Røysene er svært tilgrodde, og er til dels vanskelege å få auge på. Eventuell skilting bør bli kombinert med restaurering.

Gravminne i Nærøy

Hellekiste på Hemri (g.nr.62, b.nr.1)

Hellekista ligg på ei slette ved elva om lag 40 meter frå den einaste attståande bygningen på bruket. Veggene i kista er mura, og dekte av ei helle på litt over 1 x 1 meter. Tradisjonen fortel at det kom sjukdom på folk som prøvde å grave i kista. Funn er ikkje kjent.



Styvi, Hemri og Skjerpi.
Utsnitt av Økonomisk kartverk. Målestokk 1:5 000.

Gravrøys på Skjerpi (g.nr.60, b.nr.3 og 9)

Røysa ligg på "Bruabrekko", midt mellom dei to bruka, og er åtte til ti meter i tverrmål og halvannen meter høg. Røysa er bygd av kanta, grov stein, og har eit stort krater i midten. Eine halvdel er nokså øydelagt. Eit funn er kjent frå røysa; ein sabel som i dag skal finnast på Stalheim turisthotell.

Gravrøys på Styvi (g.nr.58, b.nr.1)

Gravrøysa ligg midt på den flate halvøya på Holmostølen, om lag der den gamle postvegen tek til. Røysa er om lag 15 meter i tverrmål, og to meter høg med søkk i midten etter graving. Røysa er den største av sitt slag i kommunen, og segna seier at rikdommen på garden Tuft skal ha kome frå Holmarøysi. Gravminna i Nærøyfjorden er vanskeleg tilgjengelege, og det er derfor ikkje aktuelt å skilte dei på staden. Ein kunne likevel vurdere å sette opp eit informasjonsskilt ved ferjekaia på Gudvangen som informerte om dei faste fornminna og eventuelt også om lausfunn som er gjort i området. Gravrøysa på Styvi bør bli skilta på staden dersom den gamle postvegen blir tilrettelagt for bruk.

Fornminne i høg fjellet

Jernvinneanlegg, hustufter og kolgroper i området Fretheimsdalen - Seltuft

Øvst i Flåmsvassdraget, i området mellom Fretheimsdalen og Seltuft, er det registrert svært mange fornminne frå jernalder og mellomalder. Funnmaterialet er fordelt på fire ulike lokalitetar, og omfattar m.a. spor etter jernvinneanlegg og hustufter.

Jernvinneanlegg på Seltuft

På Seltuftøyri ligg det minst fire slagghaugar på ein låg, vid grusrygg ved Seltuftvatnet. Dette er restane etter det hittil eldst daterte jernvinneanlegget i Norge. C-14 dateringar har vist at anlegget skriv seg frå 3-400 år f. Kr. Det er likevel stor spreining på dei dateringane som er gjort. Dette tyder på at anlegget var i drift over lang tid.

Råstoffgrunnlaget for jernvinneverksemda på Seltuft var utan tvil dei jernrike myrane i området, men utvinninga må også hatt rikeleg tilgang på ved. Ein trur at veden vart funnen på staden, sjølv om det er lite skog her i dag.

I nærleiken av jernvinneanlegget er det funne fleire hustufter, men om desse kan ha samband med jernvinneanlegget, veit ein ikkje.

Kolgroper og groper på Ryggvedlhaug

Ryggvedlhaug er den andre funnlokaliteten med jernvinnespor i området, vel to kilometer nord for Seltuftøyri. Ryggvedlhaug er ein langstrakt, markert moreneavsetning, og langs ryggen av denne er det 15 groper. Dei er frå vel ein halv til noko over ein meter i tverrmål, er gryteforma og har i tilgrodd stand ei djupn på 20 - 60 cm. Prøvestikk har synt at fleire av gropene er vanlege kolgroper, men i eit par av dei er det funne jernslag. Desse ser ut til å vere blåstergroper med restar av jernvinneomn. Dateringar frå to av gropene syner at anlegget truleg er frå eldre jernalder.

Ein kan også nemne at fleire segn er knytt til området. I Ryggvedlhaug heldt dei underjordiske til, og ei ung jente frå bygda vart lokka inn i haugen av hulderfolket.

Kolgroper og hustufter på Finnabuedn

Den flate, vide og myrlendte dalbotnen mellom stølen Seltuft og Ryggvedlvatn heiter Finnabuedn. Her er det registrert fleire kolgroper og hustufter, og det er truleg desse som har gitt staden namn. Det er mange stadnamn med "finn" i fjellet, og "finner" vart ofte brukt om "folk som heldt til her i gamle dagar og som ein ikkje kjende noko meir til." Ingen av kolgropene eller hustuftene er datert, men det er nærliggjande å tru at dei kan vere frå same tid som jernvinneanlegga på Seltuft og Ryggvedlhaug.

Den eine fornminnesamlinga ligg på ein tørr grasbakke som stig slakt opp frå myra i dalbotnen lengst nord på Finnabuedn. Samlinga omfattar ei stor kolgrop



*Jernvinneanlegget på Seltuft under utgraving.
Foto: Svein Indrelid. Historisk Museum, Bergen.*


og ei nokså tilgrodd hustuft. Stigen mellom Seltuft og Fretheimsdalen går over funnstanden.

Den andre fornminnesamlinga ligg på ein flat grusterrasse på austsida av Finnabuedn, 250-300 m sør for den første. Denne omfattar ei hustuft og to kolgroper. Hustufta måler innvendig om lag 7,5 x 3,5 meter, og har låge, overgrodde vegger. Kolgropene ligg om lag 20 og 30 meter sør for tufta, og er om lag ein meter i tverrmål og 20 og 40 cm djupe. Særleg er den siste gropa godt synleg i terrenget.

Ein tredje funnstad ligg på ei tørr, skrånande slette i eit sørvest-nordaust-gåande dalføre vest for hovuddalføret. Her ligg ei lett synleg og godt markert hustuft, og noko ein meiner kan vere ei hustuft. 30-40 meter nord for tuftene er det fleire nokså regelmessige steinrekkjer som kan indikere at det ligg fleire tufter i området. Like ved desse ligg ei grop med ein diameter på halvannan meter.

Hustuft i Fretheimsdalen

Tufta ligg om lag 50 meter sørvest for innfallsosen i det oppdemde Fretheimsvassdraget, og teiknar seg som låge veggvollar med rektangulære søkk i mellom. Tufta har to rom, det eine måler innvendig 5,5 x 4 meter og det andre 4,5 x 3,5 meter.



Kartskisse over Flåmsdalen med fornminnelokalitetane i Gudmedalen og Fretheimsdalen - Seltuftområdet avmerkt.
Teikna av Svein Indrelid. Historisk Museum, Bergen.

Fornminna i Fretheimsdalen - Seltuftområdet har både stor opplevingsverdi og stor pedagogisk verdi. Fjellområdet er mykje nytta til turgåing, og turistforeningsstigen går delvis gjennom fleire av funnlokalitetane. Fornminna bør derfor bli skilta, eventuelt ved et større tilvisingsskilt på Seltuft, og mindre skilt ved dei andre lokalitetane.

Jernvinneanlegg og hustufter i Gudmedalen

I Gudmedalen om lag 1100 m.o.h. er gjort fleire interessante funn innanfor eit relativt lite område, m.a. restar etter eit jernvinneanlegg og fleire hustufter. Restane etter jernvinneanlegget ligg om lag ein kilometer aust-søraust for Gudmedalen støl, og omfattar ein slagghaug og fleire kolgroper. Ingen av funna er granska nærare, men prøvestikk syner at anlegget truleg er frå eldre jernalder.

Om lag ein halv kilometer frå stølsområdet og 3-400 meter frå jernvinneanlegget er det påvist minst 14 hustufter. Tuftene ligg innanfor eit område på knapt 100 x 50 meter, og ligg i to parallelle rekkjer på tvers av terrenget. Alle tuftene er bygd på same måten. Den eine gavlveggen er delvis graven inn i bakken, medan den andre er open og vender ut mot dalen. Veggvollane er låge, og har store steinar på innsida og jordvoll med stein på utsida. Innvendig storleik på dei fleste synest å vere om lag 4 x 6 meter.


To av tuftene er delvis gravne ut, og desse viser seg å vere 10 meter og 17 meter lange innvendig. Midt på golvet i begge tuftene var det restar etter ein hellelagt eldstad og slagglumpar. I den eine tufta er det funne enkelte gjenstandar som eit spinnehjul, ei halv perle m.v. Den eldste og største av tuftene er datert til eldre jernalder.

Det er som nemnt ulike teoriar om kven som dreiv dei tidlege jernvinnene. Indrelid (1988) ser ein samanheng mellom jernvinna og tuftene i området. Indrelid meiner at tuftene stammar frå tidleg stølsdrift, og at jernvinna vart driven som ei attåtnæring.



Hustuft nr. 3, Gudmedalen.

Foto: Svein Indrelid. Historisk Museum, Bergen.



Skisse av hustuffer i Gudmedalen.
Teikna av Svein Indrelid. Historisk Museum, Bergen.


Fornminnelokalitetane i Gudmedalen har stor pedagogisk verdi og opplevingsverdi. Området er nokså lett tilgjengeleg med køyreveg nesten fram til funnområda. Kommunen burde vurdere å utbetre siste delen av vegen. Det bør bli sett opp informasjonsskilt på staden, og skilt nede i dalen.

Dyregraver i Vestredalen

Anlegget ligg i Vestredalen ved nedre Bruhallvotni, på eit nes ved utløpet av vatnet, og på flata vest for vatnet. Det omfattar tre sikre og tre moglege dyregraver. Gravene er frå 1,3 - 2 meter lange, om lag ein meter breie, og frå 0,5 - 1,3 meter djupe. Gravene er mura ned i bakken, og er delvis omgjevne av jordvollar. Fleire av gravene er i god stand.

Anlegget er noko annleis enn dei som tidlegare er registrert i Aurland. Dei synest å vere gravne ned i meir sandhaldige sediment, og det finst ikkje spor etter ledegjerde. Det er mogleg at eventuelle ledegjerde knytt til gravene var i organisk materiale.

Anlegget ligg like ved vegen mellom Aurland og Hol, og er dermed lett tilgjengeleg. Det har stor opplevingsverdi og bør bli skilta.



*Vestredalen.
Utsnitt av topografisk kart.
Målestokk 1:50 000.*

Fangstanlegg og dyregrav i Berdalen og Rausmedalen-området


Fangstanlegg ved Klovefjell

Mellom Berdalen/Berdalsbotn og Rausmedalen ligg eit stort fangstanlegg. Det omfattar minst tre varderekkjer, 30 - 50 bogastiller, to dyregraver med ledegjerdesystem og fem til seks sirkelforma steinsetjingar som er tolka som fastringar. Anlegget er ikkje fullstendig registrert, og det kan hende at det er enda større. Alderen på anlegget er uviss, men truleg har anlegget hatt lang levetid og kanskje fleire byggjefasar. Det er funne ein jernspiss i området som er datert til tidleg mellomalder. Fangstanlegget er svært stort og lett tilgjengeleg. Det ligg ikkje langt frå turistforeningsstigen, og det bør bli sett opp eit informasjonsskilt med tekst og kartskisse ved anlegget. Ein føresetnad for dette er at ein gjennomfører ei fullstendig registrering av anlegget.

Dyregrav på Fossane, Rausmedalen

På austsida av Rausmedalen, midt mellom Fossane og dammen ved Langavatn, ligg ei dyregrav. Grava måler om lag 1,7 x 1 meter, og er litt over ein meter djup. Det er moglege spor etter ledegjerde ut frå to av hjørna. Grava er mura opp i ei ur og er rast noko saman, men ein kan tydeleg sjå at dette er ei grav. Alderen er uviss.

Dyregrava ligg midt i turiststigen, og bør bli skilta.



Berdalen - Rausmedalen-området.
 Utsnitt av Topografisk kart. Målestokk 1:50 000.



Frå fangstanlegget ved Klovefjell. Midt i biletet, ei dyregrav.
 Foto: Chr. Prescott. Historisk Museum, Bergen.

Faste kulturminne frå nyare tid

Ein har her prøvd å gjere eit utval av ulike typar nyare verneverdige kulturminne i kommunen. Ein må understreke at planen ikkje må bli oppfatta slik at dei kulturminna som ikkje er tatt med her er utelate fordi dei ikkje er verneverdige. For det første vil ei vurdering av kulturminne aldri kunne bli objektiv, for det andre manglar ein grunnlagsmateriale for ein del kulturminne. SEFRAK-registreringane er t.d. ikkje fullført, og registreringane dekkjer heller ikkje alle typar kulturminne. Kulturminne frå tida etter 1900 er ikkje med, det same gjeld tekniske kulturminne som vegar, bruer m.v. Kulturminne som alt er verna gjennom freding etter Lov om kulturminner eller som er regulerte til spesialområde for bevaring etter Plan- og bygningslova er ikkje med i presentasjonen.

Kulturlandskapet

Omgrepet kulturlandskap blir brukt i ulike samanhengar. Hovudtydinga av ordet er vel det kultiverte landskapet, som har samanheng med ulike driftsformer opp gjennom tidene. Ei anna tyding av ordet er kulturminne i kulturlandskapet - dei ulike landskapstypene med karakteristiske spor etter menneskeleg verksemd og busetnad, og der faste kulturminne av alle slag utgjer "inventaret" i landskapet (Brekke 1987).

Kulturlandskapsperspektivet snur opp ned på tradisjonelle kriterium for vern. Det blir tale om større grupper av kulturminne som historiske strukturar i landskapet, og det blir ikkje berre snakk om å bevare einskilde kulturminne, men kulturminne som del av eit miljø. I t.d. fjellområda er det ikkje berre snakk om å bevare eit enkelt sel eller fjøs. Det historiske biletet og landskapsopplevinga knyter seg til heile gruppa av sel og fjøs som har høyrte til stølsanlegget.

Kulturlandskapet blir handsama i ein eigen plan for Aurland, og vil derfor ikkje bli handsama her. Ein vil likevel trekkje fram ei tredje og svært vid tyding av omgrepet kulturlandskap, det ein kan kalle det historiske landskapet. I denne vide tydinga vil grupper av kulturminne som viser næringsstrukturar, handverkstradisjonar og sosiale institusjonar danne eit heilskapleg bilete av ei historisk utvikling innan ein landskapstype. Landskapstype i denne samanhengen har ei utvida tyding i form av eit naturgeografisk område som inneheld eit sett av historiske strukturar. Både tidsdimensjonen og romdimensjonen er med andre ord meir omfattande enn i det vi tradisjonelt meiner med omgrepet kulturlandskap. Det kan t.d. vere eit fjordlandskap, ein fjelldal eller ei fjellvidde med kulturminne og spor i naturen frå t.d. førhistorisk tid og fram til i dag. I Aurland kan ein særskild nemne tre verdfulle historiske kulturlandskap: Flåmsdalen, Nærøyfjorden og Aurlandsdalen.

Flåmsdalen

Flåmsdalen har både ein variert natur, eit rikt planteliv og eit stort mangfald av kulturminne, både når det gjeld tid og type. Her er spor etter bruk av



Parti frå Dyrdal, Nærøyfjorden.

Foto: Knud Knudsen. Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen.



"Utsigt ifrån en Fjäll-Grotta i Urlandsdalen i Bergens Stift."

Johannes Flintoe. Billedsamlingen, Universitetsbiblioteket i Bergen.

utmaksressursar som fangst og stølsbeite, spor etter råstoffproduksjon som jernvinneanlegg og ulike typar bustader som opne buplassar, hellerar og tufter.

Av nyare kulturminne utgjer gardsbygningane det mest talrike. Gardane Brekke, Fretheim og Flåm ligg nede i dalen, har stor innmark, og er dei største og mest lett drivne. Dalsbotn, Tunshelle, Berekvam, Melhus og Kårdal ligg i dalbotnen og har mindre og brattare innmark, medan Indrelid, Ryum, Holo, Geise og Vidme er høgdegardar som ligg 400-450 m.o.h.

Ein kan tydeleg sjå korleis skiljet mellom gardane i dei ulike topografiske områda vart forsterka ved omlegginga av jordbruket rundt hundreårsskiftet. Det flate terrenget nede i dalen gjorde at drifta lettare kunne bli lagt om frå utmarksdrift til innmarksdrift, og dette førte igjen til ei oppløysing av klyngjetunet, og færre og større hus på kvar gard. Oppe i dalen derimot heldt ein på den tradisjonelle tunskipnaden og byggeskikken.

Jernbanen og anleggsvegen gjennom dalen fortel om framveksten av kommunikasjonane. Saman med kraftverket Kjofossen viser desse kulturminna sider ved det teknologiske nivået i Norge i første halvdel av dette hundreåret.

I den 13 kilometer lange Flåmsdalen og dei nære fjellområda finn vi dermed eit mangfald av minne som viser korleis menneska frå førhistorisk tid og fram til våre dagar har nytta ressursane og forma naturen.

Nærøyfjorden

Nærøyfjorden utgjer eit anna historisk kulturlandskap. Fjordarmen er ein av dei trongaste og mest ville på Vestlandet, og er lite påverka av tekniske inngrep. Topografien har gitt eit dårleg grunnlag for jordbruk og busetnad, men langs den indre delen av fjorden og ytst i sidedalane finn ein gardane Ramsøy, Bakka, Tyfte, Dyrdal og Styvi, alle med heilskaplege og særmerkte bygningsmiljø. I tillegg finn vi markerte spor etter den gamle utmarksdrifta med slåtteteigar, steingardar, tufter og bevarte hus som t.d. på Holmo og Odnas.

På fleire av gardane fortel gravfunn om fast busetnad attende til vikingtida, og i fjellområda er det registrert fleire minne etter jakt og fangst i eldre tider. Av nyare kulturminne i fjellområda utgjer stølsbygningane det mest talrike.

Nærøyfjorden har også vore viktig for sambandet mellom aust og vest. Det gamle postrutenettet mellom Bergen og Kristiania gjekk m.a. gjennom fjorden, og den gamle postvegen er framleis intakt. På Gudvangen vitnar hotella i sveitserstil om auka trafikk som resultat av utbygging av kommunikasjonane rundt hundreårsskiftet.

Aurlandsdalen

Aurlandsdalen er om lag 20 km lang og strekkjer seg frå Vassbygda til Steinbergdalen. Naturlandskapet er typisk vestnorsk med bratte dalar, fossar og elvar, og vegetasjonen rik og variert.

Ein mykje nytta turiststig gjennom dalføret følgjer ein gammal ferdselsveg mellom aust og vest. Aurlandsvassdraget var bygd ut i 1970-åra, men utbygginga har sett relativt få spor etter seg i landskapet.

Aurlandsdalen har lange tradisjonar både med jordbruk og fast busetjing, og mange av gardane var rydda alt før Svartedauden. Fram til midten av 1800-talet var ti gardar i drift, men etter den tid flytta folk ut av dalen. Fleire av gardane er seinare blitt nytta som stølar, og på t.d. Sinjarheim, Almen, Teigen og Nesbø er det framleis bygningar i relativt bra stand.

Gardsdrifta har vore knytt til dei rike fjellområda i aust både som beiteområde for husdyr, og til fiske og fangst. Særleg var jakta på villrein eit viktig næringsgrunnlag og det er fleire stader registrert fangstanlegg, holer og hellerar frå før-reformatorisk tid. Stølar og stølsdrift var viktige delar av drifta til fjellgardane, og stølsbus, stølsvegar, høyløper og løypestrengsfeste fortel framleis om den gamle utmarksdrifta.

Både Flåmsdalen, Nærøyfjorden og Aurlandsdalen er område med store naturmessige kvalitetar og ein rikhaldig kulturminnebestand. Utbygginga av Aurlandsvassdraget starta i byrjinga av 1970-åra, men utbygginga har sett relativt få spor etter seg i dalføret. I NOU 1986:13. Ny landskapsplan for nasjonalparker er det forslag om å regulere Flåmsdalen/Raundal/Undredal og Nærøyfjorden til landskapsvernområde. Kommunen bør alt nå gjennom vanleg sakshandsaming ta omsyn til dei særskilde kvalitetane i desse områda, ikkje minst av omsyn til rekreasjon og turisme.

Større miljø

Ohnstad (g.nr.30, b.nr.1-5)
Reg.nr. 1421 - 105 - 122-136

Garden Ohnstad vart på 1700-talet eit slags sentrum i bygda. I 1737 vart det gitt løyve til å drive gjestegard, og året etter vart Ohnstad fast tingstad. På slutten av 1700-talet fekk også ein av brukarane handelsløyve.

Sjølve gjestegarden ligg nede ved vegen, og består av fleire hus. På venstre side av gardsvegen ligg Madam Larsenhuset, som var gjestgjevarstad og skjenkjestad, og like ved ligg det første handelshuset i Aurland. Begge husa er frå 1700-talet, men er i dag nokså ombygde. Det best bevarte huset på gjestegarden er det såkalla Lordahuset. Kjernen i huset er to eldre hus som vart bygde saman på 1700-talet, men i 1860-70-åra vart huset lyfta med ein ark og fekk si noverande utforming. Huset er eit fint døme på bygdeempiren og har m.a. fleire likskapar med det freda Åbelheim.



Lørdahuset og Madam Larsenhuset på Ohnstad.



Hovudbygning på Lensmannsgarden, Ohnstad. På ein del av dei større gardane i Aurland vart det på slutten av 1700-talet bygd slike store våningshus i to fulle høgder.

Lensmannsgarden lenger oppe i tunet vart lensmannsgard i 1740, da eigaren av bruket vart fast lensmann i bygda. Det som i dag står att av gamle hus er hovudbygningen, kårhuset, stabburet, eldhuset og den såkalla Lensmannstova, som i dag er museum. Hovudbygningen i to høgder er frå slutten av 1700-talet, og ein ser m.a. på den empireprega portalen påverknad frå Bergensarkitekturen. Med unntak av eit nyare tilbygg på baksida, har huset sin opphavlege utsjånad.

Lensmannsstova stod opphavleg på nedsida av hovudbygningen, men vart seinare flytta på andre sida av gardsvegen. Huset er bygd i to etappar. Halvlemstova er eldst og har opphavleg vore ei årestove, men i 1840-åra vart det lagt golv og sett inn vindauge. Det vart også bygd til ein fløy i to høgder. Også dette huset ber preg av empiren.

Kårhuset skal vere bygd kring 1820, og var i byrjinga nytta som fengsel. Stabburet er frå 1860-åra. Eldhuset har ei lafta kjerne som skal ha vore ei røykstove. Alle desse husa er nokså mykje ombygd.

Ved utskiftinga i 1880-åra var det om lag 60 hus på garden, i dag står 14 av dei att. Det meste av den gamle busetnaden er såpass endra at den først og fremst har kulturhistorisk interesse, men nokre av bygningane har stor eigenverdi. Ein vil vurdere Lordabygningen og Lensmannsstova i vernekategori A, og hovudbygningen på Lensmannsgarden i vVestlandet der den gamle busetnaden framleis er bevart. Her inne i Aurlandsfjorden vart ferdsel på fjord og land bundne saman, og dette gav grunnlag for varebyte, marknadstad og seinare skysstasjon og gjestgjevarstad. Den store gotiske steinkyrkja frå 1200-talet skal etter tradisjonen vere bygd som følgje av stor ferdsel og handel på Aurlandsvangen.

Så seint som i 1845 var det i følgje folketeljinga berre 10-12 hus på Aurlandsvangen. Dei 42 innbuarane var hovudsakleg strandsitjarar som livnærte seg gjennom handverk, dagarbeid og fiske. I siste halvdel av 1800-talet byrja staden å vekse. I 1840-åra var det bygd veg på nordsida av dalen frå Vangen til Vassbygda, i 1860-åra vart det opna postkontor, og i 1870-åra vart det bygd dampskipskai og bru over elva til Ohnstad. Aurlandsvangen var nå blitt eit sentrum i bygda.


Dei eldste og mest opphavlege bygningane på Aurlandsvangen ligg i området nord for torget. Sørlege delen av Vangen Motell (g.nr.9, b.nr.2) er ein kapteinbustad frå 1770-åra som vart kjøpt av handelsmann H. J. Brun i 1854. Brun bygde på ei høgde til huset, sette opp ein ny bygning ved sidan av, og byrja med gjestgjevarstad og handel. Dei to bygningane vart seinare bygde saman, og hotellet framstår i dag som ein svært stilrein seinempirebygning. Den særmerkte bygningsrekkja langs gata på øvre sida av hotellet er også ein



Oversiktsbilete Aurlandsvangen.




Sjøbuene på Aurlandsvangen vart truleg bygd samstundes med dampskipskaia i 1874.



Aurlandsvangen.

Utsnitt av Økonomisk kartverk. Målestokk 1:5 000.

del av hotellanlegget. Bygningsrekkja omfattar to stabbur, ei stove (seinare telegrafstasjon), duetårn med privet under og lager på sidene, eldhus (seinare lager), bakeri og skysstall (seinare butikk). Brun bygde også eldste delen av forretninga på nedsida av gata og dei tre buene nede ved sjøen. Det gamle steinnaustet ved sidan av hørde truleg til den gamle kapteinbustaden.



Vangen Motell. Søre del er ein kapteinbustad frå 1770-åra, medan nordre del vart bygd til i siste halvdel av 1800-talet.

Ved sidan av Vangen Motell ligg den tidlegare prestebustaden Åbelheim frå om lag 1830, og rett andsynes denne g.nr.9, b.nr.12, som er ein annan av dei eldste gardane på Aurlandsvengen. Gardsanlegget er frå midten av 1700-talet og omfattar våningshus, stabbur og løe/fjøs. Frå eigedomen går det ein gammal veg ned til naustet. Dette ligg i ei klyngje saman med tre andre naust.

Dei fleste strandsitjarane bygde hus på sjølve Odden. G.nr.9, b.nr.15 (Trynemonshuset) og allmenningen sine festenummer c (Metta Lihuset) og d er døme på strandsitjarhuset og det tradisjonelle bustadhuset frå 1700- og 1800-talet. Det same gjeld g.nr.9, b.nr.4 (Larsenhuset) på nedsida av torget. Festenummer a, e (Gjismehuset), f og 12 er hus som opphavleg berre har hatt ei tømmerkjerne, men er påbygde i fleire etappar på 1800- og 1900-talet.

Auken i folketalet på Aurlandsvengen førte til ei fortetting av busetnaden nede på sjølve Aurlandsvengen og busetnad i nye område. Dei fleste av husa i Øvregate vart t.d. sette opp rundt hundreårsskiftet. G.nr.12, b.nr.13 og 16 er typiske døme på sveitserstilen. På sjølve Aurlandsvengen er g.nr.9, b.nr.3, (festenummer 15) frå 1925 eit fint døme på jugendstilen, medan g.nr.8, b.nr.45 frå om lag 1950 er eit typisk døme på funksistilen.

Aurlandsvengen er trass i nybygg og endringar framleis ein av dei betre bevarte strandstadene på Vestlandet. Typisk er den tilsynelatande tilfeldige opphopinga av hus. Variasjonen i hustypar og stilartar gjer også at ein kan lese korleis busetnaden har vakse fram. Bygningane på Aurlandsvengen har framfor alt verdi som del av eit miljø, men ein del av bygningane har også stor høg antikvarisk verdi i seg sjølv. Hotellbygningane under g.nr.9, b.nr.2 er sette i vernekategori A, uthusbygningar, sjøhus og naust i vernekategori B. Den eldre busetnaden elles på Aurlandsvengen er vurdert i vernekategori C.

Delar av Aurlandsvengen er regulert til spesialområde for bevaring.



Dei to skulehusa på Aurlandsvangen.



Det tidlegare garveriet i Skinnarvikji.

Aurlandsvungen - nordre kvartal

Reg.nr. 1421 - 104 - 28,29,30,31,32,33,38 og 39

Eit anna område på Aurlandsvungen som også peikar seg ut er kvartalet nord for Krossgata. Mesteparten av bygningane er bustadhus, men det ligg også to skular, eit bedehus og eit tidlegare garveri her.

Av bustadhusa er seks bygde før hundreårsskiftet, medan resten er hus bygde i perioden 1900 til om lag 1930. Alle dei eldste husa er nokså ombygde, og ingen av dei er datert. Det eldste er truleg bustadhuset på Ambjørghaugen, ei påbygd leinstove med øksa laftevegger. Dei nyare bustadhusa er enten bygd i sveitserstil, eller i ein nyklassisistisk eller jugendinspirert arkitektur. Kvartalet er det einaste der ein finn typisk villahus frå denne perioden samla.

Skulehusa ligg side om side som to representantar for ulike tidsbolkar. Det eldste skulehuset vart bygd i 1879, og ber preg av empiren. Huset er bygd om innvendig til bustad, men inneheldt to skulestover med gang i midten. Skulen vart etter kvart for liten, og i 1933 vart det bygd ein ny og større skule. Denne er teikna av arkitekt Erling Tryti, og har fått eit nyklassisistisk stilpreg. Huset blir i dag brukt som barnehage.

Det tidlegare garveriet ligg inst i Skinnarviki og er ein langstrakt, lafta bygning i to høgder. Ytre detaljar fortel om påverknad frå sveitserstilen på slutten av 1800-talet, men huset kan vere eldre.

Dei bygningane som er nemnde spesielt har eigenverdi, og er sette i vernekategori B. Resten av busetnaden har først og fremst verdi som del av eit miljø, og er vurdert i C. Det er framsett planar om fortetting av området, og det er da viktig at ein tek omsyn til det eksisterande bygningsmiljøet.

Undredal

Reg. nr. 1421 - 102 - 1-52


Med husa lagt i ein tett bandstruktur langs vegar og i skråningane mellom elveterrassane, utgjer bygningane i Undredal eit svært særmerkt miljø. Nede ved sjøen ligg sjøhus og naust, og på oversida butikk og bustadhus. Gardane ligg bak og rundt denne busetnaden. På ein bakkekant på oversida av den tette busetnaden ligg den vesle kyrkja frå mellomalderen, og på andre sida av elva ligg skulehuset frå 1871 og ungdomshuset frå 1923.

Dei fleste bygningane i Undredal er bygde rundt og etter hundreårsskiftet. Berre eit fåtal av husa er eldre. I dei mest tettbygde områda var det mest husmenn som bygde, seinare var det anleggsarbeidarar frå Bergensbanen og Flåmsbanen. Fleire av husa står i dag tomme eller blir berre nytta som feriehus. Mange er også ein del ombygde.

Til den eldste busetnaden høyrer m.a. stovehuset på bruk nr. 34. Dette er ei lafta husmannsstove med treromsplan frå om lag 1800. Huset er svært opphavleg, men er til nedfall. Den eine delen av våningshuset på bruk nr. 1 skal vere frå 1700- eller 1800-talet. Huset er sett saman av to eldre hus, og



Frå kaia i Undredal.



Undredal.
Utsnitt av Økonomisk kartverk. Målestokk 1:5 000.


den eine stova er bygd i fint rundtømmer. Av nyare hus peiker våningshusa på bruk nr. 27, 43 og 55 seg ut som tidstypiske og opphavlege døme på sveitserstilen. Løebygningane på dei to første bruka er også karakteristiske for si tid. Elles kan ein også nemne tekniske kulturminne som t.d. det fint oppmura elveforbygget, og den gamle stølsvegen opp til Langhuso.

Det er først og fremst bygningane som del av eit miljø som gjer Undredal til ein særmerkt og heilskapleg tettstad. Busetnaden er derfor vurdert i vernekategori C. Delar av tettstaden er regulert til spesialområde for bevaring etter Plan og bygningslova.

Gudvangen

Gudvangen har lange tradisjonar som gjestgjevarstad. Postføringa mellom Voss og Gudvangen på 1700-talet opna Nærøydalen for meir ferdsel, og i 1734 vart det gitt løyve til å drive gjestgjevarstad og handel på Gudvangen. Gudvangen tok etter kvart over Arnahus sin plass som gjestgjevarstad i Nærøyfjorden.

På slutten av 1800-talet voks staden, og vart eit lite sentrum i Nærøyfjorden. Det vart nå bygd fleire nye bustadhus, to butikkar og hotella "Vikingvang" og "Hansons hotell". Veksten hadde m.a. samanheng med opninga av Vossebanen i 1883. Turistbåtane låg for anker ute i fjorden, og hesteskyssen gjekk livleg mellom Gudvangen og Voss.



Gudvangen.
Utsnitt av Økonomisk kartverk. Målestokk 1: 5 000.



*Vikingvang hotell i Gudvangen på byrjinga av hundreåret.
Foto: O.A.Svanøe. Historisk Museum i Bergen.*



Dei to hotellbygningane i dag.

Busetnaden på Gudvangen ligg samla på både sider av vegen eit stykke opp for ferjekaia, og sjølv om enkelte av husa er ein del ombygde, ber tettstaden tydeleg preg av å ha vakse fram på slutten av 1800-talet. Både hotella og forretningane er bygd i sveitserstil, og har store utoverhengande tak, utskorne sperreendar og takåsar, profilert listverk og dekor i gavlane. I fleire av bustadhusa finn vi att same stilen, men i ein meir forsiktig form.

Av hotellbygningane er det tidlegare "Vikingvang hotell" best bevart. Dette vart bygd i 1870-80 åra, men i 1890-åra vart det bygd på spisesal i sørenden av huset. Samstundes vart annekset på andre sida av vegen bygd om. Dette var opphavleg to lafta bygningar frå Dyrdal, som vart kjøpt på auksjon i 1739 og sett opp på Gudvangen om lag 1820. Annekset høyrer nå til Gudvangen hotell, men er i dag privat bustad. Det same gjeld Vikingvang hotell.

Det tidlegare "Hansons hotell", i dag "Gudvangen hotell", var tidlegare skystasjon, men vart bygd om til hotell på slutten av 1800-talet. Hotellet vart mykje ombygd på 1950-talet.


Tettstaden Gudvangen fortel om framveksten av ei ny tid og ei ny næring: kommunikasjonane og turismen. Busetnaden har slik ein kulturhistorisk verdi. Enkelte av bygningane har også stor eigenverdi, som t.d. bygningane som høyrde til "Vikingvang hotell". Dette er det best bevarte hotellet i sveitserstil i kommunen, og er sett i vernekategori B. Resten av bygningane er sette i vernekategori C.

Bakka (g.nr.65, b.nr.1-8)

På eit nes nesten inst i Nærøyfjorden ligg garden eller grenda Bakka. Bakka fekk vegsamband med Gudvangen i 1856, og Bakka kyrkje vart bygd i 1859. Denne vart nå soknekyrkje for Nærøy. I 1908 fekk grenda eigen skule.

Det meste av busetnaden på Bakka er bygd før hundreårsskiftet, og har i stor grad sitt opphavlege preg. Gardsbygningane ligg hovudsakleg i ei rekkje langs vegen gjennom garden, våningshusa nærast vegen, og bak dei uthusa. På ei lita høgde nede ved sjøen ligg den kvitmåla kyrkja og kyrkjegarden, godt synleg både frå garden og frå sjøen. Eit stykke nord for kyrkja ligg ei samling naust, og i Blombakkjevika på andre sida av odden ligg ferjekai, skulestove og eit stort naust.


Bygningane på Bakka har framfor alt verdi som delar av eit miljø, men enkelte av husa har også stor eigenverdi. Dette gjeld m.a. naustet til bruk



Bakka.
Utsnitt av
Økonomisk kartverk.
Målestokk 1: 5 000.



Våningshus på bruk nr. 5, Bakka. Eit typisk og tidleg døme på eit stovehus av midtgangtypen.



Steinnaust i Blombakkaviki, Bakka.

nr. 1 i Blombakkaviki. Dette er eit stort steinnaust med gavlar i tre, og med store rasteheller på taket. Naustet er det einaste av sitt slag i Bakka, og truleg også det eldste.

Gardshusa til bruk nr. 1, den såkalla "Heimegarden", ligg lenger oppe på garden, på nedsida av vegen og rett opp for kyrkja. Alle husa på garden er bygde før hundreårsskiftet, men stabburet og løa er av særleg interesse. Stabburet er eit stort hus i to høgder. Det har tre rom i kvar høgde, blyglasvindauge, og kan vere bygd på 1700-talet. Løa, som er frå 1800-talet, er lafta og har grunnmur i stein og hellelagt tak. Bortsett frå mjølkehuset, som er bygd på i seinare tid, er bygningen svært opphavleg.

Tvers over vegen for bruk nr. 1 ligg eit av våningshusa til bruk nr. 5. Dette er eit typisk og tidleg døme på eit stovehus med midtgang. Huset, som har ark og eit fint klassisistisk inngangsparti, har truleg fått si noverande form tidleg på 1800-talet, men eine delen er truleg eldre. Bortsett frå ei mindre ombygging på baksida har huset sin opphavlege utsjånad.

Busetnaden på Bakka utgjer saman med kulturlandskapet og naturen omkring eit svært heilskapleg og særmerkt miljø som det er viktig å bevare. Bygningane som er nemnt spesielt er vurderte i vernekategori B, medan dei andre bygningane er plasserte i vernekategori C.

Mindre miljø som gards- og stølsanlegg

Gardsanlegg

Ty (g.nr.2, b.nr.1)

Reg.nr. 1421 -103 - 016-018

Garden Ty ligg eit stykke opp for vegen mot Skjerdal, og er ein av dei eldste gardane i Aurland. Det som i dag er att av eldre hus på garden, er våningshuset, kårhuset og løa. Løebygningen er påbygd i løpet av dei seinare åra.

Våningshuset og kårhuset ligg side om side med gavlane vendt ut mot fjorden. Våningshuset er truleg bygd på byrjinga av dette hundreåret, og er ei halvlemstove med treromsplan. På langsida av huset er det bygd på ei skykkje, som i seinare tid er gjort om til kjøkken.

Kårhuset vart bygd på slutten av 1800-talet, og er av den såkalla midtgangstypen. Huset er lafta, og eksteriøret er tydeleg prega av sveitserstilen. Dette ser vi m.a. på det store utoverhengande taket med dekorerte gavlar. Taket er her så stort at det blir danna ein slags svalgang på kvar side av huset. Desse blir ført vidare i verandaen på framsida, som opphavleg var bygd i eit slags sprosseverk. Løysinga er den einaste av sitt slag i kommunen.

Bustadhusa på Ty har sitt opphavlege preg, og utgjer saman eit særmerkt par. Begge husa er sette i vernekategori B. Ved utbetring, noko som er naudsynt, bør fagfolk bli kontakta.



Våningshus (øvt) og kårhus på Ty.

Høydalen (g.nr.3, b.nr.2)

Reg.nr. 142 -103 - 013-014

Båe våningshusa på garden Høydalen har stor antikvarisk verdi, men har mist sin naturlege miljøsamanheng på grunn av utbygginga av det nye bustadfeltet. Den kvite hovudbygningen skriv seg frå siste halvdel av 1700-talet, og er i såkalla embetsmannsstil. Både eksteriøret og interiøret er svært opphavleg, og huset har m.a. ein stor open eldstad i gangen. Dei første kommunestyremøta i Aurland vart haldne her.

Det raude kårhuset er ei tradisjonell lemstove med dobbel halvlem. Årstalet 1830 er skreve inn i ein av åsane, men huset skal vere eldre. Huset er seinare påbygd.

Den kvite hovudbygningen er sett i vernekategori A og kårhuset i vernekategori B. Husa er regulert til spesialområde for bevaring etter Plan og bygningslova.

Prestegarden (g.nr.12, b.nr.18)

Reg.nr. 1421 - 104 - 51-54

Garden Aurdal vart prestegard i 1650-åra, og var fram til slutten av 1800-talet ein av dei største gardane i bygda. Utflyttinga til Amerika førte til at folketalet vart kraftig redusert, og i 1891 vart også Nyheim, Fossheim og Lunde skilde ut som eigne bruk. I 1940 kjøpte kommunen garden og gav han vidare til Sogn Jord og Hagebruksskule.

Enkelte av dei gamle prestegardsbygningane står framleis att. Prestebustaden vart bygd i 1902, delvis av materialar frå den gamle prestebustaden. Dette er også synleg i eksteriøret. Huset er ein lafta, litt langstrakt bygning i ei og ei halv høgd, og har m.a. veranda i sveitserstil, medan t.d. inngangsdøra er i rokokkostil, d.v.s. frå slutten av 1700-talet.

Borstova er truleg den eldste attståande bygningen på garden. Dette er ein låg, langstrakt bygning med treromsstove i eine enden og sauehus i andre. Huset, som opphavleg har vore tenarbustad, er nemnt i skriftlege kjelder frå 1700-talet.

Av andre bygningar på tunet kan ein nemne "Martastova" og det gamle skule- og kommunehuset. "Martastova" er stovehuset til ein av husmannsplassane som hørde til under prestegarden, og skule- og kommunehuset vart bygd i 1849 i nordvestlege del av kyrkjebakken. Huset vart flytta hit frå Aurlandsvangen i 1970-åra.

Bygningane på Prestegarden har framfor alt verdi som delar av eit miljø. Her får ein eit innsyn i historia representert ved gravhaugane, medan bygningane fortel om nyare historie. Bygningane som er nemnde her er plasserte i vernekategori C.



Borstova på prestegarden.



Stavbygd løe på Løpsbakken, Loven.

Loven (g.nr.28)


Reg.nr. 1241 - 110 - 48-126

Garden Loven vart svært tidleg delt opp i fleire bruk. Alt på 1600-talet var det sju brukarar på garden. I 1830 hadde talet stege til ni, og på slutten av hundreåret til 18. Det er slik karakteristisk at ein ikkje seier tunet på Loven, men bruker fleirtalsforma tuni.

Frå først av var truleg det meste av busetnaden lagt øvst i tunet der bruk nr. 3 ligg i dag. Utflyttinga skjedde i samband med eit minneleg jordskifte på byrjinga av 1800-talet. Ein del av husa vart nå lagt i ei rekkje langs vegen og den kunstige grova som går gjennom garden.

I alt er det registrert om lag 54 hus som er bygde før 1900: 20 våningshus, 10 stabbur, 9 løer, 6 eldhus, 7 utløer, 1 kornturke, 1 kvernhus og 1 naust, men berre eit fåtal av husa kan bli datert nærare. Den mest intakte busetnaden ligg i ei klyngje øvst i tunet og eit stykke nedover langs vegen.

Bruk nr. 25, Løpsbakken, omfattar ei lita lemstove i ei høg, eit stabbur og ei lita stavbygd løe. Plankane er her nota ned i svillen og opp i stavleggjen, slik som i stavkyrkjene og i gamle stover og loft. Dette er den einaste stavbygde løa ein har registrert i Aurland.



Loven.

Utsnitt av Økonomisk kartverk. Målestokk 1:5 000.



Frambøgarden, Loven.



Sinjarheim.

Lenger nede i tunet ligg b.nr.21, Hansahaugen. Bruket har to våningshus, to stabbur og ei løe. Det eine våningshuset har vore samanbygd med eit fjøs, men dette vart rive rundt hundreårsskiftet. Eit nytt tilbygg vart sett opp i staden. Den såkalla "Hjertestova" er eit lite stovehus i ei høgde med skorstein på utsida av eine gavlveggen.

Ein kan også nemne bruk nr. 12, den såkalla Frambøgarden. Dette er eit svært intakt bruk som omfattar ei lemstove med treromsplan, to stabbur, og samanbygd løe og fjøs. Bruket er fråflytta og er i ferd med å forfalle.

Med unntak av enkelte bygningar er det først og fremst strukturen i tunet som er viktig. Dette er den garden i Aurland der det er samla flest hus, og den tette plasseringa av husa gjer at garden kan minne om ein liten landsby. Bygningane som er nemnde her er plasserte i vernekategori B, resten av busetnaden i C.

Sinjarheim (g.nr.22, b.nr.1)


Garden Sinjarheim er ein av fleire høgdegardar i Aurlandsdalen. Den ligg på ei hylle i dalsida, like ved den gamle ferdselsvegen gjennom Aurlandsdalen. Garden er første gong nemnt i skriftlege kjelder i 1603, men er truleg langt eldre. Utover på 1700-talet vart garden driven saman med garden Almen, og seinare Teigen. Til bruket kom også etter kvart fleire stølsrettar, med vår- og fjellstølar til saman seks stykke. Sinjarheim vart driven som gard til 1920-åra, men vart nytta som støl til om lag 1950.

Garden har eit karakteristisk bygningsmiljø samansett av våningshus, kårhus, stabbur, løe, fjøs og stall. Utanfor tunet ligg også murar etter smie, kvernhus, utløer og heimestøl. Bygningane i tunet ligg tett saman i ei klyngje, noko som kan ha samanheng med rasfaren. Det lafta stovehuset har tradisjonell treromsplan. Kårhuset bak har tre rom ved sidan av kvarandre, og snekkerdetaljar med empirepreg. Huset er tydeleg påverka av byggjeskikken i byane. Både stovehuset og kårhuset er truleg bygd om lag 1830.

Stabburet er lafta og har toromsplan med inngang i langveggen, men i uthusbygningane elles har naturstein vore det viktigaste byggjematerialet. Fjøset har toromsplan med gjødselkjellar under eine delen av bygningen. Stallen er ein liten bygning, delvis bygd av stein og delvis av tømmer. Løa har treromsplan med tømra tverrvegger, og yttervegger i gråsteinsmur. Taket er her lagt oppå ei lafta tømmeramme med tre omfar. Alle uthusbygningane er delvis nedgravne i bakken.

Gardstunet på Sinjarheim er likevel ikkje berre bygningar, men også eit historisk jordbrukslandskap som fortel om ein ubrotten jordbrukstradisjon heilt fram til vår tid. Her er steingjerde og løypestrenger, stigar og bruer, spor etter åkerbruk, lauving, skogbruk, slått og beiting.

Sinjarheim er den mest intakte av høgdegardane i Aurlandsdalen, og bygningane har både høg antikvarisk og miljømessig verdi. Gardstunet er slik sett i vernekategori B. Bygningsmiljøet er i dag under restaurering.



Otternes.
Frå Berg (1968).

Otternes (g.nr.33, b.nr. 1-4)
Reg.nr. 1421 - 105 - 016 -038

Otternestunet har som nemnt vore ei prioritert verneoppgåve for kommunen dei siste åra, og fleire av husa i tunet er nå sette i stand. Tunet vil her berre få ein kort omtale. Ein viser elles til litteraturlista bak i planen.

Otternes er første gong nemnt i skriftlege kjelder på 1500-talet, men vart truleg rydda før Svartedauden. På 1600-talet vart garden delt opp i fleire bruk, og på byrjinga av 1800-talet var det fire brukarar på garden, det same som i dag. Husmannsplassane under garden låg på Bøen nede ved fjorden.

Fram til 1987 var det teigblanding på Otternes, og tunet er ei blanding av eit klyngjetun og eit rekkjetun. Det er i alt 26 bygningar i tunet. Dei er svært homogene både med omsyn til byggjeskikk og materialbruk. Dette har truleg samanheng med at den yngste bygningen i tunet er reist så tidleg som i 1860-åra. Bygningane er svært opphavlege både når det gjeld eksteriør og interiør. Dei fleste bygningstypane er representert. Dette gjer at Otternestunet m.a. gir ein eineståande dokumentasjon av eldre byggjeskikk og brukstradisjonar.

I tilknytning til bygningsmiljøet er det også gamle hagar med frukttrær og bærbusker. Brønner, trapper og steinopplegg er framleis intakte. I utmarka er det framleis restar etter det gamle og intensivt drivne jordbrukslandskapet.

Kulturlandskapet og bygningane på Otternes utgjer ein heilskap som det i dag er vanskeleg å finne. Tunet er derfor fredingsverdig og er sett i vernekategori A.

Brekke (g.nr.49, b.nr.1 og 2)
Reg.nr. 1421 - 106 - 016

Garden Brekke er ein av primærgardane i Flåm, og vart skilt i to bruk alt i mellomalderen. Dei to gardane ligg nede i den flate dalbotnen, og husa vitnar om større velstand enn på gardane lenger oppe i dalen.

På Øvre Brekke står det att to husmannsstover frå byrjinga og slutten av 1800-talet, og ein løebygning og eit våningshus frå om lag 1850. Våningshuset er ein godt bevart representant for dei dobbeltbreidda våningshusa i to høgder som vi ofte finn på embetsmannsgardar og storgardar elles på Vestlandet. Både fasaden og planløyisinga viser påverknad frå den symmetriske byggjeskikken under empiren i byane, og det same gjer den karakteristiske svaien på taket.

Huset er bygd i fleire etappar. Nordre delen av huset skal vere bygd på midten av 1700-talet, men i 1863 vart huset bygd på sørover og gjort høgare. Enkelte av vindauga har seinare fått dekor i sveitserstil.

Eit liknande hus, som er ein nyare og mindre variant, finn vi på Nedre Brekke. Dette har same symmetriske fasade og svai på taket, men er meir stramt i forma, og har også fått ein mesaninetasje med små vindauge plassert oppunder mønet. Huset er bygd i 1885.



Våningshus på Øvre Brekke.


På Nedre Brekke er det også ei kårstove frå slutten av 1800-talet og ei tidlegare smie.

Dei to våningshusa på Brekkegardane er verneverdige. Våningshuset på Øvre Brekke er plassert i vernekategori B, medan våningshuset på Nedre Brekke er plassert i vernekategori C.

Flåm (g.nr. 38, b.nr. 3, 8)
Reg.nr. 1421 - 106 - 053 - 067

Tidlegare låg alle bruka på garden Flåm på same sida som kyrkja, der bruk nr. 3 ligg i dag, men i samband med utskiftinga i 1863 vart fleire av bruka flytta over til andre sida av elva, der det store fornminnefeltet med bautasteinane låg. På bruk nr. 3 står det framleis att eit av husa frå før utskiftingaa, den såkalla "Gamlestova". Dette er ei halvlemstove med treromsplan, og med eit tilbygg langs søre langveggen. Huset skal ha vore sett opp av Sjur Nilsen Kvål i 1843 med tømmer frå Norheimsdalen.

På bruk nr. 3 er også kårhuset, stabbur, fjøs, løe, smie og kornturke bygde på 1800-talet. Stova ved sidan av kyrkja skal også ha stått her, men vart flytta på 1960-talet.



Flåm.
Utsnitt av Økonomisk kartverk.
Målestokk 1:5 000.

På bruk nr. 8 er både våningshus, kårhus, stabbur, eldhus og løe bygde før hundreårsskiftet. Våningshuset, der dikteren Per Sivle vart fødd, er ei panelt og kvitmåla halvlemstove med treromsplan. Huset er samanbygd med kårhuset, også ei tradisjonell lemstove med treromsplan, men her har huset fått heil lem. Både kårstova og "Sivlestova" vart flytta frå fellestunet i samband med utskiftinga.

Garden Flåm inneheld bygningar av antikvarisk interesse, m.a. "Gamlestova" og "Sivlestova", men har framfor alt ein miljømessig og kulturhistorisk verdi. Den gamle anleggs- og driftevegen går delvis gjennom garden, og nærleiken til kyrkja er med på å auke verneverdien. Ein bør derfor vere varsam med inngrep som kan øydeleggje dette miljøet.

Gamlestova og Sivlestova er sette i vernekategori B, resten av gardstunet i kategori C.



Bruk nr. 3 på garden Flåm med "Gamlestova" til venstre. Ved vegen er det sett opp ein bautastein til minne over dikteren Per Sivle.



Flåm kyrkje.

Vidme (g.nr. 48, b.nr. 1)
Reg.nr. 1421-107- 84-89

Vidme ligg som den einaste av høgdegardane på vestsida av Flåmsdalen, 572 m.o.h. Skålgropene i tunet fortel om menneskeleg verksemd attende til bronsealderen, og garden er nemnt i skriftlege kjelder frå mellomalderen. Vidme har vore den mest velståande av gardane oppe i Flåmsdalen, truleg på grunn av den lette tilgangen på utmarksressursane i fjellet.

Gardstunet inneheld i dag tre våningshus, tre kombinerte driftsbygningar, ei smie og ei kornturke. Eit grisehus og to stabbur er rivne, men materialane frå dei to stabbura er tekne vare på. Som på dei fleste andre høgdegardane fekk industrialiseringa og overgangen til nye driftsmåtar liten innverknad på tunskipnaden, og husa står framleis i ei nokså tett klyngje.

Fremst i tunet ligg to samanbygde våningshus med gavlane vendt ut mot dalen. Det eine er ei dobbel halvlemstove med treromsplan frå 1844, bygd med tømmer frå Norheimsdalen. Den andre stova er ei kårstove med treromsplan, som skal ha vore flytta frå garden Flåm i 1837. Ved sidan av desse stovene stod dei rivne stabbura, men her er det nå sett opp eit nytt våningshus.

Bak dei to våningshusa ligg ei kårstove/drengstove, som også skal vere flytta frå garden Flåm. Stova har den tradisjonelle treromsplanen, og kjellaren skal ha vore brukt som grisehus.

Kornturka og smia er begge bygde av naturstein, og ligg eit stykke frå dei andre husa på garden. Dei andre uthusbygningane ligg samla i sørenden av tunet. Her er ein lafta løebygning frå 1909, ei grindbygd kårløe og eit grindbygd lauvhus med geitefjøs i kjellaren, båe frå 1800-talet.

Vidme er framleis det gardsanlegget i Flåmsdalen som er mest intakt, men det hastar å få berga dei husa som står att på garden. Bustadhusa er i relativt bra stand, men fleire av uthusa er temmeleg forfalne. Halvlemstova er vurdert i vernekategori B, medan resten av gardstunet er plassert i kategori C.

Nedbergo (g.nr.55, b.nr.1-2)

Høgdegarden Nedbergo ligg saman med gardane Horten og Kappadalen på nordsida av Aurlandsfjorden. på motsett side av Undredal. Garden ligg på eit platå om lag 550 m.o.h., og er utan vegsamband. Frå garden ser ein rett over til Stigen, høgdegarden på motsett side av fjorden.

Nedbergo er første gong nemnt i skriftlege kjelder i 1611, men er truleg langt eldre. Garden har truleg vore nokså velståande. Jorda er grøderik og dei nære utmarks- og fjellområda er store. I første halvdel av 1800-talet skal også Kappadalen ha høyrte inn under Nedbergo.

Nedbergo vart fråflytta på 1950-talet, men fleire av husa vert framleis haldne ved like og nytta som fritidshus. Garden omfattar to bruk og til saman åtte



Våningshus, Vidme. Halvlemstova til venstre, i midten kårstova og til høgre eit nytt våningshus.



Høgdegarden Nedbergo ligg om lag 550 m.o.h. og er utan vegsamband. På det meste skal det ha vore 42 ulike bygningar i tunet.

hus, men det er restar etter fleire. Dei to våningshusa er tradisjonelle lafta lemmstover frå 1800-talet med treromsplan og påbygd skykkje i reisverk. Dei står side om side med gavlane vendt ut mot dalen, og på eine sida står eit lafta stabbur med torvtak og open sval framme. I to rekkjer framfor våningshusa står dei to tømra løene, den eine med tretak og spon som taktekkingsmateriale. Våningshusa er i nokså bra stand, men enkelte uthus og især den nedste løebygningen står til nedfall. Denne er planlagt reven.

Bygningsmiljøet på Nedbergo utgjer saman med kulturmarkstypar og tekniske kulturminne som rydningsrøyser og steingardar eit svært heilskapleg kulturlandskap. Dei to våningshusa er sette i vernekategori B, medan resten av bygningane er sette i C.

Stølsanlegg

Det er hittil registrert om lag 50 stølar i Aurland, men registreringa er på langt nær fullført. Innan tidsramma for denne planen har det ikkje vore mogleg å vurdere kvart enkelt stølsanlegg. Dei stølsanlegga som blir presentert her treng derfor ikkje vere dei mest bevaringsverdige, men må heller bli sett på som døme. Felles for anlegga er at dei ligg svært sentralt til og har vegsamband.

Ein vil tilrå at kommunen gjer eit utval av stølstypar som er høvelege til restaurering, og at ein kjem fram til ei avtalar med eigarane om istandsetjing og bruk.

Stølsgrendene Kvammadalen og Glomseter

Reg. nr. 1421 - 103 - 74-84 og 94-104

Stølsgrenda Kvammadalen ligg ved vegen mellom Aurland og Lærdal, og har m.a. vore stølsgrend for gardane Ty, Høydal, Kvam og Bjørgo. Høydal dreiv med stølsdrift heilt fram til 1978, men dei fleste av stølane kom ut av bruk i 1940 og 50-åra.

Stølsgrenda inneheld til saman ti sel, alle bygde i tre. Dei fleste sela har toromsplan med lafta sel og skot bygd i reisverk. Fleire av sela har truleg hatt fjøs under skotet. Dei fleste husa er i ferd med å forfalle.

Stølsgrenda Glomseter ligg rett nedanfor Kvammadalen på ei høgd rett sør for elva, og har vore støl for Turligardane. Den siste stølen var i drift til 1969. Stølsgrenda består av fire sel, resten er berre ruinar. Dei attståande sela er bygde på same måte som Kvammadalssela, men er gjennomgåande i betre stand.

Området som desse stølane ligg i er eit mykje nytta turområde. Det er planar om utbygging av hytteområde i Kvammadalen.



Stølsgrenda Kvammadalen. Ei av mange stølsgrender i Aurland der husa står til nedfall på grunn av at dei ikkje er i bruk.

Stølsgrenda Gudmedalen

Reg.nr. 1421 - 106 - 115-122

Stølsgrenda Gudmedalen ligg på eit fjellplatå i ein sidedal til Flåmsdalen, og har vore stølsgrend for gardane Vikesland, Indrelid og Ryum. Stølsgrenda ligg like ved eit nydyrkingsfelt, og det er køyreveg fram til området. Fornminnefeltet i Gudmedalen ligg berre nokre få hundre meter frå stølsgrenda.

Stølsgrenda har fire sel. Alle sela er lafta, men på to av dei er skotet bygd i reisverk. Husa er delvis kledde og har torvtekt tak. Det er ikkje registrert fjøs på stølen, men det er ei tuft etter ei mjølkebu. Dei fleste av stølshusa kom ut av bruk i 1950-åra, og er i ferd med å forfalle.

Enkelbygningar.

Våningshus på Nyheim (g.nr.12, b.nr.18)

Reg.nr. 1421 - 104 - 044

Nyheim vart utskilt frå Prestegarden i 1891, og omfattar tre bygningar: våningshus, løe og stabbur. Løa og stabburet er nokså forfalne, men våningshuset er i bra stand. Dette er ei lafta og kledd treromsstove med stort utoverhengande tak, enkel dekor rundt vindauga og takgesims.

Våningshuset er svært opphavleg, og eit fint døme på ein enkel sveitserstil som var vanleg på slutten av 1800-talet. Huset er sett i vernekategori C.



Øvst: Våningshus på Nyheim. Denne enkle varianten av sveitserstilen vart svært vanleg på slutten av 1800-talet.

I midten: Kårhus på Tero. Halvlemstovene i Aurland ser ut til å vere eldre enn elles i Sogn.

Nedst: Kvernhus på Tero. Eit av dei få kvernhusa som står att i Aurland.

Kårhus på Tero (g.nr.14, b.nr.1)

Reg.nr. 1421 - 110 - 022-034

Tero ligg på ein terrasse på nordsida av elva andsynes Loven. Garden omfattar tre bruk, men i samband med utskiftinga rett etter hundreårsskiftet vart bruk nr. 2 flytta ned i dalbotnen. På bruk nr. 1 er våningshuset, kårhuset, eldhuset, løa, smia, og stabburet bygde før hundreårsskiftet.

Kårhuset er av særleg stor interesse. Det er ei lafta lemmstove med treromsplan og inngang langs eine langveggen. I stova er det dobbel halvlem, og her står også alt det faste inventaret som høyrde med i ei bondestove på denne tida. Detaljar som listverk rundt dører og vindauge peiker attende til slutten av 1700-talet, men huset har opphavleg vore ei årestove som vart ombygd i samband med flytting rundt 1770.

Kårhuset er den best bevarte halvlemstova i Aurland, og vel den einaste der alt det faste inventaret er teke vare på. Huset kan vere fredingsverdig og er slik vurdert i vernekategori A.

Kvernhus på Tero (g.nr.14, b.nr.1)

Reg.nr. 1421 - 110 - 15

Det best bevarte kvernhuset i kommunen tilhøyrer garden Tero og ligg saman med ei kornturke ved elva på nedsida av vegen til Vassbygda. Kvernhuset er lafta og står på ein grunnmur i naturstein. Taket er kledd med pannestein. Til å vere kvernhus er huset nokså stort, om lag 18 kvadratmeter. Kvernhuset kom ut av bruk i 1950-åra, og har byrja å forfalle.

Kverna representerer ein bygningstype som var vanleg på dei fleste gardane i Aurland, men som i dag er i ferd med å forsvinne. Den har også stor informasjons- og pedagogisk verdi, og ligg sentralt til. Kverna er derfor vurdert i verneklasse B.

Ein vil foreslå at kommunen etter avtale med eigar tek på seg å setje i stand kverna, og at det blir sett opp informasjonsskilt på staden.

"Villaen" på Solhaug, Brekke (g.nr. 49, b.nr.1)

Reg.nr. 1421 - 106 - 012

Huset vart bygd til verdsutstillinga i Paris i 1889 av byggjefirmaet M. Thams & Co. i Orkanger. Huset skulle truleg vere eit døme på "ekte" norsk byggjekunst, og er tydeleg påverka av dragestilen. Sveitserstilen sin byggjemåte med reisverksvegger er her avløyst av tradisjonell laftevegg, og forma har drag frå laftehusa i innlandsbygdene.

Etter verdsutstillinga vart huset kjøpt av entreprenørfirmaet Strøm og Horne-mann, frakta med tog til Voss og vidare med hest til Upsete, der det vart sett opp. I 1916 vart huset rive og materialane sende med tog til Bergen og



Øvst: "Villaen" på Brekke. Eit ferdighus frå 1880-åra som syner eit nasjonalromantiske stilideal.

I midten: Kyrkjestove på Flåm. Tidlegare våningshus på "Sjuragarden".

Nedst: Dampskipskaia på Fretheim.

vidare med båt inn Sognefjorden til Flåm. I 1928 vart huset sett opp der det står nå.

"Villaen" på Solhaug representerer ein sjeldan hustype i Aurland, og er sett i vernekategori B.

Kyrkjestove på Flåm

Reg.nr. 1421 - 106 - 51

Huset ved sidan av Flåm kyrkje, den såkalla "Gamlestova", er ei gammal årestove som vart flytta frå garden Flåm i 1962. Huset har halvannan høgd, er bygd i solid tømmer og har inngang i gavlveggen. Huset er ikkje datert, men skal vere frå 1600- eller 1700-talet. Huset er i dag nytta som kyrkjestove.

Kyrkjestova er det eldste huset frå Flåmstunet og utgjer saman med kyrkja eit fint miljø. Huset er sett i vernekategori B.

Dampskipskaia på Fretheim (g.nr.36, b.nr.2)

Reg.nr. 1421 - 106 - 006

Dampskipskaia nedanfor Fretheim hotell vart bygd i samband med opprettinga av eit fast dampskipssamband mellom Bergen og Aurland i 1880-åra. Christen Fretheim, eigaren av hotellet, stod for bygginga, og den store bygningen i to og ei halv høgd inneheldt postkontor, telegraf og landhandel. Bygningen er seinare blitt brukt som anneks til Fretheim hotell.

Til å byrje med vart kollageret lagt til denne staden, men dette vart seinare flytta lengre ut i fjorden på grunn av plassmangel.

Dampskipskaia har kulturhistorisk interesse, og er vurdert i verneklasse C.



Kornturke på Dalsbotn (g.nr.43, b.nr.1)

Reg.nr. 1421 - 107 - 003

Kornturka ligg utanfor sjølve gardstunet, er mura opp av naturstein og har torvtukt tak. Kornturka blir framleis brukt til tørking av fisk og kjøt. Alderen er ukjent. Kornturka er plassert i vernekategori C.

Skulestove i Vassbygda

Skulestova i Vassbygda vart bygd i 1866 som den andre skulen etter den nye skulelova i 1860. Skulestova er bygd over same lest som skulestova i Flåm, og har klasserom i eine enden og rom til læraren i andre. Huset er tømra og kledd med panel. Taket er skifertekt. Både eksteriør og interiør er nokså opphavleg. Skulestova blir i dag brukt som forsamlingslokale. Huset er sett i verneklasse C.



Øvst: Kornturke på Dalsbotn. Utsjånaden er karakteristisk med sjølve bygningskroppen i naturstein og tømra snei.

I midten: Skulestove i Vassbygda.

Nedst: Bleiklindi - Styvi. Utsnitt av Topografisk kart. Målestokk 1:50 000.

Anlegg/tekniske kulturminne

Postvegen Bleiklindi - Styvi

I 1660-åra vart det oppretta postrute mellom Bergen og Kristiania langs strekninga Voss - Gudvangen - Lærdal. I samband med denne postføringa vart det bygd veg mellom Bleiklindi og Styvi. Det var særleg når det var meinis på fjorden at ein måtte bruke landjorda, d.v.s. frå november til april. Posten vart ført til fots mellom Gudvangen og Bakka, herfrå tok ein seg over sundet til Bleiklindi, og så gjekk ein etter postvegen fram til Styvi. Frå Styvi gjekk posten med båt til Lærdal.

Den gamle postvegen mellom Bleiklindi og Styvi er framleis i god stand, men noko tilgrodd av lauvtre. Vegen er om lag 5,5 kilometer lang og er for det meste mura opp av stein. I dei brattaste partia, som t.d. ved Galden, er vegen støtta opp og delvis bygd opp av trebjelkar, og over elva ved Ornes er det bygd ei lita bru av stein og jernbjelkar. Postvegen er eit kulturminne av nasjonal verdi og er plassert i vernekategori A.

Minne etter jernbanedrift og anleggsverksemd i Flåmsdalen

Bygginga av Bergensbanen vart vedteken i 1894. For å frakte forsyningar opp til høgfjellet vart det samstundes fatta vedtak om å byggje ein anleggsveg mellom Fretheim og Myrdal. Anleggsarbeidet førte til stor trafikk i Flåmsdalen, og store endringar i kulturlandskapet. På strekninga frå Myrdal til Hallingskeid vart det under anleggsarbeidet sett opp både losjhus, bakeri og butikkar, og Myrdal vart i løpet av få år endra frå eit roleg stølsområde til eit trafikknutepunkt med jernbanestasjon, bustader m.v.

Det vart tidleg gjort framlegg om å byggje jernbane mellom Myrdal og Flåm, men først i 1923 kom det endelege vedtaket. Dermed byrja den andre anleggsperioden i Flåmsdalen si historie. Arbeidet strekte seg over 20 år, og først i 1944 stod bana ferdig. Resultatet var ei jernbane utan sidestykke verken i norsk eller nordisk jernbanehistorie.

Anleggsverksemda og jernbanedrifta i Flåmsdalen har etterlate seg mange kulturminne, men det er få att frå den første anleggsperioden. Kulturminna frå tida rundt opninga av Bergensbanen i 1909 og bygginga av Flåmsbana er fleire, men mange av bygningane er nokså ombygde og påbygde.

Anleggsveg i Flåmsdalen

Anleggsvegen førte til at Flåmsdalen for alvor vart opna for trafikk. Tidlegare hadde ein bratt og krokete kløyvstig vore einaste vegen til sjøen og omverda. Anleggsvegen vart bygd i perioden 1896-1902, og alt arbeidet skjedde med handmakt. I den ville naturen med stupbratte fjellsider og store rasfare, må arbeidet ha vore litt av eit lyft.



Anleggsvegen i Flåmsdalen.



*Klevabrua mellom Hallingskeid og Myrdal.
Postkort.*

Anleggsvegen følgjer stort sett elva oppover dalen, men frå Kårdal og opp Myrdalsberget er vegen lagt i 21 krappe svingar. Ved Vatnahalsen skil vegen seg. Ein del går det siste stykket opp til Myrdal, medan den andre går austover på sørsida av Reinungavatnet og Seltuftvatnet, opp juvet mellom Seltuft og Kleven, og vidare austover dalføret parallelt med jernbanen.

Nedre del av anleggsvegen er i dag gjort om til bilveg, og er derfor svært øydelagt, men frå Berekvam og oppover er vegen nokså godt bevart. Her er vegen utan fast dekke og stabbesteinane og dei fine oppmuringane i naturstein er intakt. Denne delen av vegen blir i hovudsak nytta som gang- og sykkelveg.

Anleggsvegen i Flåmsdalen er eit kulturminne av nasjonal verdi og er vurdert i vernekategori A. Ein vil tilrå at det vert utarbeidd ein samla pleie- og utbetningsplan for vegen, og at dei intakte partia blir bevart. Med tanke på Flåmsdalen som tur- og turistområde bør ein også rydde den gamle vegen som går gjennom dalen, t.d. strekninga Høgabru - Berekvam.

Klevabrua

I åra 1900-1907 vart det bygd fleire store kvelvbruer av naturstein langs Bergensbanen. Ei av desse er Klevabrua, om lag åtte kilometer frå Myrdal. Brua har eit spenn på om lag 22 meter, og det tok tre somrar å byggje ho. Steinen vart henta frå steinbrotet ved Kleivafeten. Tømmeret til monteringsstillaset vart frakta opp Flåmsdalen.

Klevabrua står som eit døme på fin brubyggingskunst og framifrå handverk, og er sett i vernekategori B.

Stasjonsbygningar på Myrdal

Reg.nr. 1421-106 - 64-66

Arkitekt Paul Due arbeidde i statsbanene frå 1891 -1910 og teikna m.a. dei tre stasjonsbygningane på Myrdal. Sjølve stasjonsbygningen vart sett opp i 1906, og var opphavleg ein bygning i halvannan høgd i fuga gråsteinsmur med brote saltak. Stilmessig bar bygningen preg av jugendstilen. Første høgda inneheldt ekspedisjonslokale og restaurant, og i andre høgda var det stasjonsmeisterbustad. I seinare tid er det blitt bygd på ei høgd, og bygningen har blitt utvida med toalett m.v.

Kontorbygningen ved sidan av vart sett opp alt i 1899, og er ein av dei eldste bygningane på Myrdal. Huset vart opphavleg nytta som stasjonsmeisterbustad, og er eksteriørmessig svært lik stasjonsbygningen. Også denne bygningen er seinare bygd på ei høgd.

Pakkhuset vart bygd i 1910, og vart opphavleg nytta som pakkhus, vedbod og toalett. Huset er ein langstrakt bygning i bindingsverk med saltak og bua vindauge i jugendstil.

Stasjonsbygningane på Myrdal er sette i vernekategori C.



*Stasjonsbygningar på Myrdal. Bygd i 1906 etter teikningar av arkitekt Paul Due.
Foto: O.A. Svanøe. Historisk Museum, Bergen.*

Forsamlingslokale på Leite

Reg. nr. 1421 - 108 -62

Bygningen ligg eit stykke nedanfor Myrdal stasjon. Den vart vigsla som kyrkje og nytta til gudstenester og andre kyrkjelege handlingar under anleggstida, men var også nytta som sjukestove og forsamlingshus. I dei seinare åra har NSB brukt huset som lager. Den opphavlege delen av huset er ein bygning i halvannan høgda med natursteinsmur og skifertekt tak. Seinare er det bygd på eit tilbygg i bindingsverk. Huset er datert til 1898, men arken for køyrebru kan tyde på at huset opphavleg har vore eit fjøs.


Etter å ha stått tomt nokre år har huset nå byrja å forfalle, og m.a. må taket bli sett i stand. NSB er interessert i å overdra huset til Aurland kommune.

Som ein av dei få bygningane som står att etter bygginga av Bergensbanen er forsamlingslokalet sett i vernekategori B.


Anleggsbrakke på Seltuftberget

Reg. nr. 1421 - 108 - 59

Anleggsbrakka vart sett opp på Kårdal i 1898 i samband med bygginga av anleggsvegen i Flåmsdalen, men vart kort tid etter flytta til Seltuftberget. Brakka er eit hus i bindingsverk med skifertekt tak, og i følgje oppmålings-teikningar frå 1899 var det kjøkken, stove, to soverom og to kontor i 1. høgda. 2. høgda inneheldt soverom. Teikningane skal vere signert arkitekt O. Berner.



Anleggsbrakke, Seltuftberget. Oppmålingsteikninger av arkitekt O. Berner fra 1899. Teikningsarkivet, NSB.



Vaktarbustad, Blomheller. Teikna av arkitekt Leif Sønberg i 1918. Teikningsarkivet, NSB.

Brakka er seinare brukt som kruttlager, men i 1980 vart brakka bygd om til hybelhus. Eksteriøret er likevel nokså intakt.

Anleggsbrakka er sett i vernekategori C.

Vaktarbustad på Blomheller

Vaktarbustaden på Blomheller vart bygd i 1923 etter teikningar av arkitekt Leif Sønberg. Huset har fått ein nøktern nyklassisistisk utforming, og er ein typisk representant for mykje av det som vart bygd av bustadhus i perioden. Huset er vertikaldelt og har to bustader med kjøkken og stove i 1. høgda og to soverom i andre.


Vaktarbustaden skulle huse banevaktarar ved Bergensbanen og Flåmsbanen, og same type hus vart også sett opp på stasjonane Myrdal, Upsete, Berekvam og Hareina. Vaktarbustaden på Blomheller er likevel den som er best bevart.

Huset er vurdert i vernekategori C.

Minne etter tømmerhogst i Norheimsdalen

Norheimsdalen har tidlegare vore bygdeallmenning med bruksrett for bygdefolket, og er omtala i skriftlege kjelder attende til 1600-talet. I 1660-åra var det heile tre sager her, to sjøsager og ei fjellsag, men på 1700-talet stod berre ei av sagene att. Tømmerdrifta har truleg berre vore til eige bruk, og mesteparten av dei eldre husa i Aurland kan vere bygd med tømmer frå Norheimsdalen.

På slutten av 1800-talet oppstod ein tvist mellom staten og heradet om kven som hadde bruks- og eigedomsretten til Norheimsdalen, og i eit skriv sette staten fram krav om at sagbruket skulle rivast, sidan det var ulovleg oppført. Heradsstyret tapte eigedomsretten til allmenningen, men fekk framleis bruksrett.



Utsnitt av Norsk vegkart.

I Norheimsdalen står det att fleire minne etter tømmerhogst, som t.d. tømmerrenner, taubaner, veg, bruer, tømmerkoie, skogsarbeidarbrakke m.v. Dette er kulturminne som det er viktig å få dokumentert, men som i hovudsak kjem utanom SEFRAC-registreringane. Ein vil derfor foreslå at heile området blir spesialregistrert.

Ein reguleringsplan for området er under utarbeiding, og det er forslag både om vern av området, vasskraftutbygging og bruk av skogen. I samband med dette bør ein vurdere utbetring av enkelte kulturminne som t.d. tømmerkoia og skogsarbeiderbrakka.

Kraftverk i Dyrdal

Kraftverket ligg langs Dyrdalselva eit stykke opp for garden Dyrdal, og vart bygd av Anders Kvam i 1923. Huset har eit rom, og er bygd i reisverk med hellelagt tak som nå er tekt med bølgeblekk. Huset er i god stand, og det innvendige maskineriet er framleis intakt. Utanfor kan ein sjå restar av røyrledninga. Kraftverket var i drift til 1963.

Dette er det einaste kraftverket i kommunen der ikkje berre skalet står att. Turbinen skal t.d. vere den einaste av sitt slag i Norge, og vart konstruert spesielt med tanke på den store fallhøgda i Dyrdalselva. Kraftverket har slik både kulturhistorisk og teknisk interesse, og er sett i vernekategori B.

Kommunen bør i første omgang få registrert kraftverket. Vidare kan ein nytte kulturminnet i undervisningssamanheng.

Rasforbygg på Gudvangen


Vegmeister Hammer skriv i 1823 at lufttrykket etter eit ras å motsett side av garden Gudvangen var så sterkt at det var farleg både for husa på garden og for bruene i dalen (Ohnstad 1962, s. 246). For å verne seg mot slike ras vart det bygd høge murar av naturstein framfor husa på garden. Ein veit ikkje om murane vart bygde etter dette raset i 1823 eller seinare, men dei skal vere bygde før hundreårsskiftet.

Frå andre kantar av Vestlandet kjenner ein til vernemurar i naturstein som var sette framfor enkelte av husa på garden, t.d. i gaviveggen, der huset var mest utsett for vær og vind. Vernemurar for eit heilt gardstun er svært spesielt. Vernemuren eller rasforbygget er derfor sett i vernekategori B.

Registrering og dokumentasjon

Bygningsregistrering

Eit stort problem i Aurland er alle bygningane som står til nedfall på grunn av manglande bruk og vedlikehald. Svært mange av husa er så sterkt angripne av husbukk, at det vil bli svært kostbart å setje dei i stand. Ei nøyaktig bygningsregistrering kan i visse tilfelle vere eit alternativ til bevaring. På denne måten får ein sikra viktig dokumentasjon om byggjeskikken i kommunen. I mange tilfelle vil det vere naudsynt med ei meir detaljert og profesjonell registrering enn den som blir utført gjennom kulturminneregistreringa. Kommunen kan t.d. ta kontakt med universitet og høgskular med tanke på at ei slik registrering kan vere ein del av utdanninga til kunsthistorie- og arkitektstudentar.



*Kraftverk, Dyrdal. Inventarbilete.
Foto: Steve Elgåen.*



Rasforbygg framfor garden Gudvangen.

Midje (g.nr. 17, b.nr. 1-3)

Høgdegard i Midjedalen, om lag 440 m.o.h. Dei 11 husa er nokså opphavlege, men mange av dei er svært forfalne. I utmarka finst det bygningar/restar etter bygningar som utløer, smie, kvernhus m.v. Garden blir i dag nytta som støl.

Ytre Lie (g.nr.31, b.nr.1, 5 og 6 og g.nr.34, b.nr.4)

Utskifta først for få år sidan, og tunskipnaden er uendra. Er slik ein parallell til Otternes. Omfattar fire bruk med til saman 21 registrerte objekt. Berre ein av eigarane bur på garden, og fleire av husa er nokså forfalne. Til garden høyrer også fleire utløer og ruinar etter husmannsplassar. På stølen Sele er det m.a. registrert ei kolmile.

Husmannsstove i Undredal (g.nr.51, b.nr.34)

Lafta stovehus med treromsplan og peis i stova. Påbygd sval langs eine langveggen. Huset er ikkje datert, men er truleg frå om lag 1800. Huset står tomt og til nedfall.

Skjerdal (g.nr.1, b.nr.1)

Lafta sauefjøs som skal vere frå slutten av 1600-talet. Dateringa er svært usikker. Fjøset er ikkje i bruk og står til nedfall. Eldste delen av våningshuset skal vere frå same tid. Våningshuset er i bruk og i god stand, men er svært ombygd.

Kvam (g.nr.4, b.nr.8)

Lafta løe som er oppgitt til å vere frå 1700-talet. Enkelte av stökkane skal vere eldre og stamme frå ei gammal kyrkje. Løa er ikkje i bruk, og står til nedfall.

Ås (g.nr.5, b.nr.2 og 3)

På bruk nr. 2 våningshus og kårhus med toromsplan. Kårhuset har ikkje pipe, men berre omnsrøyr. Elles stabbur med open sval, lafta kornturke, stall, fjøs og løe. På bruk nr. 3 våningshus og kårhus med treromsplan og løe. Elles tufter etter husmannsplass. Husa er ikkje datert.

Geisme (g.nr. 42, b.nr. 1)

Nedlagt gardsbruk. Garden skal vere ein av dei eldste i Flåmsdalen, og tradisjonen fortel at det var ein fredlaus som rydda garden. Tunet består av to våningshus, stabbur, eldhus, løe, utløe og to ruinar. Våningshusa har treromsplan, og omnsrøyr i staden for pipe.

Registrering og dokumentasjon av andre typar kulturminne

Ein del kulturminne, særleg tekniske kulturminne, fell som nemnt utanom kulturminneregistreringane på grunn av type og alder. Dette er også kulturminne som ofte blir neglisjert i arbeidet med arealplanar, til fordel for bygningar. Men tekniske kulturminne kan ofte innlemmast i utbyggingsområde, og skape kontinuitet som viser samanhengen med tidlegare slekter og levemåte. Det bør derfor bli utarbeidd fast praksis med å få registrert slike minne i samband med utarbeiding av arealplanar.

Kommunen kan også ta initiativ til å samle inn dokumentasjon om slike minne, t.d. i samarbeid med lag, skular e.l. Under kjem ei liste med døme på ulike typar kulturminne som bør bli dokumenterte nærare:

- Minne etter gamle fiskemetodar som sløstrender og fiskeeskjær
- Minne etter tømmerhogst
- Ferdselsveggar
- Vatningsanlegg
- Vasskraftutnytting

Lause fornminne

Til nå er det registrert meir enn 100 lause fornminne i Aurland: smykke, våpen, reiskap, husgeråd m.v. Det er få funn frå eldre steinalder. Frå yngre steinalder er det gjort fleire funn, m.a. økser, skiferpilar og flintdolkar, men særleg stort er talet ikkje. Bronsealderfunn er generelt sett ikkje så vanlege i Norge, men eit sjeldant funn er gjort i Grimsurdi på sørsida av Vassbygdvatnet. Her er det funne to flate økser og eit lite armband, alle frå eldre bronsealder. Først i jernalderen tek funna til å bli fleire, noko som truleg har samanheng med gravskikken. Her syner m.a. fleire funn Aurland si tilknytning til Irland.

Alle lause fornminne er som sagt automatisk freda, og det er avleveringsplikt til Historisk Museum i Bergen. Det er også her ein finn dei fleste fornminna frå Aurland. Nokre av funna finst ved Oldsaksamlinga ved Universitetet i Oslo og ved Nordiska Museet i Stockholm, men dette er ikkje mange.

Lokale utstillingar

Eit problem når det gjeld dei lause fornminna er at kontakten mellom museet og finnaren, som gjerne har slektstilknytning til fornminnet, ofte blir broten. Ein måte å bøte på dette er at kommunen tar kontakt med Historisk Museum med tanke på utstillingar av fornminne i kommunen.

Informasjon

Kommunen bør få eit oversyn over kva for fornminne som finst ved dei ulike musea. Alle innleverte objekt er registrerte og som oftast fotograferte. Kopiar av dette materialet bør finnast i kommunen. Kulturkontoret har ofte ein viktig formidlingsfunksjon t.d. når det gjeld biletmateriale, og da vil eit slikt oversyn ikkje vere til å unngå.



Pålstavar og arming av bronse funne i Grimsurdi, Vassbygda. Eit av dei få norske funna frå eldre bronsealder som omfattar fleire gjenstandar.

Lause kulturminne frå nyare tid

Lause kulturminne frå nyare tid har som dei faste kulturminna ikkje noko formelt vern. Det er også nokså tilfeldig kva som blir teke vare på, og kva for instansar som tek hand om slike objekt. Historisk Museum i Bergen har t.d. om lag 40 objekt frå Aurland, i hovudsak drakter, gjenstandar og reiskap. Elles er finst det ein del gjenstandar på Sogn Folkemuseum og ein del i kommunal eller privat eige.

Utstillingar og informasjon

Også når det gjeld lause kulturminne frå nyare tid er det eit problem at kommunen ikkje veit kva for gjenstandar som finst ved dei ulike musea. Kommunen bør derfor også her få kopiar av registreringsmaterialet på musea. I tillegg bør ein prøve å få i stand lokale utstillingar med gjenstandsmateriale frå musea.

Registreringar

Berre eit fåtal av gjenstandane i privat eller kommunal eige er registrert. Dette er ein stor mangel, fordi kunnskapen om gjenstandane fort blir borte, og gjenstandane blir flytta ut av sin naturlege samanheng. Kommunen bør derfor prøve å få registrert ein del av desse samlingane. Kulturkontoret har utstyr som

gjer det mogleg å utføre slik registrering, men det må bli sett av ressursar til å gjennomføre ein slik dokumentasjon.

Gjenstandane i kommunal eige omfattar to svært ulike samlingar. Den eine samlinga inneheld gjenstandar, reiskap m.v. frå garden Otternes. Den andre inneheld skomakarutstyr frå ein nedlagd verkstad. Skomakarutstyret, som i dag er lagra i kommunehuset, bør etter registreringa stillast ut på ein høveleg stad. Elles bør kommunen også ta initiativ til å få registrert inventaret i kyrkjene rundt om i kommunen.

Den største private gjenstandssamlinga i kommunen tilhøyrer Aurland Sogelag, og er delvis utstilt i Lensmannsstova på Ohnstad. Det vart utført ei gjenstandsregistrering her i 1970-åra, men alle gjenstandane er ikkje registrert. Elles finst det ei rekkje mindre private samlingar rundt om i kommunen. Ein kan nemne gjenstandar og reiskap frå gards- og stølsdrift, køyrety, båtar, drakter, reiskap frå jernbaneanlegg m.v.

Museum og samlingar

Aurland Bygdetun

Aurland kommune har eit halvoffentleg museum, Aurland Bygdetun eller den såkalla "Lensmannsstova" på Ohnstad. Lensmannsstova vart i 1929 gitt som gåve til Aurland Sogelag frå A/S Aurlandsfallene, og i 1953 vart stova sett i stand. Ei samling gjenstandar etter dikteren Per Sivle, som sogelaget fekk i gåve, vart nå stilt ut i huset, saman med gamle gjenstandar og reiskap som sogelaget hadde samla inn.

I 1982 vart det skipa ei stifting, og Aurland Bygdetun fekk status som halvoffentleg museum med tilsegn om eit årleg tilskot over fylkeskulturbudsjettet. Museet var berre ope for publikum etter avtale med eigar, men sommaren 1989 fekk kulturkontoret i stand faste opningstider og omvisingar i museet. Det vart nå også sett opp skilt ved hovudvegen.

Lensmannsstova er etter kvart blitt for liten til å huse alle gjenstandane til sogelaget, og fleire av dei har heller ingen naturleg plass i samlingane. Dette har ført til at ein del gjenstandar ligg pakka ned. Den museale standarden er eit anna problem. Fleire av gjenstandane burde vore betre sikra, og gjenstandsregistreringane burde vore gjennomgått på ny.

Otternes Bygdetun

Arbeidet med restaurering av Otternestunet har gått føre seg meir eller mindre kontinuerleg sidan 1983, og i 1989 vart tunet opna for publikum med fast omvisingsteneste m.v. Arbeidet har vore leia av Otternesgruppa, eit arbeidsutval som vart nedsett av kulturstyret i 1988. Utvalet fekk ansvar for planlegging og gjennomføring av nye tiltak i tunet. Fagleg rådgjevingsorgan har vore Sogn Folkemuseum.



Lensmannsstova på Ohnstad. I dag det einaste halvoffentlege museet i kommunen.

Det ligg enno ikkje føre konkrete planar for Otternes, utover at tunet skal bli bevart og få ein museal funksjon. Når det gjeld konkrete forslag til vidare bruk av tunet kan ein nemne:

- Levande gardsmuseum med eldre husdyrrasar og driftsformer
- Kunstnarsentrum med verkstader
- Gjenstandsmuseum
- Kulturelt aktivitetssenter
- Leirskule og ekskursjonsmål
- Turistmål

Otternesgruppa har også som mål å arbeide for at tunet får status som halvoffentleg museum, t.d. ved at Otternes inngår som ein del av Aurland Bygdetun, og at det blir oppretta ei stifting for å administrere kommunen sine interesser i tunet.

Arbeidet på Otternes har til nå, med unntak av sjølvne bygningsrestaureringane, i stor grad vore basert på frivillig dugnadsarbeid. Dersom ein skal nå dei måla ein har sett seg med å gjere Otternestunet til eit levande museum, er det likevel naudsynt å setje av ressursar til dette. M.a. er det trong for ein person som kan vere ansvarleg for planlegging og organisering av vidare arbeid. Ei viktig oppgåve er t.d. å utarbeide ein langsiktig plan som tek opp spørsmål om bruk av tun og bygningar, registrering og dokumentasjon, finansiering, organisering, informasjonsarbeid m.v. Dette er oppgåver som kulturkontoret i dag ikkje har kapasitet til, men som det ville vere naturleg å leggje inn under ei kulturvernkonsulentstilling.

Minnesmerke

I den grad det er naudsynt bør kommunen i samarbeid med dei organisasjonane og laga som har ansvaret for minnesmerka, ta på seg pleie av minnesmerka og områda rundt. Dei minnesmerka som finst i kommunen er:

- Bautastein på Flåm, reist til minne om dikteren Per Sivle.
- Bautastein framfor Vangen kyrkje, reist til minne om Absalon Pedersen Bayer.
- Minnetavle på Gudvangen, reist til minne om dei falne under 2. verdskrigen.
- Propell frå estnisk kolbåt som vart senka i Flåm i 1940. Restaurert og sett opp på Fretheim.
- Minnetavle på kyrkjegarden på Østerbø, reist til minne om dei som er gravlagde her.

Andre kulturminne

Synlege materielle kulturminne som gravhaugar, bygningar, vegar og reiskap utgjer berre ein del av det samla kulturminneomgrepet. Like viktig er det å styrke arbeidet med å samle inn muntlege og skriftlege opplysningar om historiske hendingar, arbeidsliv, sed og skikk, folketradisjonar, stadnamn, folkemusikk m.v. Sjølv om det kjem utanfor ramma for denne planen, vil ein likevel nemne to typar immaterielle kulturminne: arkiv og fotografi. Desse er ofte viktige kjelder til kunnskap om t.d. bygningar og bygningsmiljø.

Arkiv

Dei kommunale arkiva er uvurderlege kjelder til kunnskap om utviklinga i ein kommune. Aurland har slutta seg til ei arkivordning som Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har ansvaret for, og har gjennom Fylkesarkivet fått registrert og grovordna dei kommunale arkiva. Arkiva, som inneheld papir, protokollar, saksdokument, korrespondanse o.a. etter den kommunale verksemda er nå forsvarleg lagra i eit arkivrom i kjellaren i kommunehuset. Arkiva er ordna etter arkivskapar, d.v.s. at arkivmateriale frå skuleseksjonen står ein stad, og arkivet frå formannskapet ein annan stad. Innhaldet i kvart enkelt arkiv er listeført. Ei oppgåve i framtida bør vere å få spesifisert desse listene nærare, slik at materialet blir lettare å finne fram i. Kopiar av desse bør vere tilgjengelege på biblioteket.

Også private arkiv kan gi viktige lokalhistoriske opplysningar. Dette kan dreie seg om arkivmateriale etter styret i eit lag eller eit politisk parti, gamle rekneskapsbøker etter ein handelsmann, eller det kan vere ei samling gamle amerikabrev. Det er eigarane som avgjer kva som skal skje med slikt arkivmateriale, men røymsler viser at dei fleste er interessert i at arkiva blir tekne skikkeleg vare på. Ofte blir slikt materiale liggjande fordi eigaren ikkje er klar over at det kan ha allmenn interesse. I første omgang vil det vere ei viktig

oppgåve å få kartlagt kva som finst av privatarkiv i kommunen. Ein måte å gjere dette på vil vere å gå ut til pressa eller nytte seg av spørjeskjema.

Fotografi

Ved å gå ut med spørjeskjema har ein fått eit oversyn over kva som finst av eldre fotografi rundt om i kommunen, men berre om lag 100 av desse er ferdig registrert. Arbeidet er tidkrevjande, og ingen har arbeidd kontinuerleg med registrering. Foto er viktige kjelder som fortel om levekår, arbeidsmiljø, byggeskikk, stil og motar, viktige hendingar m.v., og det er derfor viktig å fullføre dette arbeidet. Eit mål bør vere å byggje opp ei lokal samling som er tilgjengeleg for interesserte. Eit fotoarkiv kan t.d. inngå som ein del av ei lokalhistorisk samling på biblioteket.

9. Forslag til handlingsprogram

Informasjon og haldningsskapande arbeid

Kommunen bør ha som mål å spreie informasjon og kunnskap om kulturminne og vern ved å ta i bruk dei verkemidla som er nemnde i kapittel 3. Eit overordna mål bør vere å gjere kulturminna til ein aktiv ressurs, og ikkje ei hindring, for vekst og utvikling.

Det bør bli sett av midlar og ressursar til ei utbygging av den lokalhistoriske samlinga ved biblioteket.

Kommunen bør i budsjettsamanheng innarbeide tilskot til rettleiingsteneste for bygningssaker.

Juridiske verkemiddel

Kommunen bør knytte vedtekter til dei paragrafane i Plan- og bygningslova som er aktuelle for kulturminnevernet (§§ 74.2, 81 og 93.3.2.).

Administrative verkemiddel

Kulturstyret bør vere kommunen sitt politiske organ i alle saker som vedkjem kulturminna i kommunen, og som ikkje er lagt til andre politiske organ etter lovverket. Kulturkontoret bør vere antikvarisk instans i kommunen.

For å auke kommunen sin kompetanse innan kulturminnevernet bør det bli oppretta ei fast stilling som kulturvernkonsulent ved kulturkontoret. Ei slik stilling er føresetnaden for planlegging og iverksetjing av andre forslag i planen. På sikt bør det også bli tilsett ein arkitekt ved teknisk etat.

Det bør bli fatta vedtak om samarbeidsrutinar for kulturvernsaker mellom teknisk etat og kulturkontoret, slik det er skissert i kapittel 3.

Økonomiske verkemiddel

Rettleiingstenesta i kommunen opprettar samarbeid med rettleiingstenestene i Husbanken og Landbruksbanken.

Ordninga med tilskot til verneverdige hus bør bli halden ved lag. I tillegg bør ein vurdere å ta i bruk verkemiddel som:

1. Opprette ei særskild tilskottsordning for verneverdige bygningar i område som er eller vil bli regulert til spesialområde for bevaring etter Plan- og bygningslova, t.d. ved eit fast utbetringstilskot pr. kvadratmeter.
2. Tildele ein årleg kulturvernpris til enkeltpersonar og organisasjonar som har utført restaureringsarbeid på ein arkitektonisk forsvarleg måte.

Faste fornminne

Tilrettelegging og pleie av utvalde fornminne

Kommunen bør i samråd med Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Historisk Museum arbeide med å tilretteleggje og pleie utvalde faste fornminne. Følgjande fornminne bør bli prioriterte:

- Gravhaugar på Aurland prestegard
- Gravhaugar på Ohnstad
- Gravrøyser på Fronnes
- Gropasteinar og steingard på Veum
- Bautasteinar på Flåm
- Fornminne i Seltuft-Fretheimsdalen
- Fornminne i Gudmedalen.

Regulering til spesialområde

Fornminnefeltet på Fronnes blir regulert til spesialområde for bevaring etter § 25.6 i Plan- og bygningslova.

Registrering

Kommunen bør i budsjettsamanheng sette av midlar til samarbeidsprosjekt med Historisk Museum. Av prioriterte oppgåver kan ein nemne registrering av stølar og fangstanlegg.

Faste kulturminne frå nyare tid

Registrering og dokumentasjon

Kulturminneregistreringa må bli fullført så snart råd. For å få rask tilgang på naudsynte data bør kommunen la seg kople til SEFRAK-databasen.

Kommunen bør på sikt arbeide med for å få registrert/dokumentert kulturminne som på grunn av type eller alder kjem utanom SEFRAK-registreringane, og andre kulturminne som ikkje er tilstrekkeleg dokumentert gjennom desse.

Regulering til spesialområde

Kulturminne i vernekategori A og B bør bli regulerte til spesialområde for bevaring etter § 25.6 i Plan- og bygningslova. Prioriterte område er:

- Aurlandsvungen, nordre kvartal
- Ohnstad
- Bakka
- Loven, t.o.m. bruk nr.12

Restaurering/rehabilitering

Prioriterte restaurerings- og rehabiliteringsobjekt er:

- Sinjarheim
- Kårhus og kvernhus på Tero
- Våningshus og kårhus på Ty
- Naust, b.nr.1 og våningshus, b.nr.5, Bakka
- Vidme
- Anleggsveg og drifteveg i Flåmsdalen.

Lause fornminne

Kommunen må gjennom samarbeid med Historisk Museum arbeide for at lause fornminne kan stillast ut lokalt.

Kommunen bør få best mogleg dokumentasjon om funn frå Aurland, slik at materialet lettare kan bli nytta i kulturhistorisk og pedagogisk samanheng.

Lause kulturminne frå nyare tid

Gjenstandssamlingar i kommunal eige bør bli registrerte. På sikt bør kommunen også prøve å få kartlagt og registrert andre offentlege og private samlingar som er nemnde i kapittel 8.

Museum og samlingar

Organisering av museumsvesenet i Aurland bør greiast ut nærare. Det vil vere naturleg at slike løysingar blir drøfta lokalt i samband med ein samla museum-splan for fylket. I første omgang vil ein derfor tilrå at kommunen konsentrerer seg om restaureringsarbeidet på Otternes Bygdetun, og utarbeider ein langsiktig plan som tek opp spørsmål om bruk av tun og bygningar, registrering og dokumentasjon, finansiering, organisering, informasjonsarbeid m.v.

Minnesmerke

I samarbeid med dei organisasjonane som har ansvar for minnesmerka tek kommunen på seg pleie av minnesmerka og områda omkring i den grad det er naudsynt.

Andre kulturminne

Arbeidet med dei kommunale arkiva bør fortsette, og kommunen bør også prøve å få kartlagt kva som finst av private arkiv.

Fotoregistreringa bør bli fullført, t.d. ved at det blir sett av midlar til eit halvt års kontinuerleg arbeid med registrering.

Appendix

Definisjonar

Antikvarisk	"I besittelse av aldersverdi".
Arkitektonisk verdi	Verdi ved kunstnarleg utforming av bygningar som tilfredsstillar estetiske og praktiske behov i høve til ulike stilepokar.
Bevaring	Ta vare på bygningar utan vesentlege endringar ut over naudsynt bygningsteknisk utbetring.
Bygningsvern	Heilt eller delvis vern, pleie, vedlikehald og brukstilpassing av bygning eller anlegg ut frå ein ressursmessig vurdering. Bygningsvern omfattar bygningar i alle dimensjonar frå enkeltbygningar til mange bygningar i samspel, og i landskapsmessig samanheng.
Fornminne	Kulturminne frå oldtid eller mellomalder, d.v.s. frå før 1537.
Kulturhistorisk verdi	Verdi som gjer historisk forståing av sosiale, kulturelle eller økonomiske livsvilkår i tidlegare tider, så vel i variasjon som i det typiske.
Kulturminne	Faste og lause fornminne og skipsfunn i eller over jorda, sjøbotnen og vassdrag, og arkitektonisk eller kulturhistorisk verdfulle byggverk og anlegg av eitkvart slag.
Kulturminnevern	Ein aktivitet som m.a. tek sikte på å bevare lause og faste kulturminne. Å ta vare på kulturminne som overleveringar til komande generasjonar som lekk i ei kontinuerleg og levande utvikling av miljø og kultur.
Rehabilitering	Istandsetjing av ein bygning for notidig formål, og/eller for å rette opp forsømt vedlikehald, der målet også må vere å bevare mest mogleg av den antikvariske verdien og den arkitektoniske kvaliteten, attvinning av tapt omdømme.
Restaurering	Heil eller delvis tilbakeføring til ein tidlegare tilstand.

Litteraturliste

- Aalholm, O. A. 1976: Om Helga Håreksdatter fra Rike i Setesdal og Lendsmannsætten fra Aurland i Sogn. Agder historielag. Særtrykk. Årsskrift nr. 54 1976.
- Aurland Sogelag 1930: Ymse arkivuppteikningar. Av arkivkonsulent Tank. Skrift nr.1. Balestrand 1930.
- Berg, Arne 1968: Norske gardstun. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Oslo 1947.
- Blom, Gustav Peder 1823: Historisk-antiquariske Anmærkninger paa en Reise i Bergens Stift. Trondhjem 1823.
- Brekke, Nils Georg 1987: Byggeskikk og kulturlandskap. Fortidsvern nr. 3 1987.
- Bøe, Johs. 1947: På jakt etter forhistorien i Aurlandsfjellene. Bergen Turlag Årbok 1947.
- Fretheim, Th. B.: Fretheimsslekten. Slektsregister for Fretheimsslekten. Drammen. Udatert.
- Gunnarson, Th. 1929: Minnetavle og bannlysing i Aurland kirke. Tidsskrift utgjeve av Historielaget for Sogn. Nr.7. Leikanger 1929.
- Hauge, Olav H. 1950: Fjellet kring Uppsæte, Hallingskeid og Finse i eldre tid. Den norske turistforeningens årbok. Oslo 1950.
- Helland, Amund 1901: Topografisk statistisk beskrivelse over Nordre Bergenhus Amt I-II. Norges Land og Folk. Kristiania 1901.
- Holmsen, Andreas 1937: Økonomisk og administrativ historie. Norske bygder IV. Sogn. Bergen 1937.
- Høeg, Fredrik 1947: Om fjellpartiet Nærøydal-Flåmsdal-Brandsetdal. Bergen Turlag Årbok 1947.
- Johnsen, Einar 1974: Jernbaneanlegg og posttransport i Flåmsdalen. Fjell og vidde nr.4 - 1974. Den norske turistforeningens årbok 1974.
- Johnsen, Einar 1983: Aurland Sparebank gjennom 100 år 1883-1983. Aurland 1983.

- Kolderup, Nils H. 1947: Undredalen. Bergen Turlag Årbok 1947.
La Force, A. E og Skjerdal, H.: Otternes og andre gardar i Aurland. Livet slik det arta seg på slutten av 1800-talet. Eit undervisningsopplegg som kan nyttast ned til 4.klasse.
- Neumann, J: Reisebemærkninger. Ms. 5a, Manuskriptsamlingen. Universitetsbiblioteket i Bergen. Udatert.
- Norges statsbaner 1980: Flåmsbana 40 år 1940-1980. Oslo 1980.
- Ohnstad, Anders 1943: Kvar gjekk kong Sverre? Syn og Segn 49. årg. Oslo 1943.
- Ohnstad, Anders 1948: Dei indre fjordbygder i Sogn på veg til pengehusald, tilskot til den økonomiske og sosiale historie i det 19de hundreåret (1820-1910). Omleggjing av næringslivet. Tidsskrift utgjeve av historielaget for Sogn. Nr.13 1948.
- Ohnstad, Anders 1958: Arkivet i marki. Tidsskrift utgjeve av Historielaget for Sogn Nr. 19. Leikanger 1958.
- Ohnstad, Anders 1961: Varebyte og handel i seinmillomalderen. Tidsskrift utgjeve av historielaget for Sogn. Nr. 20 1961.
- Ohnstad, Anders 1973: Fire bygdelag kring ein fjellmarknad. Varebyte og handel. Gamalt frå Voss. Hefte V. Voss 1973.
- Ohnstad, Anders 1973: Kunstig vatning i Indre Sogn. Tidsskrift utgjeve av Historielaget for Sogn Nr. 24. Leikanger 1973.
- Ohnstad, Anders 1974: Fjellheimen kring Grindaflatene. Fjell og vidde nr.4. Den norske turistforeningens årbok 1974.
- Ohnstad, Anders 1974: Kong Sverre si fjellferd i 1177. Fjell og vidde nr.4. Den norske turistforeningens årbok 1974.
- Ohnstad, Anders 1982: Glimt frå arbeidslivet i det 20. hundreåret. Handverk som yrke og attåtning. Årbok for Sogn Nr. 28. Leikanger 1982.
- Ohnstad, Anders 1983: Fiske i fjord og elv i Aurland. Årbok for Sogn Nr. 29. Leikanger 1983.
- Ohnstad, Anders 1983: Vangen kyrkje. Vangskyrkja i Aurland. Kyrkje og kristenliv. Jubileumsskrift. Voss 1983.
- Ohnstad, Anders 1988: Båten og Fjorden. I Jul i Sogn. Utgjeve av Sogn Ungdomslag. Leikanger 1988.

- Ohnstad, Anders og
Gjerløw, Anna 1964: Ættebok for Aurland fram til omlag 1900.
Bergen 1964.
- Ohnstad, Åsmund 1985: Utvandringa til Amerika frå Aurland 1844-1875.
Hovedoppgave ved Universitetet i Bergen 1985.
- Rygh, O. 1919: Gaardnavne i Nordre Bergenhus Amt.
Kristiania 1919.
- Tyssen, Asbjørn 1985: Utmarka - produksjonsstad og byggeplass. Stølar i
Midtre og Indre Sogn. Årbok for Sogn Nr. 31.
Bergen 1985.
- Vold, Svein V. 1985: Gard og tun. Årbok for Sogn Nr. 31.
Bergen 1985.

Oversikt over utførte registreringar

Ligg føre enten som kartotek/arkivmateriale eller i bokform.

- Antikvarisk Oppmålingskartotek: Inneheld eit oversyn over Riksantikvaren sine oppmålingar av i hovudsak freda bygningar og kyrkjer. Kopiar finst hjå Fylkeskonservatoren.
- Clementsens, Morten 1988: Sinjarheim. En fjellgård i Aurlandsdalen. Skjøtsel av et historisk kulturlandskap. Institutt for landskapsarkitektur ved Norges landbrukshøgskole. Ås 1988.
- Clementsens, Morten og Sunde, Alf 1986: Otternes. Eit kulturlandskap. Studentoppgave ved Institutt for Landskapsarkitektur ved Norges landbrukshøgskule. Ås 1986.
- Fett, Per 1954: Førhistoriske minne i Sogn. Aurland Prestegjeld. Bergen 1954.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1976: Vernekatalog nr. 10: Aurland. Hermannsverk 1976.
- GAB. Grunneigedom, Adresse, Bygning.
- Gustavsen, Lill 1982: Arkeologiske registreringer i Flåms- og Undredalsvassdraget. Verneplan for vassdrag - 10 års vernede vassdrag. Arkeologiske rapporter 2. Historisk Museum, Universitet i Bergen 1982.
- Historisk Museum 1971: Arkeologiske undersøkelser 1971 ved Aurlandsvassdraget, Sogn og Fjordane og Buskerud, og Holsvassdraget / utført av De arkeologiske museers registreringstjeneste. - Bergen: Historisk Museum, Universitetet i Bergen: Oslo: Universitetets Oldsakssamling, (1971). Stensil.
- Historisk Museum 1981: Registreringer i Flåmsvassdraget (høyfjellet) 1981. Ved Svein Indrelid. Historisk Museum, Universitet i Bergen 1981.
- Indrelid, Svein 1968: Befaring på Seltuftøyri, øvre del av Flåmsvassdraget. Topografisk arkiv, Historisk Museum, Universitetet i Bergen 1968.
- Indrelid, Svein 1977: Rapport om Topografisk Arkeologisk registrering for det økonomiske kartverket i Aurland kommune, Sogn og Fjordane. 1977.

- Indrelid, Svein 1988: The Farming System and its History in the Flåm Valley, Western Norway, i The Cultural Landscape. Past, Present and Future. Edited by Hilary H. Birks, H. J. B. Birks, Peter Emil Kaland og Dagfinn Moe. Cambridge 1988.
- Indrelid, Svein 1988: Jernalderfunn i Flåmsfjella. Arkeologiske data og kulturhistorisk tolkning. Festskrift til Anders Hagen. Arkeologiske Skrifter fra Historisk Museum. No.4 - 1988. Bergen.
- Indrelid, Svein 1988: Kraftlinjetrase Aurland I - Hol I. Innberetning fra arkeologisk registrering 1987. Historisk Museum, Universitetet i Bergen 1988.
- Magnus, B. og Myhre, B. 1971: Innberetning. Befaring på Grimsete stølsområde tilhørende gården Loven i Aurland, 1. oktober 1971. Topografisk arkiv, Historisk Museum, Universitetet i Bergen 1971.
- NOU 1983:43. Kulturminner og vassdragsvern. Oslo 1983.
- Prescott, Chr. 1989: De arkeologiske undersøkelser i Aurland, Sogn og Fjordane 1988. Historisk Museum, Universitetet i Bergen 1989.
- Rognes, K. 1966: Arkeologiske undersøkelser 1966 ved Aurland pgd Sogn og Fjordane og Hol pgd Buskerud.
- SEFRAK Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Norge. Registrering av bygningar reist før århundreskiftet. Registreringa byrja i 1982, men er ikkje avslutta. Materialet er finst hjå Fylkeskonservatoren, med kopiar på Kulturkontoret i kommunen.
- Tyssen, Asbjørn 1980: Registrerte kulturminne i Flåmsvassdraget. Riksantikvaren. Arkiveksemplar.
- Tyssen, Asbjørn 1980: Registrerte kulturminne i Undredalsvassdraget. Riksantikvaren. Arkiveksemplar.
- Tyssen, Asbjørn 1980: Registrerte kulturminne i Vossovassdraget. Riksantikvaren. Arkiveksemplar.

Andre kjelder

Statsarkivet i Bergen

Pantebøkene etter sorenskrivaren i Ytre Sogn gir m.a. informasjon om utskifting og eigedomsgrenser, medan branntakstprotokollane for Aurland lensmannsdistrikt inneheld informasjon om sjølve bygningane.

Jordskiftearkivet på Ås

Alt av utskiftingskart frå Aurland finst her.

Norsk Folkemuseum

M.a. oppmålingsteikningar av Arne Berg frå 1950-åra.

Fotosamlingar

Fotografi frå Aurland er samla ved fleire institusjonar. Ein kan t.d. nemne Universitetsbiblioteka i Bergen og Oslo, Historisk Museum, Jernbanemuseet på Hamar m.v.

Lover, praktiske brosjyrar og aktuelle kontaktorgan

Lover

Lov om kulturminner

1. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.
2. NOU 1982:36. Kulturminnevernet.
3. St.meld. nr. 39/1986-87: Bygnings- og fornminnevernet.
4. Miljøverndepartementet: Rundskriv - nye forskrifter til kulturminneloven om faglig ansvarsområde m.v. - delegasjon. Rundskriv T-6/89.

Plan- og bygningslova

1. Plan og bygningslov av 14 juni 1985, nr. 77. Ajourført med endringer senest 21.april 1989.
2. Reguleringsplan - Bebyggelsesplan. Etter ny plan og bygningslov. Miljøverndepartementet, Planavdelingen.
3. Arealdelen i kommuneplanen. Etter ny plan og bygningslov. Norske kommuners sentralforbund og Miljøverndepartementet.
4. Rundskriv fra Kommunal- og arbeidsdepartementet. Veiledning om bruken av Plan- og bygningslovens bestemmelser om bebyggelsens utseende - særlig Plan- og bygningslovens paragraf 74, nr.2. H-20/89 av 15 juni 1989.

Om låne- og tilskotsordningar

1. Ved teknisk etat, Aurland: "Orientering om Husbankens lån og tilskot til utbetring av eldre hus."
2. Offentlige lån og tilskott til forbedring av hus og nærmiljø. Utgitt av Fortidsminneforeningen og Norsk Kulturråd.

Praktiske brosjyrar

Fortidsminneforeningen har gitt ut fleire nyttige brosjyrar om vedlikehald og restaurering av eldre hus. Desse kan tingast gjennom Fortidsminneforeningen, Dronningensgt. 11, Oslo 1, tlf. (02) 42 27 32.

1. Gode råd om vinduer i eldre hus.
2. Gode råd om yttervegger i eldre hus.
3. Gode råd om gamle maleteknikker.
4. Gode råd om tak på eldre hus.
5. Tapeter i Norge.
6. Offentlig lån og tilskudd til forbedring av hus og nærmiljø

Riksantikvaren har gitt ut nokre brosjyrar med meir generell informasjon om bygningsvern i serien "Informasjon fra Riksantikvaren".

1. Å eie et fredet hus.
2. Vedlikehold av fredete og bevaringsverdige bygninger.
3. Kulturminner fra nyere tid: Verneverdi og utvelgelseskriterier.

Generell litteratur om kulturminnevern

Parker, Marjorie : Vern om faste kulturminner. Oslo 1980.

Drange, Tore,
Aanesen, Hans Olav
og Brønne, Jon : Gamle trehus. Reparasjon og vedlikehold.
Oslo 1980.

Johnsen, Yngvar : Vern av kulturminner i Norge. En håndbok for kommunale administrasjoner. Oslo 1986.

Fortidsvern. Medlemsplan for Foreningen til norske Fortidsminnesmerkens Bevaring. Oslo.

Aktuelle kontaktorgan

Når kommunen står framfor ei praktisk planoppgåve kan det vere fornuftig å ta kontakt med kommunnar, organisasjonar, privatpraktiserande arkitektar og andre som har gjennomført liknande oppgåver. Kontaktorgana er:

1. Riksantikvaren.
2. Fylkeskonservatoren i Sogn og Fjordane.
3. Fortidsminneforeningen Bergen.
4. Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane.
5. Historisk Museum ved Universitetet i Bergen.
6. Norske Arkitekters Landsforbund.
7. Norsk kommunalteknisk Forening.
8. Norske Kommuners Sentralforbund.
9. Norsk veimuseum.


Periodeinndeling i forhistorisk tid

1537	Nyare tid	Historisk tid
	Mellomalder	
1030	Vikingtid	Yngre jernalder
	Merovingertid	
800	Folkevandringstid	Eldre jernalder
	Romartid	
550	Før-romarsk jernalder	Steinbrukende alder
	Bronsealder	
400	Yngre steinalder	Eldre steinalder
	Eldre steinalder	
Kr.f.	Siste istid	
500 f.kr.		
1 800 f.kr.		
3 700 f.kr.		
8 000 f.kr.		


Stilhistorisk forklaring

Barokk	1700-	Dei fleste husa upanelte med dør og vindaugeomrammingar i kraftig materiale. Småruta vindaug der kvart fag har to eller tre ruter i breidda. Labankdører, ofte todelte og med fiskebeinsmønster.
Lous seize	1780-1810	Panelte hus. Listverk rundt dører og vindaug er ofte rifla. Typisk dekor er tannsnittprofilar og rosetter. Vindauga blir større, og kvart fag er delt inn i seks eller åtte ruter. Dører med overlysvindaug.
Empire	1810-1870	Bygningskroppen er rektangulær med symmetrisk fasade og grunnplan. Enkel dekor og horisontale linjer. Vindauga har ofte tre eller seks ruter i kvar av dei to faga.
Sveitserstil	1870-1925	Husa er ofte bygde i ei og ei halv høgd og har stort utoverhengande tak og arkutbygg. Bygningskroppen er høg og kupisk. Verandaer, gavlar og gesimsar er rikt utsmykka. Karakteristisk er også krysspostvindauga.
Dragestil	1890-1910	Framfor alt hotellarkitekturen på Vestlandet. Ein blandingsstil med trekk frå m.a. eldre laftehus, sveitserstil og stavkyrkjearkitekturen. Karakteristiske trekk er takutstikkarar og gavlspissar dekorerte med dragehovud og spir.
Jugend/nyklassisisme	1910-1935	Nasjonalromantisk retning innan arkitekturen. Førebilete henta frå m.a. empiren. Husa er ofte bygde i halvannan høgd, har ark på framsida og brote tak. Fasaden er symmetrisk og vindauga ofte jugendinspirert med det øvste partiet delt inn i små ruter.
Funksjonalisme	1930-1960	Karakteristiske trekk er ein kvadratisk bygningskropp, et heilvalma flatt tak og vindaug i hjørna.


Kartbilag




Oversiktskart over Aurland kommune.
Nedfotografering av Norsk vegkart.




Aurlandsfjorden. Nedfotografert utsnitt frå Topografisk kart.
Målestokk 1:70 000.




Aurlandsdalen. Nedfotografert utsnitt frå Topografisk kart.
Målestokk 1:70 000.



Nærøysfjorden. Nedfotografert utsnitt frå Topografisk kart.
 Målestokk 1:70 000.



Flåmsdalen. Nedfotografert utsnitt frå Topografisk kart.
Målestokk 1:70 000.



Myrdal. Nedfotografert utsnitt frå Topografisk kart.
Målestokk 1:70 000.

Indeks

Aldersheimen	52
Almen	52, 79, 98
Arnahus	36, 88
Aurland Bygdetun	123, 124
Aurlandsdalen	32, 38, 52, 76, 79, 98
Aurlandsvangen	10, 32, 33, 35, 36, 38, 49, 51, 53, 59, 60, 81-86, 94
Aurlandsvassdraget	54, 79
Bakka	29, 35, 38, 41, 46, 49, 78, 90-92, 112
Bell	37
Belle, Vassbygda	44
Berdalen	74, 75
Berekvam	38, 44, 54, 78, 114, 117
Bleiklindi	52, 111, 112
Blomheller	116, 117
Brekke	29, 31, 42, 76, 78, 100, 101, 108, 109
Bruabrekko	68
Bruhallaotni	73
Bygningsrådet	14, 23, 27, 51
Dalen	33, 38, 54, 63, 72, 73, 78, 79, 81, 100, 103, 105, 114, 118
Dalsbotn	29, 37, 66, 67, 78, 110, 111
Det økonomiske kartverket	54
Dyrdal	29, 33, 36-38, 77, 78, 90, 118, 119
Finnabuedn	69, 70
Flåm	28-30, 32, 33, 37-39, 41, 43, 49, 52, 54, 66, 78, 100-103, 109, 110, 112, 125
Flåmsdalen	30, 67, 71, 76, 78, 79, 103, 106, 112-115, 120
Flåmsvassdraget	54, 69
Folkvang	52
Fortidsminneforeningen	23, 24, 52
Fossane	28, 74
Fossheim	37, 94
Fotland	30
Frambøgarden	43, 97, 98
Fretheim	29, 30, 32, 33, 35, 36, 62, 66, 78, 109, 110, 112, 125
Fretheimsdalen	69-71
Fronnes	62, 63
Fylkesarkivet	125
Fylkeskommunen	17-20, 22, 24, 52, 58
Fylkeskonservatoren	18, 20, 22, 23, 27, 51
GAB	27
Geisme	120
Glomseter	105
Gravhalsen	28
Grimsete	47
Grimsurdi	121, 122
Gudmedalen	30, 71-73, 106
Gudvangen	29, 35, 36, 38, 68, 78, 88-90, 112, 118, 119, 125
Hareina	117
Hatlebergurdi	60

Heimdal	37
Hemri	29, 67, 68
Historisk Museum	10, 15, 20, 25, 28, 31, 36, 54, 59, 65, 66, 70-73, 75, 89, 115, 121, 122
Holmostølen	68
Husbanken	17, 18
Høgabru	114
Høydal	29, 41, 50, 51, 105
Kaffihaugen	60
Kjofossen	37, 78
Kleven	114
Klovefjell	28, 74, 75
Knukaneset	52
Kultur- og vitskapsdepartementet	20
Kulturminnefondet	17
Kulturstyre	18, 22, 27, 51, 123
Kvam	29, 33, 45, 105, 118, 120
Kvammadalen	48, 105, 106
Kvaolahaugen	63-65
Kvaøledn	64
Landbruksbanken	17
Langavatn	74
Leinafossen	37
Leite	115
Lensmannsstova	61, 81, 123, 124
Li	45
Lov om kulturminner	13-16, 18-20, 23, 24, 49, 50, 55, 76
Lov om naturvern	13, 16, 52
Loven	29, 33, 37, 43, 95-97, 108
Lunde	94
Lunden	33, 66
Melhus	37, 40, 78
Midje	63, 120
Miljøverndepartementet	17, 19, 20, 22
Myrdal	36, 38, 54, 112-115, 117
Nedbergo	40, 103-105
Nedre Bjørgo	45
Nedre Brekke	100, 101
Norheimsdalen	37, 39, 47, 101, 103, 117
Norsk kulturfond	17, 20
Norsk kulturråd	17, 20
Nyheim	94, 106, 107
Nærøy	38, 54, 67, 90
Nærøydalen	88
Nærøyfjorden	35, 37, 52, 68, 76-79, 88, 90
Ohnstad	29, 32, 33, 35, 36, 41, 54, 61, 62, 79-81, 118, 123, 124
Ospehaugen	60
Otternes	29, 41, 43, 45, 52, 62, 99, 100, 120, 123, 124
Plan- og bygningslova	11, 13, 14, 16, 23, 24, 26, 50, 51, 55, 62, 76
Prestegarden	29, 32, 33, 38, 58, 60, 94, 95, 106
Rausmedalen	74, 75
Reinungavatnet	114

Riksantikvaren	9, 17, 19, 20, 22, 27
Rygg	33, 59, 60
Ryggjakyrkja	60
Ryggvedlhaug	30, 69
SEFRAK	20, 21, 25, 27, 54, 76, 117
Seltuft	30, 69-71, 114
Seltuftberget	115, 116
Seltuftøyri	30, 69
Sinjarheim	39, 52, 79, 97, 98
Skaim	29, 31, 32, 37, 53
Skaimshagen	53
Skalmenes	52
Skinnarviki	86
Skjerdal	37, 41, 43, 54, 92, 120
Skjerpi	29, 68
Sogelaget	123
Sogn Jord og Hagebruksskule	58, 94
Sogn Folkemuseum	24, 41, 122, 123
Solhaug	108, 110
Statens museumsråd	20
Statens kulturminneråd	20
Stundalen	32, 46, 53
Styvi	29, 41, 52, 68, 78, 111, 112
Tero	29, 37, 41, 43, 107, 108
Tinghaugen	61
Tuft	32, 68, 106
Tunshelle	37, 78
Turli	105
Ty	41, 60, 92, 93, 105
Undredal	35, 37, 38, 47, 51, 54, 79, 86-88, 103, 120
Undredalsvassdraga	54
Upsete	30, 108, 117
Vangen Motell	53, 81, 84
Vargebotn	25, 28
Vassbygda	35, 38, 44, 54, 63, 64, 79, 81, 108, 110, 111, 122
Vassdragsregistrering	54
Vassete	32
Vatnahalsen	114
Veim	33
Vestredalen	54, 73, 74
Veum	29, 30, 33, 63, 64
Vidme	30, 39, 41, 78, 103, 104
Vinjum	29, 31-33
Vossovassdraget	54
Ytre Lie	120
Østerbø	32, 38, 49, 125
Øvre Brekke	100, 101
Øvre Grøndalsvatn	32
Øyestølen	30
Åbelheim	49, 50, 79, 84
Ås	45, 120

